

SUBSTANTIV	2
Særnamn og samnamn	2
Kjønn	4
Eintal og fleirtal	6
Ubestemt og bestemt form	9
Oppsummering av substantivbøying	13
Uteljelege substantiv	16
Samansette substantiv	19
Genitiv	22
Bruk av ordbok eller ordliste	23

SUBSTANTIV

Alt har eit namn. Desse namna plasserer vi i ordklassa **substantiv**.
Substantiv er namn på personar, stader, dyr og ting. Substantiva blir også kalla namnord.

Konkrete substantiv er namn på det vi kan sjå eller ta på, f.eks. hest, eple, mor
Abstrakte substantiv er namn på noko vi ikkje kan sjå eller ta på, f.eks. tid, helse, tanke

1

Skriv ned fem konkrete og fem abstrakte substantiv.

_____	_____
_____	_____
_____	_____
_____	_____
_____	_____

Særnamn og samnamn

Særnamn kan vere namn på ein bestemt person: **Carmen**, eit bestemt land: **Noreg** eller ei bestemt gate: **Storgata**.
Desse substantiva kallar vi for **særnamn**.
Vi skriv dei med stor forbokstav.

Samnamn er namn på mange av den same sorten: Både Noreg, Cuba og Russland er **land**, og både Carmen, Irina og Luisa er **kvinner**.



Katt er eit **samnamn**. Alle kattar kan vi kalle katt.
Men Prikken er namnet på ein bestemt katt.
Prikken er eit særnamn.

2

Fyll ut.

Kva heiter du? _____

Har du sysken? Kva heiter dei? _____

Kvar kjem du frå? _____

Kvar bur du? _____

Kva er adressa di? _____

Kva kommune bur du i? _____

Kva fylke bur du i? _____

Kva heiter læraren din? _____

Kva heiter skulen du går på? _____

Nokre substantiv fortel kva land ein person kjem frå: **tyskar, nordmann, kubanar, europear.**

Dei skriv vi med liten bokstav.

Namn på månader: **juni, juli, august**, og dagar: **måndag, tysdag, onsdag**, skriv vi også med liten bokstav.

3

Spør dei andre i klassa:**Kvar kjem du frå?**

Arne er nordmann.

_____ er _____.

_____ er _____.

_____ er _____.

_____ er _____.

_____ er _____.

_____ er _____.

_____ er _____.

_____ er _____.

Kva måned fyller du år?

Han fyller år i juni.

_____ fyller år _____.

_____ fyller år _____.

_____ fyller år _____.

_____ fyller år _____.

_____ fyller år _____.

_____ fyller år _____.

_____ fyller år _____.

_____ fyller år _____.

4

Set strek under alle substantiva under. Skal det vere stor eller liten forbokstav?

Eg kjenner ei kvinne. Ho heiter carmen og kjem frå cuba. På cuba budde ho i hovudstaden, havanna. Ho kom til noreg i juni 2004. Det var ein tysdag morgon. Ho hugsar det godt. Ho kom saman med dei to borna sine. No bur ho på flø i ulstein.

Kjønn

Substantiva på norsk har tre kjønn: **hokjønn**, **hankjønn** og **inkjekjønn**.

Vi set **ei** framfor hokjønnsord, **ein** framfor hankjønnsord og **eit** framfor inkjekjønnsord.

Ei, **ein** og **eit** kallar vi for **artiklar**. Vi kan ikkje sjå av substantivet kva kjønn det er. Derfor er det ein god regel å lære artikkelen saman med substantivet.

Hokjønn: ei jente, ei bok, ei jakke, ei sol

Hankjønn: ein gut, ein skule, ein lærar, ein bil

Inkjekjønn: eit barn, eit hus, eit land, eit eple

5

Set inn ei, ein eller eit.

Hei! Eg heiter Arne. Eg er gift med Carmen. Ho har _____ son, og _____ dotter. Sonen heiter Leo, og dottera heiter Luisa. Dei kjem frå _____ land i Latin-Amerika som heiter Cuba. På Cuba budde dei i Havanna. Havanna er _____ stor by. Carmen arbeidde på _____ sjukehus i sentrum. Leo gjekk på _____ stor barneskule utanfor byen, men Luisa gjekk på _____ vidaregåande skule inne i byen.

I Noreg bur vi i _____ lita bygd. Vi bur i _____ gult hus. Det ligg utanfor sentrum. No er eg i _____ fin blomebutikk. Eg skal kjøpe _____ stor blomebukett til kona mi, Carmen. Ho blir 40 år i dag. Barna har laga _____ fin gåve til Carmen. Vi skal feire dagen saman med vener. Carmen har laga _____ god kake.

Eintal og fleirtal



Leo har **ein** mobiltelefon.



Luisa har **to** mobiltelefonar.

Når eit ord fortel om **éin** ting, står ordet i **eintal**.

Når eit ord fortel om **fleire** av den same tingen, står det i **fleirtal**.

I fleirtal endrar substantivet seg:

Hokjønnsord får endinga **-er**.

Hankjønnsord får endinga **-ar**.

Inkjekjønnsorda får inga ending.

	Eintal	Fleirtal
Hokjønn	ei jente	to jenter
Hankjønn	ein gut	to gutar
Inkjekjønn	eit eple	to eple

Vi må alltid bruke fleirtal etter talord: **to**, **tre**, **fire**, og etter ord som **mange**, **nokre**, **alle**.

7

Set inn substantiv i fleirtal.

- eit språk Han kan snakke tre _____.
- ein gut Han har to _____.
- ei jente Det er tre _____ i familien vår.
- ein iranar Det bur tre _____ i huset.
- eit hus Ho eig mange _____.
- ein elev Det er mange _____ på skulen.

ei krone	Norskboka kostar hundre _____.
ein datamaskin	Eg har kjøpt meg to nye _____.
eit land	Elevane kjem frå mange _____.
ein flyktning	Fire nye _____ skal flytte til bygda vår.
ein asylsøkjjar	Vi har to _____ i klassa vår.
ei kake	Arne baker tre store _____.
eit troll	I skogen bur det mange _____.

8

I ei norskklassa er det tre elevar frå Iran, to frå Irak, fire frå Afghanistan, to frå Somalia, tre frå Tyskland og fem frå Thailand. Fortel om elevane i denne klassa. Det er tre iranarar i klassa.

Korleis er det i klassa di?

9

Eintal eller fleirtal? Set inn rett form av substantiva.

- jente Ei _____ frå Cuba og mange _____ frå Russland skal gå på kurs.
- krone Ho har berre ei _____, men sjokoladen kostar ti _____.
- land Nokre _____ har mange store byar, men i eit _____ i Europa, Island, er det berre små byar.
- gut Mange _____ liker å spele fotball. Men eg kjenner ein _____ frå Volda. Han liker handball best.
- eple Eit raudt _____ og mange grønne _____ ligg på fatet.
- mobiltelefon Eg har kjøpt ein ny _____ . Per har mange _____ .
- seng Det stod ei _____ på det eine rommet. På det andre rommet stod det mange _____ .
- bygd Ei _____ er oftast mindre enn ein by. Men nokre _____ er store.
- elev Ein _____ må gjere lekser kvar dag. Det må alle _____ .
- hus Mange _____ er kvite, men eitt _____ er raudt.
- dyr Det finst mange ville _____ i Noreg, men her i Ørsta har eg sett berre eitt vilt _____ .

10

Kva heiter dei utheva orda i eintal?**Artikkel****Substantiv**

Det ligg mange **båtar** i hamna.

Ser du mange **gutar** her?

Det er mange høge **fjell** på Vestlandet.

Vi må ha fleire **teppe** i stova.

Ho kjøpte to **kåper** på sal.

Familien har berre to **senger**.

Leo knuste tre **glas**.

Vi treng fleire **oppgåver**.

Det er to **tyskarar** i klassa.

Ubestemt og bestemt form

Bestemt form eintal

Vi får bestemt form **eintal** av substantivet ved å leggje til desse endingane:

Hokjønnsord får endinga **-a**.

Hankjønnsord får endinga **-en**.

Inkjekjønnsord får endinga **-et**.

		Eintal	
		ubestemt form	bestemt form
Hokjønn	ei dør		døra
	ei jente		jenta
Hankjønn	ein gut		guten
	ein konge		kongen
Inkjekjønn	eit hus		huset
	eit bilete		biletet

Merk! Vi får ikkje trykklett **e** i slutten av ordet når vi legg til ending, f.eks. jente– jenta

11

Set inn substantiv i bestemt form eintal.

- eit viskelêr Kan eg låne _____ ditt?
- ei norskbok Kven har gløymt _____ si?
- ein vikar I dag kjem den nye _____.
- ei tavle Læraren skriv mykje på _____.
- eit krit Læraren finn ikkje _____.
- ein penn Denne _____ er min.
- ein lærar I dag er _____ sjuk.
- ei dør Kan du late att _____?
- eit bibliotek Elevane skal gå på _____ og låne bøker.
- ein pause I _____ snakka elevane berre norsk.
- ein pult Per sit ved _____ sin og les i norskboka.
- eit bilete På veggeng heng _____ av klassa.
- ei lampe _____ står på bordet.

Bestemt form fleirtal

Vi får bestemt form **fleirtal** av substantivet ved å leggje til desse endingane:

Hokjønnsord får endinga **-ene**.

Hankjønnsord får endinga **-ane**.

Inkjekjønnsorda får endinga **-a**.

	Eintal	Fleirtal	
	ubestemt form	ubestemt form	bestemt form
Hokjønn	ei dør	dører	dørene
	ei jente	jenter	jentene
Hankjønn	ein gut	gutar	gutane
	ein konge	kongar	kongane
Inkjekjønn	eit hus	hus	husa
	eit bilete	bilete	bileta

Merk! Vi får ikkje trykklett **e** i slutten av ordet når vi legg til ending, f.eks. jente – jenter

12**Gjenta setningane med substantivet i bestemt form fleirtal.**

Studenten kjem frå Cuba. _____

Læraren underviser i norsk. _____

Kan du lukke vindaugget? _____

Jenta liker å sparke fotball. _____

Dette er veninna til Luisa. _____

13**Gjer om substantiva til bestemt form eintal eller bestemt form fleirtal.**

ei adresse Skriv _____ di her!

adresser Læraren vil ha alle _____.

ei lekse Kva er _____ til i morgon?

lekser Luisa vil gjere _____ i helga.

ein elev _____ synest norsk er eit enkelt språk.

elevar Vi har snakka med mange av _____.

ein lærar Eleven fekk hjelp av _____.

lærarar Nokre av _____ hjelper oss med leksene.

eit hus _____ er gult med kvite vindauge.
 hus Alle _____ i gata vår er brune og raude.

Bruk av ubestemt og bestemt form

Vi bruker **bestemt form** når den vi snakkar til, kan forstå kva vi snakkar om:

Har du gjort lekse di? (Vi veit at du har lekse.)
 Eg skal til legen i dag. (Legen har ei kjend rolle.)
 Eg må ta ut pengar i banken. (Banken er ein kjend institusjon.)

Første gongen vi fortel om noko nytt, bruker vi **ubestemt form**. Etterpå må vi bruke **bestemt form**. Då veit tilhøraren kva vi snakkar om:

”Det var ein gong **ein konge** som hadde tre **søner**. Kongen og sønene budde i **eit slott**. Slottet var stort og fint.”

14

Set inn desse orda i bestemt form: *hage, konge, lærar, skule*

Skal vi på skulen i morgon? Vi må spørje _____.
 Kven er det som bur på slottet i Oslo? Det er _____.
 Alle barn mellom seks og femten år må gå på _____.
 Det er fint og varmt ute i dag. Skal vi ete i _____?

15

Set inn substantiv som passar i rett form.

Det kom ein ny elev i klassa i dag. _____ heiter Luisa. Ho er frå Cuba. Det er tre _____ frå Spania i klassa. _____ frå Spania må kjøpe bøker. _____ er på norsk. Dei må kjøpe _____ i ein bokhandel. _____ i Ålesund ligg i sentrum.

16

Set inn substantiva i rett form: *ein hund, ein katt, eit hus, ein gut*

Ein sint hund sprang etter ein liten katt. Men _____ sprang svært fort, så _____ nådde han ikkje. _____ fekk tid til å gøyme seg i eit hus. I _____ budde det ein gut. _____ stengde døra, og _____ stod igjen ute.

Det kan vere vanskeleg å vite om eit substantiv skal stå i bestemt eller ubestemt form. Ofte kan vi sjå det av orda som står saman med substantivet:

Ubestemt form	Bestemt form
ei bok	den dyre boka
mi bok	boka mi
Leos bok	boka til Leo
to bøker	to av bøkene
mange bøker	mange av bøkene
nokre bøker	nokre av bøkene

Ordet som viser kven si bok det er, står **framfor** substantivet. Då får substantivet **ubestemt form**: Leos **bok**.

Ordet som viser kven si bok det er, står **etter** substantivet. Då får det **bestemt form**: boka til Leo.

Merk! Når vi har preposisjonen **av** etter talord og ord som **mange**, **alle** og **nokre**, får substantivet **bestemt form**: nokre av bøkene.

17

Set inn substantiva i rett form.

- sykkel Er dette din eller min _____? Nei, dette er ikkje _____ min.
Eg trur det er Leos _____.
- eple Eg kjøpte mange _____ i butikken. Men nokre av _____ var sure.
- jente Fem av _____ i klassa mi liker å danse. Men nokre _____ liker ikkje å danse.
- kone Du må helse på _____ mi. Mi _____ heiter Carmen.
- mann Arne er _____ til Carmen. Carmen seier: " _____ til Irina kjem frå Russland, men min _____ kjem frå Noreg."

18

Set inn substantiva i rett form: (1) = *eit troll* (2) = *eit fjell*

Trolla som kunne teie.

Det var ein gong tre (1) _____. Dei budde på kvart sitt (2) _____.
(1) _____ var så gamle at det grodde mose og voks skog på dei. Ein dag vart det ein del ståk og bråk på (2) _____. "Kva er det?", sa det eine

(1) _____. Så gjekk det hundre år. "Det var ein katt som mjaua", sa det andre (1) _____. Så gjekk det hundre år til. "Blir det for mykje snakk her, så flyttar eg!", sa det tredje (1) _____.

Oppsummering av substantivbøying

Vanleg bøying av substantiv:

Hokjønn			
eintal		fleirtal	
ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
1. ei jente	jenta	jenter	jentene
2. ei dronning	dronninga	dronningar	dronningane
3. ei skulder	skuldra	skuldrer	skuldrene

1. Regelrett bøying. Dei fleste hokjønnsord blir bøygde slik.
2. Ord som endar på -ing, får -ar og -ane i fleirtal.
3. Ord som endar på -er eller -en, får samandraging.

Hankjønn			
eintal		fleirtal	
ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
1. ein gut	guten	gutar	gutane
2. ein søknad	søknaden	søknader	søknadene
3. ein paprika	paprikaen	paprikaer	paprikaene

1. Regelrett bøying. Dei fleste hankjønnsord blir bøygde slik.
2. og 3. Ord som endar på -nad og -a, får -er og -ene i fleirtal.

Inkjekjønn			
eintal		fleirtal	
ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
1. eit barn	barnet	barn	barna

1. Regelrett bøying. Nesten alle inkjekjønnsord blir bøygde slik.

Uregelrett bøyning av substantiv

Nokre vanlege hokjønns- og hankjønnsord blir ikkje bøygde etter reglane. Substantiva her er eksempel på dette.

	Eintal		Fleirtal	
	ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
Hokjønn	1. ei bok	boka	bøker	bøkene
	2. ei hand	handa	hender	hendene
	3. ei dotter	dottera	døtrer	døtrene
	4. ei mor	mora	mødrer	mødrene
Hankjønn	5. ein ting	tingen	ting	tinga
	6. ein son	sonen	søner	sønene
	7. ein fot	foten	føter	føtene
	8. ein bror	broren	brør	brørne
	9. ein far	faren	fedrar	fedrane

1.– 4. Nokre eksempel på vanlege uregelrette hokjønnsord.

5. Eit eksempel på hankjønnsord som blir bøygde som inkjekjønnsord i fleirtal.

6.– 9. Nokre eksempel på vanlege uregelrette hankjønnsord.

19

Set inn substantiva i rett form fleirtal.

- bok Luisa har tre _____.
- hand Dei vaska _____ sine før dei åt.
- dotter Mohammed og Fatima har fire _____.
- mor _____ til jentene i klassa skal ta med kaffi.
- ting Kvar er alle _____ mine?
- son Kor mange _____ har du?
- far Alle _____ til gutane i klassa skal ta med kake.
- bror Kven av _____ dine heiter Per?
- fot Carmen har vondt i _____ sine.

20

Set inn substantiva i rett form.

- bok Eg finn ikkje _____ mi.
- Her er _____ dine.

- Leo har mange fine _____.
Eg fann alle _____ som eg likte.
- jente Luisa er _____ på 17 år.
Det er elleve _____ i klassa vår.
Nokre av _____ snakkar spansk.
- bror Per har _____. Han heiter Pål.
Kari har tre _____.
Eg har alltid ynskt meg _____.
Pablo liker å leike med _____ sine.
_____ til Per er tre år.
- bilete Carmen har mange fine _____ frå heimlandet.
Liker du å sjå på _____?
Kva for nokre _____ er dine?
Fotografen tok _____ av klassa vår.
- hand Er det vanskeleg å teikne _____?
Du må ha begge _____ på rattet når du køyrer.
Du må ha ei av _____ på ryggen!
Ho tok han i _____ og helsa på han.
- dotter Er det di _____?
Nei, _____ mine er heime.
Eg kjenner ei kvinne som har fire _____.
Den yngste _____ hennar heiter Maria.
- son _____ mine skal reise til utlandet på ferie.
Den eldste _____ hennar skal bli prest.
Irina har tre vaksne _____ og ein _____ som berre er fem år.

far _____ til Carmen bur på Cuba.
Ho har _____ som er veldig snill.
Alle barna skreiv farsdagskort til _____ sine.
Nokre _____ er altfor snille med sønene sine.

Uteljelege substantiv

Nokre substantiv kan vi ikkje telje. Desse substantiva blir berre brukte i eintal. Dei kan fortelje om materiale eller stoff: **kaffi, mat, ris, gull, sand, graut** osv.

Nokre av desse substantiva fortel om noko abstrakt, om noko vi ikkje kan ta på eller føle: **lykke, tru, hell, hat** osv.

Vi tek som regel bort artiklane **ein, ei** eller **eit** framfor desse orda. Dette gjeld særleg dei orda som fortel om emne eller stoff:

Sauen har fin **ull**. **Ulla** klipper vi om hausten.
Han et mykje **mat**. **Maten** er god.

Framfor uteljelege substantiv må vi bruke mengdeorda **mykje** og **lite**, ikkje **mange** og **få**:

Vi var svoltne og åt **mykje** mat.
Men: Vi åt **mange** eple.
Han hadde **lite** lykke og hell i livet.
Men: Han hadde **få** gode dagar.

21

Set inn mengdeorda **mykje** eller **mange**, **lite** eller **få**.

Leo synest det er _____ snø i Noreg, men det er også _____ solskinsdagar.

På Cuba er det _____ snø, og det er _____ regnvêrsdagar.

Spania eksporterer _____ vin. _____ av vinflaskene var knuste då dei kom fram.

Han et ikkje _____ graut. I staden et han _____ brødskiver.

Det er _____ hat i verda. Likevel er det _____ glade menneske.

Det var _____ kaffi igjen på traktaren, så dei selde _____ koppar kaffi etter lunsj.

Bruk av artiklane *ein, ei* eller *eit*

Ofte bruker vi artiklane **ein, ei** eller **eit** framfor eit substantiv i ubestemt form. Nokre gonger manglar artiklane.

Vi bruker ikkje artiklar når vi fortel om ei spesiell handling eller ein situasjon der vi er meir opptekne av sjølve handlinga enn av tingen. Det er då klar samanheng mellom verbalet og objektet:

Eg liker å **skrive brev** (liker er verbal, å skrive brev er objekt).
(Vi er opptekne av skrivinga.)

Per **tek buss** til skulen.
(Vi er opptekne av korleis han kjem seg til skulen.)

Dei er på **arbeid**.
(Vi er meir opptekne av at han er på arbeid enn av kva arbeid han gjer.)

22

Korleis kjem du deg til næraste by? Tek du fly, buss, båt, bil eller tog? Fortell!

Vi bruker **ikkje artiklar** når vi fortel **kva** ein person er:

Religion: Ibrahim er **muslim**.

Yrke: Carmen er **lege**.

Nasjonalitet: Irina er **russar**.

Men når vi fortel **korleis** denne personen er, må vi ha artikkel:

Ibrahim er **ein kjend** muslim.

Carmen er **ein flink** lege.

Irina er **ein ung** russar.

Merk! Når eit adjektiv kjem framfor eit substantiv i ubestemt form, må vi alltid ha artikkel.

23

Kven er dei? Finn eit substantiv som passar.

Ibrahim har flykta frå Irak.	Han er _____.
Kari baker og sel brød og kaker.	Ho er _____.
Per reparerer bilar.	Han er _____.
Bestefar har slutta å arbeide.	Han er _____.
Maria arbeider i ei avis.	Ho er _____.
Liv og Bente arbeider på ein skule.	Dei er _____.
Vi studerer norsk.	Vi er _____.
Barna til Carmen går på skule.	Dei er _____.
Pablo og Anne arbeider på kafé.	Dei er _____.
Fatima og Ola arbeider i butikk.	Dei er _____.
Carmen har studert medisin.	Ho er _____.

24

Set inn orda med eller utan artikkel.

student	Broren min er _____. Korleis er det på universitetet? Eg veit ikkje. Du må spørje _____. Ho liker livet som _____.
bonde	Eg kjenner _____ som har mange kyr. Han har vore _____ i 20 år.
nordmann	Per Olsen er _____. Den beste kameraten min er _____. Når er nasjonaldagen i Noreg? Det må _____ vite.
muslim	_____ drikk sjeldan alkohol. Ibrahim er frå Irak. Han er _____. Veit du om Fatima er _____?

Samansette substantiv

Nokre substantiv er sette saman av to eller fleire ord.
Hovudordet kjem alltid sist. Det avgjer kva kjønn ordet får, og korleis vi bøyer ordet.
Det første ordet fortel meir om hovudordet:

herresykkel – ein sykkel for herrar
damesykkel – ein sykkel for damer
barnesykkel – ein sykkel for barn

Fleire ord som viser til berre éin ting eller éi hending, må vi skrive saman til eitt ord:
 fotballkamp.

Dette er **eitt** ord. Ordet fortel om **éi** hending.

Vi treng **to ord** for å fortelje om denne hendinga:

fotball (fortel meir om hovudordet) og **kamp** (hovudordet) blir **fotballkamp**

25

Lag samansette substantiv der det eine ordet er:

rom soverom, romskip _____

bok _____

pause _____

ball _____

26

Set inn samansette substantiv som passar til forklaringane.

_____ er ei jakke av skinn.

_____ er ei kake med gulrot i.

_____ er ei bok til å skrive i.

_____ er jus laga av eple.

_____ er postei laga av lever.

_____ er kle til bruk om vinteren.

_____ er ein sekk til å bruke på skulen.

_____ er eit kurs i norsk.

_____ er undervising i engelsk.

_____ er arbeid som ein gjer heime.

_____ er ein butikk der du kan kjøpe mat.

_____ er mor til mor di.

Norske ord kan vere svært lange.

Dei er lettare å forstå om vi deler dei opp. Då finn vi kva ord dei er samansette av.

Det første ordet i ei samansetjing er ofte eit substantiv eller eit verb.

Dette ordet bøyer vi ikkje:

ein sykkel for **damer**: ein **damesy**kkel (dame er eintal, sykkel er eintal)

mange sykklar for damer: **damesy**klar (dame er eintal, men sykklar er fleirtal)

27

Set inn samansette substantiv som passar til forklaringane.

_____ er ei hylle til å ha bøker i.

_____ er ein mekanikar som reparerer biler.

_____ er ein salat laga av poteter.

_____ er opplæring for vaksne.

Samansette substantiv får nokre gonger ein **e** eller ein **s** mellom dei samansette orda:

ungdom + **s** + skule = ungdom**ss**kule

ungdom + **s** + bok = ungdom**sb**ok

barn + **e** + hage = barne**h**age

barn + **e** + sykkel = barnes**y**kkel

28

Set saman ord frå kvar gruppe. Bruk s for å binde saman orda:

ungdom plass _____

arbeid skule _____

bomull aktivitet _____

fritid genser _____

Set saman ord frå kvar gruppe. Bruk e for å binde saman orda:

lån	fest	_____
katt	skule	_____
barn	mat	_____
gut	kort	_____
jul	sykkel	_____

29

Kva tyder orda? Set strek mellom dei samansette orda:

Skulefritidsordning: skule | fritid | s | ordning

Arbeidarpartiet	prøverom
morsmålsundervisning	midnattssol
samfunnskunnskap	familiebilete
telefonrekning	kommunepolitikk
språkhistorie	debattprogram
transportmiddel	minoritetslevar
lokalavis	syskenbarn
sjukeheimspasientar	fastlegeordning
opphaldsløyve	heimland
introduksjonsprogram	asylsøkjar
barnerom	spanskkurs

30

Vel mellom desse orda, og lag samansette substantiv. Det er fleire ord du kan velje mellom: fjell, rygg, kjøpe, bomull, ull, skinn, dun, silke, barn, sommar, vinter, gym, sykkel og bursdag

I går var det sal på eit _____senter i byen. Eg kjøpte nye _____sko, _____lue, _____sekk, _____hanskar, _____genser, ei _____jakke og eit _____sjal. Til slutt kjøpte eg ein _____sykkel. Den skal Per få. Han skal ha _____selskap i morgon.

Genitiv

Det er liten bruk av genitivs-s på nynorsk, og vi bruker denne eigeforma berre saman med **særnamn**:

Leos klasse, Arnes bil, Noregs hovudstad, Luisas bøker

Vi kan lage genitiv ved å setje til **s** i slutten av **særnamnet**. Genitiv fortel at nokon **har** eller **eig** noko. Det som ein eig eller har, står alltid etter genitiven, og det står alltid i ubestemt form:

Arnes bil, Noregs hovudstad

Dersom substantivet endar på -s eller -z, har vi **apostrof** (') i staden for s:

Mads' sykkel, Jens' hus, Moss' innbyggjarar.

Ved **samnamn** må du bruke preposisjonar, eigedomsord eller samanskriving for å syne kven som eig noko:

bilen **til** kvinna, hovudstaden **i** landet, familien **sitt** hus, **huseigaren** (eigaren av huset)

Det er mest vanleg å bruke preposisjonar og eigedomsord ved **særnamn**:

bilen **til** Arne, hovudstaden **i** Noreg, Luisa **sine** bøker

31

Fullfør setningane under.

Arne køyrer bil. Det er Arnes bil.

Carmen bur i eit hus. Det er _____.

Jenta har ein fin sykkel. Det er _____.

Alle mødrene har mange barn. Det er _____.

Noreg har ein hovudstad som heiter Oslo. Det er _____.

Mads har mange bøker. Det er _____.

Sveits har mange bankar. Det er _____.

Guten har ein stor fotball. Det er _____.

32

**Fullfør setningane under. Bruk preposisjonar eller eigedomspronomen.
Arne køyrer bil. Det er bilen til Arne.**

Carmen bur i eit hus. Det er _____.

Noreg har eit folketal på 4,7 millionar. Det er _____.

Mads har mange bøker. Det er _____.

Sveits har mange bankar. Det er _____.

Bruk av ordbok eller ordliste

Det kan vere vanskeleg å hugse kva kjønn eit ord har, og korleis ein bøyer ordet. Derfor er det viktig å bruke ei ordbok. Der står det korleis ordet blir bøygd. Spesielle bøyingar står som regel skrivne heilt ut. Øv på å bruke ordlista!

Ordbok på nettet:

Vi kan også finne ei nynorsk ordbok på Internett:
www.ordbok.no

Kva fortel ordboka oss?

Eksempel:

bok | a, bøker

(oppslagsord i Alf Hellevik: **Nynorsk ordliste**, 2005)

Ordklasse: Substantiv

Vi ser dette frå endinga **a**. Dette er ein av dei tre bestemte artiklane til substantiva. Dette er bestemt artikkel i eintal.

Artikkelen seier vi er etterhengd, han heng på ordet.

Kjønn: Hokjønn

Artikkelen **a** etter substantivet **bok** viser oss også at dette er hokjønn (ikkje **ein** som i hankjønn eller **eit** som i inkjekjønn).

Alle hokjønnsord har artikkelen **a** i bestemt form.

Regelrett/uregelrett: her regelrett

Vi kjenner bøyinga av regelrette hokjønnsord. Dette ordet har den regelrette endinga **er** i fleirtal.

35

Substantivkonkurransen

Del klassa i grupper. Vel bokstavar og finn substantiv på desse bokstavane. Skriv berre eitt substantiv under kvart emneområde. De kan gjerne velje andre emneområde.

Bokstav	Jentenamn	Land	Mat	Møbel	Dyr
N	Nina	Noreg	nudlar	nattbord	nashorn
B					
F					
K					
E					

3 poeng dersom gruppa er aleine om eit substantiv. 2 poeng dersom to grupper har same substantivet. 1 poeng dersom fleire grupper har det same substantivet.

PRONOMEN	27
Personlege pronomener	27
Subjektsform	27
Objektsform	29
Refleksiv form	30
Oppsummering av personlege pronomener	32
Gjensidige pronomener	32

PRONOMEN

Pronomen er ord som står i staden for substantiv.

Pronomen kan stå i staden for både samnamn og særnamn:

Leo les norsk. (substantiv)

Han les norsk. (pronomen)

Elevane høyrer på **læraren**. (substantiv)

Dei høyrer på **henne**. (pronomen)

Arne snakkar med **Carmen**, og **Carmen** snakkar med **Arne**. (substantiv)

Dei snakkar med **kvarandre**. (pronomen)

Personlege pronomen

Subjektsform

	Eintal	Fleirtal
1. person	eg	vi
2. person	du	de
3. person	han, ho, det	dei

3. person, eintal:

Vi bruker **han** når vi snakkar om menn eller gutar og om **hankjønnsord**:

Leo er frå Cuba. **Han** er cubanar.

Bilen til Arne er ny. **Han** var svært dyr.

Vi bruker **ho** når vi snakkar om kvinner eller jenter og om **hokjønnsord**:

Luisa er ny i klassa. **Ho** kjem i dag.

Eg har **ei klokke**. **Ho** går rett.

Vi bruker **det** når vi snakkar om **inkjekjønnsord**:

Når landar **flyet**? **Det** landar kl. 22.00.

Kven eig dette **viskelêret**? **Det** er mitt.

1

Set inn passande pronomem.

Luisa er ny i klassa.	_____ er frå Cuba.
Vil du ha kaffi eller te?	_____ vil gjerne ha kaffi, takk!
Kjenner du Leo?	Ja, _____ er bror til Luisa.
Bur Arne og Carmen i byen?	Nei, _____ bur på bygda.
"Hei, Luisa og Leo!	Skal _____ vere med på kino?"
Kvar kjem Leo og Luisa frå?	_____ kjem frå Cuba
Vil de vere med på tur?	Ja, det vil _____ gjerne.
Leo et eit eple.	_____ smaker godt.
Skulen er stor.	_____ har fem hundre elevar.
Huset er stort.	_____ har fem soverom.
Leo og Luisa har ein katt.	_____ heiter Prikken.
Eg har kjøpt ei ordbok.	_____ ligg i ranselen.
Leo må skrive ei tekst.	_____ må vere på minst to sider.

2

Set inn rett pronomem for orda til venstre.

Leo og Luisa	_____ kjem frå Cuba.
Du og eg	_____ snakkar saman.
Per	_____ har ein hund.
Hunden	_____ heiter Tassen.
Du og Carmen	_____ må kome på besøk i kveld.
Bøkene	_____ ligg i sekken.
Leo og eg	_____ såg eit dyr på veg til skulen.
Dyret	_____ sprang fort.
Carmen	_____ snakkar spansk, fransk og engelsk.
Luisa og vi	_____ skal gå på tur i sentrum.
De og eg	Skal _____ gå på kino i kveld?
Leo og de	Lærer _____ nynorsk eller bokmål?

Objektsform

Vi kan bøye dei fleste pronomena.

Når pronomenet er objekt i setninga, seier vi det har **objektsform**:

	Eintal	Fleirtal
1. person	Ho gir meg boka.	Ho gir oss bøkene.
2. person	Ho gir deg boka.	Ho gir dykk bøkene.
3. person	Ho gir henne boka.	Ho gir dei bøkene.
	Ho gir han boka.	
	Ho gir det boka.	

3. person, eintal: **han** og **det**, og 3. person, fleirtal: **dei** har den same forma både som subjekt og objekt.

Vi får **objektsform** av pronomenet også etter preposisjonar:

Vi gir bøkene **til dykk**.

Han ringde **til meg**.

3

Set inn rett pronomen i svara.

Kven kan hjelpe meg?

Eg kan hjelpe _____.

Kven kan hjelpe Per og Kari?

Læraren kan hjelpe _____.

Har du sett boka mi?

Eg ser _____ på pulten.

Kven blir med Leo på kino?

Luisa blir med _____ på kino.

Kan du gi bøkene til elevane?

Ja, eg kan gi bøkene til _____.

Kven vil bli med oss på tur?

Eg vil gjerne bli med _____.

Kvar er hunden?

Eg ser _____ der borte.

Liker Arne Carmen?

Ja, han liker _____.

Kven er glad i deg?

Kari er glad i _____.

Når kjem Carmen og hentar dykk?

Ho kjem og hentar _____ klokka 17.00.

Kva farge har huset?

_____ er grønt.

Har Luisa ringt til læraren?

Ho ringde til _____ i stad.

Er alle presangane til Luisa?

Ja, alle er til _____.

Vil du og Kari ete middag hjå oss?

Ja, vi vil gjerne ete hjå _____.

4

Set inn den rette forma av det personlege pronomenet.

Kjenner du Luisa?

Ja, eg kjenner _____.

Ja, _____ er veninna mi.

Kan eg og Leo kome på besøk?

Ja, _____ kan kome neste veke.

Ja, eg ønskjer _____ begge velkomne.

Skal du og eg besøkje Leo og Luisa?

Ja, dei vil gjerne treffe _____ snart.

Ja, _____ skal besøkje dei neste veke.

Har du snakka med Carmen?

Nei, men ho ville snakke med _____ i morgon.

Nei, men _____ skal snakke med henne i kveld.

Vil du at eg skal kome i kveld?

Nei, eg vil heller snakke med _____
på telefonen.

Nei, _____ kan ringje meg i kveld.

Refleksiv form

Subjektet og objektet i ei setning kan vere same person eller ting.

Dette ser vi når vi bruker det vi kallar **refleksive verb**, og då må vi ha med det refleksive pronomenet **seg**.

Dette pronomenet endrar seg i kjønn og tal:

	Eintal	Fleirtal
1. person	Eg vaskar meg .	Vi vaskar oss .
2. person	Du vaskar deg .	De vaskar dykk .
3. person	Ho vaskar seg .	Dei vaskar seg .
	Han vaskar seg .	
	Det vaskar seg .	

Merk! Vi ser at i 1. og 2. person eintal og fleirtal er det refleksive pronomenet lik objektsforma.

Eit refleksivt pronomen viser tilbake til subjektet. Vi kan seie at subjektet gjer noko med seg sjølv:



Han dusjar seg. (Leo dusjar Leo.)



Han dusjar han. (Leo dusjar Prikken.)

5

Set inn dei rette refleksive formene av dei personlege pronomena i svara.

Har du vaska _____? Det er viktig å stelle _____ før ein legg _____ for å sove om kvelden.

Ho tenkte _____ godt om før ho svarte: "Eg elsker deg, men eg vil ikkje gifte _____ med deg".

Dei glede _____ til eit godt måltid, og dei sette _____ ned for å ete. Men så måtte dei flytte _____ til eit nytt bord.

Eg kledde på _____ før eg hjelpte sonen min med kleda. Sonen min greier ikkje å kle på _____ sjølv. Han er berre eitt år.

Hei, barn! De må hugse å vaske _____ før de går på skulen.

Oppsummering av personlege pronomnen

		Subjektsform	Objektsform	Refleksiv form
Eintal	1. person	eg	meg	meg
	2. person	du	deg	deg
	3. person	ho	henne	seg
		han	han	seg
	det	det	seg	
Fleirtal	1. person	vi	oss	oss
	2. person	de	dykk	dykk
	3. person	dei	dei	seg

6

Set inn rette former av dei personlege pronomena i svara.

Irina og Yuri skundar _____ til skulen. _____ la _____ seint i går kveld, og i dag fekk _____ for lite tid til å vaske og stelle _____. Dei har to barn. Først måtte _____ vaske _____ før dei kunne vaske _____ sjølve. Eg og Pablo helser på _____ før _____ også skundar _____ inn i klassa. Læraren helser på _____ alle før _____ set seg bak kateteret. "No kan _____ begynne å arbeide", seier læraren, og _____ set _____ ned og begynner å arbeide. Irina og Yuri synest oppgåvene er vanskelege. Før dei går heim, takkar dei for _____.

Gjensidige pronomnen

Kvarandre og **einannan** er begge gjensidige pronomnen på nynorsk. Dei betyr det same. Dei viser til subjektet i setninga.

Vi kan seie:

Carmen snakkar med **Arne**. **Arne** snakkar med **Carmen**.

Bruker vi **gjensidige pronomnen**, kan vi bruke berre éi setning, og vi kan seie dette på to ulike måtar:

Carmen og **Arne** snakkar med **kvarandre**.

Carmen og **Arne** snakkar med **einannan**.

Dei gjensidige pronomena viser tilbake til subjektet i setninga. Subjektet viser til fleire personar eller ting.

Merk! Kvarandre er mest vanleg i dagleg bruk.

7

Skriv om setningane med gjensidige pronomen.

Arne er glad i Carmen, og Carmen er glad i Arne.

Faren snakkar med sonen, og sonen snakkar med faren.

Eg ser på deg, og du ser på meg.

Leo snakkar ofte med kameratane sine.

Arne hjelper Carmen, og Carmen hjelper Arne.


Luisa lærer norsk av Leo, og Leo lærer norsk av Luisa.

ADJEKTIV	35
Ordenstal	37
Å bøye adjektiv i kjønn	39
Å bøye adjektiv i tal	41
Adjektiv i bestemt form	44
Å samanlikne	47
Adjektiv brukt som substantiv	53
Oppsummering av adjektivbøying	54
Bruk av ordbok eller ordliste	56

ADJEKTIV

Adjektiv fortel korleis nokon eller noko er eller ser ut:

Broren min er **liten**.
Carmen laga ei **god** kake.
Bestefar er **gammal**.
Carmen har ei **blå** jakke.
Arne er **norsk**.
Ho er ei **sint** jente.



Luisa er **sint**, og Leo er **glad**.

Adjektivet fortel om eit substantiv eller eit pronomen:

Jenta er **trist**. (jenta: substantiv)
Ho er **trist**. (ho: pronomen)

Vi kan bruke verba **å bli** eller **å vere** saman med adjektiv:

Leo er **glad**.
Luisa **blir** ofte **sint** på broren sin.

Vi kan også plassere adjektivet **før** substantivet vi fortel om:

Vi ser **ein glad gut** som heiter Leo, og **ei sint jente** som heiter Luisa.

1

Fortel korleis substantivet er. Set inn adjektiv.

Hunden er _____.

Kona hans er _____.

Mora mi er _____.

Læraren er _____.

Naboen min er _____.

Maten er _____.

Leksa mi er _____.

2

Set inn adjektiv som tyder det motsette. Vel mellom desse orda: *norsk, ny, ung, snill, sint, ny, svolten, varmt, stor, frisk, vanskeleg*

Mannen er gammal, ikkje _____.

Inne er det _____, ikkje kaldt.

Arne er blid, ikkje _____.

Leo er liten, ikkje _____.

Dette er lett, ikkje _____.

Er han utanlandsk eller _____?

Er han mett eller _____?

Er bilen gammal eller _____?

Er Carmen sjuk eller _____?

Er Luisa slem eller _____?

3

Kva adjektiv vil du bruke for å fortelje om desse personane? Vel mellom desse orda: *blid, høfleg, lat, pratsam, flittig, sprek, sjenert, uhøfleg*

Ein som ikkje orkar å gjere noko, er _____.

Ein som trenar kvar dag, er _____.

Ein som alltid smiler, er _____.

Ein som takkar for maten, er _____.

Ein som ikkje helsar på andre, er _____.

Ein som alltid gjer lekse si, er _____.

Ein som pratar mykje, er _____.

Ein som ikkje tør å bli kjend med nye menneske, er _____.

Ordenstal

Vi har to typar tal: grunntal og ordenstal

Grunntal: to, tretten, eitt tusen og sytti osb.

Grunntala høyrer til i ordklassa **mengdeord** (sjå Bestemmarord, s.11).

Vi bruker grunntala når vi tel.

Ordenstal: andre, trettande, tusen og syttiande osb.

Vi bruker f.eks. ordenstala når vi fortel om **etasjar, datoar og klassesteg:**

Du må gå til kontoret i **tredje** etasje.

Vi startar julefeiringa den **tjuelfjerde** desember.

Eg fekk ny lærar då eg gjekk i **femte** klasse.

Grunntal		Ordenstal		Grunntal		Ordenstal	
0	null	0.	nulte	11	elleve	11.	ellevte
1	ein (ei, eitt)	1.	første/fyrste	12	tolv	12.	tolvte
2	to	2.	andre	13	tretten	13.	trettande
3	tre	3.	tredje	14	fjorten	14.	fjortande
4	fire	4.	fjerde	15	femten	15.	femtande
5	fem	5.	femte	16	seksten	16.	sekstande
6	seks	6.	sjette	17	sytten	17.	syttande
7	sju	7.	sjuande	18	atten	18.	attande
8	åtte	8.	åttande	19	nitten	19.	nittande
9	ni	9.	niande	20	tjue	20.	tjuande
10	ti	10.	tiande				
21	tjueein	21.	tjuelførste	80	åtti	80.	åttiande
22	tjueto	22.	tjueandre	90	nitti	90.	nittiande
30	tretti	30.	trettiande	100	(eitt) hundre	100.	hundrede
40	førti	40.	førtiande	101	hundre og	101.	hundrede og
50	femti	50.	femtiande		ein		ein (ei, eitt)
60	seksti	60.	sekstiande	200	to hundre	200.	to hundrede
70	sytti	70.	syttiande	1000	(eitt) tusen	1000.	tusende

Når vi skriv ordenstala med tal og ikkje bokstavar, skal dei ha punktum etter seg:

3. etg., **24.** desember, **5.** klasse

Slik skriv vi **datoar:**

23. (dag)

23.01. (dag og månad)

23.01.06 (dag, månad og år)

4

Spør dei andre i klassa: Når er du fødd?

5

Skriv ordenstala med bokstavar.

4. Per og Kari går i _____ klasse på skulen i bygda.
 15.05 Leo er fødd den _____ i _____.
 9. Kontoret hennar ligg i _____ etasje i ei høgblokk.
 17.05 Nasjonaldagen i Noreg er den _____ i _____.
 10. Ho går i _____ klasse, det siste året i grunnskulen.
 29.02 Den _____ i _____ kjem berre kvart fjerde år.
 21. Vi lever i det _____ hundreåret.

6

Skriv rett ordenstal for månad.

Desember er den _____ og siste månaden i året, medan januar er den _____.

Den _____ månaden mars, den _____ månaden april og den _____ månaden mai blir kalla for vårmånadene.

Er den _____ månaden august ein sommar- eller haustmånad? Dette er sommarmånadene: den _____ månaden juni, den _____ månaden juli og den _____ månaden august.

September er den _____ månaden, oktober er den _____ månaden, og november er den _____ månaden. Vi kallar dei haustmånadene.

Vintermånadene er desember, januar og februar. Februar er den _____ månaden.

7

Skriv ordenstala eller opplysningane under med tal.

- | | |
|----------------------------|--|
| trettande | Kontoret hennar ligg i _____ etasje. |
| tjuetredje i fjerde | Han har fødselsdag den _____. |
| trettiande i første | Ho har fødselsdag den _____. |
| femte i sjetteneste år | Dei skal feire sølvbryllaupsdagen sin _____. |
| dag, månad og årstal i dag | I dag er det den _____. |

Å bøye adjektiv i kjønn

Vi legg til ein **-t** når regelrette adjektiv står til eit ord i **inkjekjønn**:

	Ubestemt form
Hokjønn	ei fin jakke
Hankjønn	ein fin bluse
Inkjekjønn	eit fint slips

Den forma av adjektivet som vi finn i ordbøker, bruker vi i hokjønn og hankjønn eintal.

8

Set inn rett form av adjektivet i parentes.

stor Leo bur i eit _____ hus med eit _____ kjøkken og ein _____ hage.

fin Stova har ein _____ lenestol med ei _____ pute. Framfor stolen ligg eit _____ teppe.

gul Luisa er glad i gult. Derfor har ho kjøpt seg ei _____ jakke, ein _____ paraply og eit _____ skjerf.

dyr Eg har brukt for mykje pengar! Eg kjøpte ein _____ CD, eit _____ dataspel og ei _____ bok.

god Så godt! Salaten er _____, kaka er _____, heile måltidet er _____!

Uregelrette adjektiv – endring av inkjekjønn

Adjektiv som endar på dobbel konsonant, misser den eine konsonanten i inkjekjønn:

Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn
ei tjukk jakke	ein tjukk sokk	eit tjukt teppe
ei sunn jente	ein sunn gut	eit sunt liv

Merk! Ein full buss - eit fullt fly

Nokre adjektiv får dobbel - t i inkjekjønn.

Dette gjeld korte adjektiv som endar på vokal eller diftong:

Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn
ei blå jakke	ein blå sykkel	eit blått teppe
ei ny maskin	ein ny mobil	eit nytt hus
ei lei sak	ein lei beskjed	eit leitt svar

9**Set inn rett form av adjektivet.**

- tjukk Luisa har på seg eit _____ skjerf.
 grei Det var eit _____ svar!
 full Rommet var _____ av røyk.
 sunn Det er viktig å ete _____ mat.
 ny Carmen har kjøpt seg eit _____ skjørt.
 grå Bestefar hadde heilt _____ hår.
 blå Vi bur i eit grått hus. Naboen bur i eit _____ hus.
 fri Ho lengtar etter å leve eit _____ liv.

Adjektiv som ikkje endar på -t i inkjekjønn

Adjektiv som endar på **-leg**, **-ig**, **-sk** og **-e**, får ikkje **-t** som ending i inkjekjønn:

Ending	Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn
-leg	ei kjede leg bok	ein kjede leg artikkel	eit kjede leg blad
-ig	ei kjø lig årstid	ein kjø lig vind	eit kjø lig bad
-sk	ei spans k dame	ein spans k vin	eit spans k måltid
-e	ei moderne drakt	ein moderne frakk	eit moderne skjørt

Merk! Adjektiv som endar på **-en**, får ikkje **t**-ending.

Desse orda får berre **-e** som ending.

Ending	Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn
-en	ei open dør	ein open bil	eit ope vindauge

10

Set inn rett form av adjektivet.

- spennande Dette var ein _____ film.
For eit _____ kapittel dette var!
- bråkete Læraren syntest det var ei _____ klasse.
Slå av radioen! Det var eit _____ program!
- tyrkisk Han reiste med eit _____ flyselskap.
Arne kjenner ein _____ familie.
- norsk Er Per eit vanleg _____ gutenamn?
Dette er ikkje eit typisk _____ landskap.
- psykisk Han fekk ein alvorleg _____ sjukdom.
Det var ikkje eit _____ problem.
- open Han liker å sove ute under _____ himmel.
Det var eit _____ vindaug på loftet.
- naken På kysten er det eit _____ landskap.
Han fann ein nyfødd og _____ fugleunge.
- lykkeleg Ho var ei _____ jente då ho var lita.
Også som vaksen var ho eit _____ menneske.
- triveleg Dei hadde ei _____ stund saman.
Dette var verkeleg eit _____ selskap!
- vaksen Han er snart ein _____ mann.
Han er eit _____ menneske.

Å bøye adjektiv i tal

Adjektiv bøyer vi i tal. Regelrette adjektiv får endinga **-e** i fleirtal:

	Eintal	Fleirtal
Hokjønn	ei fin jakke	fine jakker
Hankjønn	ein fin genser	fine genserar
Inkjekjønn	eit fint slips	fine slips

Merk! I inkjekjønn må vi ta bort **-t** før vi legg til **e**-endinga i fleirtal.

11

Set inn rett form av adjektivet i fleirtal.

- stor Mange nordmenn bur i _____ hus med _____ kjøkken og _____ hagar.
- fin Stova har _____ lenestolar med _____ puter. Framfor stolen ligg mange _____ teppe.
- gul Ho er glad i gult. Derfor har ho kjøpt seg _____ jakker, _____ paraplyar og _____ skjerf.
- dyr Eg har brukt for mykje pengar! Eg kjøpte _____ CD-ar, _____ dataspel og _____ bøker i går.
- god Så godt! Salatane er _____, kakene er _____, alle rettane er _____!

Fleirtal av uregelrette adjektiv

Nokre adjektiv har spesiell bøying i fleirtal.

Adjektiv som endar på **-er**, **-el**, **-al**, **-en** og **-an** i eintal, får samantrekt form i fleirtal:

Ending	Eintal	Fleirtal
-er	ei vakker jente	vakre jenter
-el	ei ekkel lukt	ekle lukter
-al	ei gammal kvinne	gamle kvinner
-en	ein sliten student	slitne studentar
-an	ein sjeldan gong	sjeldne gonger

12

Gjer adjektiva og substantiva i setningane under om til fleirtal.

Dei fann ein sjeldan plante i skogen.

Dei fann fleire _____ i skogen.

Carmen og Arne kjøpte ein gammal stol på loppemarknaden.

Carmen og Arne kjøpte nokre _____ på loppemarknaden.

Ho syntest det var ei ekkel oppleving.

Ho syntest det var _____.

Dei såg ein sliten og spinkel gut.

Dei såg mange _____ og _____.

Det er hyggeleg å bli møtt av ei open dør.

Det er hyggeleg å bli møtt av _____.

Han såg ei vakker jente på busshaldeplassen.

Han såg fleire _____ på busshaldeplassen.

Kom igjen i morgon! Då får du eit sikkert svar!

Kom igjen i morgon! Då får du _____!

Liten

Dette adjektivet har ei spesiell bøyning som du må lære.

Eintal			Fleirtal
Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn	
ei lita jenta	ein liten gut	eit lite barn	små barn

13

Set inn rett form av adjektivet *liten*.

Tora bur i ei _____ leilegheit. Leilegheita ligg i ein _____ by på Island.

Island er eit _____ land nord i Europa. Det er fleire _____ land i Europa, for eksempel er Noreg eit _____ land.

Det var ein gong ei _____ kone og ein _____ mann som budde i eit _____ hus i ein _____ skog. Dei hadde ein _____ katt og fem _____ barn. Alt i huset var _____. Stolane var _____, bordet var _____ og sengene var _____.

Adjektiv i bestemt form

Når eit adjektiv kjem før eit substantiv i bestemt form, må også adjektivet stå i bestemt form. Vi lagar bestemt form av adjektiva ved å leggje til **-e**.

	Eintal		Fleirtal	
	ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
Hokjønn	ei fin jakke	Den fine jakka	fine jakker	dei fine jakkene
Hankjønn	ein fin båt	Den fine båten	fine båtar	dei fine båtane
Inkjekjønn	eit fint hus	Det fine huset	fine hus	dei fine husa

Når eit adjektiv kjem før eit substantiv i bestemt form, må vi bruke bestemt artikkel. Som vi ser over bruker vi **den** før substantiv i hokjønn og hankjønn, **det** før substantiv i inkjekjønn og **dei** før substantiv i fleirtal.

14

Set inn bestemt form av adjektivet. Hugs bestemt artikkel.

- billig Nokon hadde kjøpt _____ jakka.
- koseleg _____ huset var likevel ikkje til sals.
- russisk _____ studentane kom frå Murmansk.
- kjekk _____ veninnene mine kom på besøk.
- sint Ho var redd for _____ hunden.
- rar Ho visste ikkje kva ho skulle svare på _____ spørsmåla.
- sjuk _____ eleven fekk fri resten av dagen.

15

Set inn rett form av adjektivet og substantivet.

- stor, eit viskelêr Kan eg låne _____ ditt?
- ny, norskbøker Kven har gløymt _____ sine?
- ung, ein vikar I dag kjem den nye, _____.
- anna, problem Skal vi diskutere _____?
- tjukk, eit krit Læraren finn ikkje _____.
- liten, barn Ingen av _____ var ute og leikte i dag.
- god, ein penn _____ er min.
- fast, ein lærar I dag er _____ vår sjuk.

open, ei dør Kan du lukke _____?

grøn, ei tavle Læraren skriv mykje på _____.

lang, pausar I _____ sine snakka elevane berre norsk.

Uregelrette adjektiv

Dei adjektiva som har samantrekt form i fleirtal (sjå s. 9), får også det i bestemt form.

Ending	Eintal		Fleirtal	
	ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
-er	ei vakker jente	den vakre jenta	vakre jenter	dei vakre jentene
-el	ein ekkel smak	den ekle smaken	ekle smakar	dei ekle smakane
-al	eit gammalt hus	det gamle huset	gamle hus	dei gamle husa
-en	ein slitene mann	den slitne mannen	slitne menn	dei slitne mennene
-an	eit sjeldan blad	det sjeldne bladet	sjeldne blad	dei sjeldne blada

16

Set inn bestemt form av adjektivet og substantivet.

gammal, bilete På veggen heng _____ av klassa.

vakker, jente _____ som går der, er fotomodell.

ekkel, mat Jenta ville ikkje smake på _____.

sjeldan, blome Han kjøpte _____ i Thailand.

open, landskap Han likte _____.

vaksen, guten _____ ville ikkje vere med foreldra på ferie.

Vesle

Adjektivet **liten** blir forandra til **vesle** i alle bestemte former.

	Eintal		Fleirtal	
	ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
Hokjønn	ei lita jente	den vesle jenta	små jenter	dei vesle jentene
Hankjønn	ein liten gut	den vesle guten	små gutar	dei vesle gutane
Inkjekjønn	eit lite barn	det vesle barnet	små barn	dei vesle barna

17

Set inn dei rette formene av adjektivet *liten*.

Ein _____ mann og ei _____ kone budde i eit _____ hus. Den _____ mannen og den _____ kona hadde fem _____ barn. I det _____ huset var det _____ vindauge, og på taket voks det ei _____ furu. Ute i hagen voks det _____ tre og blomar. Eit _____ piggsvin budde under eit _____ tre i den _____ hagen. Den _____ familien likte seg svært godt i det _____ huset sitt.

Presens partisipp reknar vi også til adjektiva.

Nesten alle dei adjektiva som sluttar på **-ande**, er presens partisipp-former av verb.

Ofte bruker vi presens partisipp i samband med verbet **å kome**:

To **leande** jenter kom bortover vegen (å le – dei kom leande).

Å bli eller å verte + presens partisipp bruker vi ofte for å vise at noko varer:

Ho vart møtt av nokre **syngjande** born (å syngje – dei gjekk syngjande).

18

Finn presens partisipp av verba, og bruk dei i setningane under.

Vel mellom desse verba: å danse, å gråte, å syngje, å auke, å vekse, å leve, å smile, å hyle

Narkotika er eit _____ problem i mange land.

Heile salen var full av _____ par som svinga seg rundt på golvet.

Dei _____ barna greidde ikkje å fortelje kva som var gale.

Han syntest at ho hadde eit slikt _____ ansikt.

Ho fekk hjelp med bagasjen sin av ein _____ ung mann.

Dei vart vekte av ei _____ sirene og forstod at det var brann.

På programmet var også den _____ familien frå Hareid.

Mange er negative til dei _____ prisane på bensin.

Å samanlikne

Vi bruker ofte uttrykk med **som** når vi samanliknar:

like – som	Jakka di er like fin som mi.
ikkje like – som	Jakka di er ikkje like fin som mi.
(like) så – som	Jakka di er (like) så fin som mi.
ikkje så – som	Jakka di er ikkje så fin som mi.

Vi kan også uttrykkje dette på ein annan måte. Då treng vi ikkje **som**, men adjektivet må ha fleirtalsform:

Jakkene våre er **like fine**.

19

Set inn eitt av samanlikningsuttrykka over og eit passende adjektiv.

Carmen er fødd i 1966. Maria er fødd i 1966.

Maria er _____.

Carmen og Maria er _____.

Eg er fødd i 1960. Du er fødd i 1967.

Du er _____.

Vi er _____.

Per er ein meter og åtti høg. Broren Pål er ein meter og åttifem høg.

Pål er _____.

Brørne er _____.

Luisa fekk 5 til eksamen. Per fekk 5 til eksamen.

Luisa er _____.

Dei er _____.

Gradbøying

Vi kan bruke **som** for å samanlikne. Men vi kan også bruke spesielle former av adjektivet for å få fram forskjellar:

Eg kjøpte ein **dyr** bil. Bilen var **dyrare enn** den gamle. Den nye bilen var **dyrast**.

Her er ei oversikt over formene:

	Positiv	Komparativ	Superlativ
Hovudmønster	fin	finare	finast
Ending på -er	vakker	vakrare	vakrast
Ending på -el	ekkel	ekklare	eklast
Ending på -en	naken	naknare	naknast

Adjektiv i **positiv** form bøyer vi i kjønn og tal: ei fin bok, eit fint hus, fine bøker

Adjektiv i **komparativ** har berre ei ending: **-are**
Vi skriv eller tenkjer oss samanlikningsordet **enn**.

Adjektivet i **superlativ** får endinga **-ast**.

20

Set inn komparativformer av adjektiva.

- fin Raud er ein _____ farge enn blå.
- snill Per er _____ enn Pål, seier Kari.
- vanskeleg Denne oppgåva er _____ enn den vi gjorde heime.
- lett Luisa synest norsk er _____ å lære enn engelsk.
- dyr Maten er mykje _____ her enn i heimlandet, seier Carmen.
- kald Eg trur at desember månad var _____ enn januar.

21

Finn adjektiv som tyder det motsette.

- Er blå ein finare farge enn raud? Nei, han er _____.
- Er Pål snillare enn Per? Nei, han er _____.
- Er heimeoppgåva vanskelegare
enn denne? Nei, ho er _____.
- Synest Luisa at engelsk er lettare enn norsk? Nei, det er _____.
- Er maten mykje dyrare i heimlandet til Carmen

enn her i Noreg?

Nei, han er _____.

Har januar vore kaldare enn desember?

Nei, han har vore _____.

22

Set inn superlativformer av adjektivet.

fin Vêret er _____ i mai her på Vestlandet.

stygg Det er ofte _____ i november.

snill Leo er _____ i familien.

slem Pål er _____ i familien.

lett Heimeoppgåva var _____ av dei to.

vanskeleg Skuleoppgåva er _____.

dyr Maten her i landet er _____ i Europa.

billig Maten er _____ i heimlandet.

kald Det var _____ ute i februar.

varm Men det var _____ i august.

Bestemt form i superlativ

Før eit substantiv må eit adjektiv i superlativ ha **bestemt form**:

Leo er **den snillaste personen** eg kjenner.

Luisa er **den flinkaste eleven** i klassa.

Står **ikkje** adjektivet i superlativ før eit substantiv, kan vi velje mellom **ubestemt og bestemt form**:

Leo er **snillast** i klassa. / Leo er **den snillaste** i klassa.

Luisa er **flinkast**. / Luisa er **den flinkaste**.

23

Set inn superlativ i bestemt form.

fin Mai er den _____ månaden i året.

stygg Det _____ vêret har vi i november.

snill Per er den _____ broren i familien.

slem Pål er den _____ broren, meiner Kari.

lett	Den _____ oppgåva gjorde vi heime.
vanskeleg	Den _____ oppgåva gjorde vi på skulen.
dyr	Vi har den _____ maten i Europa.
billig	I heimlandet finn Carmen den _____ maten.
kald	Februar var den _____ månaden sist år.
varm	Men den _____ månaden i år var august.

Uregelrett gradbøying

Nokre adjektiv vi bruker mykje, får uregelrett bøying i komparativ og superlativ. Her finn du nokre av dei vanlegaste uregelrette gradbøyingane av adjektiv:

Positiv	Komparativ	Superlativ
god	betre	best
dårleg	verre	verst
høg	høg(a)re	høg(a)st
lang	lengre	lengst
mange	fleire	flest
mykje	meir	mest
liten	mindre	minst
stor	større	størst
gammal	eldre	eldst
ung	ynge	yngst
tung	tyngre	tyngst

24

Set inn rett form av adjektivet.

- god Kva for ein sjokolade er _____, den med rosiner eller den utan?
Eg synest den med rosiner er _____ enn den utan.
Den med rosiner er den _____ sjokoladen.
- dårleg Kva for eit program er _____, det på TV2 eller det på NRK?
Arne synest programmet på NRK er _____ enn det på TV2.
På NRK finn han det _____ programmet, synest han.
- høg Kva for eit hus er _____, mitt eller ditt?

Eg trur huset mitt er _____ enn ditt.

Det _____ huset er mitt.

lang Kven har _____ veg til skulen, Luisa eller Leo?

Luisa har _____ skuleveg enn Leo.

Luisa har den _____ skulevegen.

mange Så mange leiker! Kven har _____?

Lise har _____ enn veslebroren.

Lise har dei _____ leikene.

mykje Kvar kan vi få _____ hjelp, trur du?

Eg trur vi får _____ hjelp av Kari enn av Lise.

Det _____ av hjelpa får vi av Kari.

liten Kven er _____ av dei to brørne dine?

Jan er _____ enn Jon.

Jan er den _____ av brørne mine.

stor Kven er _____ av dei to brørne dine?

Jon er _____ enn Jan.

Jon er den _____ broren min.

gammal Kven er _____ av Leo og Luisa?

Luisa er _____ enn Leo.

Luisa er den _____ av dei to.

ung Kven er då _____ av dei to?

Leo er _____ enn Luisa.

Leo er den _____ av dei to.

Samanlikning med meir og mest

Nokre adjektiv får same form i alle grader. Då set vi **meir** før adjektivet i komparativ og **mest** før adjektivet i superlativ. Dette gjeld ein del lange adjektiv og adjektiv laga av verb:

Positiv	Komparativ	Superlativ
brukt	meir brukt	mest brukt
kjend	meir kjend	mest kjend
moderne	meir moderne	mest moderne
interessant	meir interessant	mest interessant
spennande	meir spennande	mest spennande

25

Set inn rett form av adjektivet.

brukt Kva for eit rom blir _____, stova eller kjøkkenet?
 Kjøkkenet blir nok _____ enn stova, trur eg.
 Kjøkkenet er nok det _____ rommet.

kjend Kven er _____, den amerikanske eller den russiske
 presidenten?
 Den amerikanske presidenten er vel _____ enn den russiske.
 Den amerikanske presidenten er vel den _____ av dei.

moderne Kva er _____ no for tida, langt eller kort hår?
 Eg trur kort hår er _____ enn langt.
 Kort hår er vel det _____ i dag.

interessant Kva for ei bok er _____, synest du.
 Eg synest boka om reiseliv er _____ enn dei andre.
 Det er den _____ boka av dei vi har.

spennande Kva for ein film synest du er _____?
 Filmen frå Sverige er _____ enn filmen frå USA.
 Den svenske filmen er den _____ av dei to.

Adjektiv brukt som substantiv

Når vi bruker adjektiv om personar og menneske, tek vi ofte bort substantivet. Adjektivet fungerer då som eit substantiv, men blir likevel bøygd som eit adjektiv:

I år var det mange **nye** (nye elevar) i klassa mi.

I år ville ingen av **dei nye** (dei nye elevane) bli med på fotballturneringa.

Merk! Etter preposisjonen **av** må vi ha bestemt artikkel før adjektivet.

Eintal		Fleirtal	
ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
ein ny (elev)	den nye (eleven)	nye (elevar)	dei nye (elevane)
ein rik (person)	den rike (personen)	rike (personar)	dei rike (personane)
ein vaksen (person)	den vaksne (personen)	vaksne (personar)	dei vaksne (personane)

26

Bruk adjektiva til venstre som substantiv. Hugs artikkel der det er nødvendig.

ung Alle _____ får rabatt på billettane.

Mange av _____ har fått seg sommarjobb.

Dei fleste _____ går på skule til dei er 19 år.

gammal Ingen av _____ var heime då eg ringde.

Nokre _____ ønskjer å reise til Syden om vinteren.

Filmen passa både for unge og _____.

kjend Kanskje nokre av _____ vil kome på festen?

Er det mange _____ som har gått på denne skulen?

Alle _____ finn du i denne boka.

rik Det er store forskjellar mellom fattig og _____.

Dei _____ bur i utkanten av byen.

Det er få av _____ som køyrer slike bilar.

arbeidsledig I fjor var det mange _____ i Ulsteinvik.
 _____ må melde seg hos NAV.
 NAV er eit kontor som hjelper _____ med å finne jobb.

Oppsummering av adjektivbøying

Adjektiv bøyer vi i **kjønn**, **tal**, **bestemt/ubestemt form** og **grad**.

Kjønn

Type adjektiv	Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn
Hovudmønster	ei fin jakke	ein fin frakk	eit fint skjørt
Endar på dobbel konsonant	ei tjukk jakke	ein tjukk frakk	eit tjukt skjørt
Endar på vokal/diftong	ei blå jakke	ein blå frakk	eit blått skjørt
Endar på -leg, -ig, -sk, -e	ei billeg jakke	ein billeg frakk	eit billeg skjørt
Endar på -en	ei open jakke	ein open frakk	eit ope skjørt
Endar på -er, -el, -al, -an	ei vakker jakke	ein vakker frakk	eit vakkert skjørt
Uregelrett	ei lita jakke	ein liten frakk	eit lite skjørt

Tal

Type adjektiv	Eintal	Fleirtal
Hovudmønster	ei fin jakke	fine jakker
Endar på -er, -el, -al, -en, -an	ei vakker jakke	vakre jakker
Lange ord som endar på -e	ei moderne jakke	moderne jakker
Uregelrett	ei lita jakke	små jakker

Bestemt/ubestemt

	Eintal		Fleirtal	
	ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
Hokjønn	ei fin jakke	den fine jakka	fine jakker	dei fine jakkene
Hankjønn	ein fin båt	den fine båten	fine båtar	dei fine båtane
Inkjekjønn	eit fint hus	det fine huset	fine hus	dei fine husa

Grad

Type adjektiv	Positiv	Komparativ	Superlativ
Hovudmønster	fin	finare	finast
Endar på -el, -en, -er	vakker	vakrare	vakrast
Lange ord / verb	moderne	meir moderne	mest moderne
Uregelrett	god	betre	best

27

**Oppsummering av arbeidet med adjektiv:
Sett inn adjektiv med motsett tyding i rett form.**

Alle barna er snille.

Ingen av barna er _____.

Vil du ha eit gammalt bilete?

Nei, eg vil nok heller ha eit _____ bilete.

Var dette huset dyrt?

Nei, dette var eit _____ hus.

Liker du eit slikt gammaldags skjerf?

Nei, eg vil heller ha eit _____.

Er dette eit lukka møte for spesielt interesserte?

Nei, dette er eit _____ møte. Alle møta her er _____ for alle.

Eg synest desse møblane er stygge!

Nei, tvert imot! Eg synest dei er svært _____.

Alle meinte dette var vanskelege matematikkoppgåver.

Ingen syntest dei var _____.

Luisa har fått mange nye vener etter at ho kom til Noreg.

Likevel saknar ho dei _____ venene sine.

Eg vil ha ein stor is, eit stort glas brus og to store sjokoladar. Kva vil du ha?

Eg vil berre ha ein _____ is, eit _____ glas brus og to _____ sjokoladar.

Å! Eg har berre eit stygt skjørt å ha på meg på festen i kveld!

Men kva med det _____ skjørtet du kjøpte i ferien?

55

Er du gal? Det skjørtet er _____ enn alle dei andre! Eg tykkjer det er det _____ skjørtet ein kan tenkje seg!

Bruk av ordbok eller ordliste

(papir- eller nettutgåve)

Kva fortel ordboka oss?

Den forma av adjektivet som vi har i regelrette adjektiv i hokjønn og hankjønn eintal, er den forma vi finn i ordboka.

Eksempel: (frå Hellevik, Alf: **Nynorsk ordliste**, 2005)

blå -tt, blå(e)

Ordklasse: adjektiv

Vi ser dette frå bøyinga i kjønn (-tt) og tal (e).

Regelrett/uregelrett: her uregelrett

Regelrett bøyning av adjektiv gjev **-t** som ending til inkjekjønnsord og **-e** som ending i fleirtal.

Her har vi uregelrett bøyning med **-tt** før inkjekjønn: **eit blått hus**

I fleirtal kan du velje om du vil ha endinga **-e** eller ikkje: **blå hus** eller **blåe hus**

28

Kva informasjon får du her om desse orda? (henta frå Hellevik, Alf: **Nynorsk ordliste**, 2005)

open -en, -e el -i, opne _____

grei greitt _____

liten lita lite b f litle el vesle fl små(e), mindre minst _____

god godt, betre, best _____

norsk -; _____

mange fleire flest _____

BESTEMMARORD	59
Eigedomsord	60
Peikeord	65
Mengdeord	68

BESTEMMARORD

Bestemmarorda fortel meir om substantivet.

Orda kan fortelje **kven som eig** det vi snakkar om:
stolen **vår**, gutane **mine**

Orda kan **peike på** noko eller nokon spesiell i teksta:
det huset (ikkje det andre!)

Orda kan fortelje **talet** eller **mengda** på substantiv:
sju hus, **mange** jenter

Vi har tre grupper av bestemmarord:

Eigedomordsord	Peikeord	Mengdeord
stolen min	den stolen	fire stolar
jenta di	denne jenta	mange jenter
huset vårt	dette huset	få hus

1

Lag tre setningar der du bruker eigedomordsord.

Lag tre setningar der du bruker peikeord.

Lag tre setningar der du bruker mengdeord.

Eigedomsord

Eit eigedomsord fortel kven som **har** eller **eig** noko.

Det fortel **kven** denne tingen, staden eller personen høyrer til.

Vi ser at kvart personlege pronomen (sjå Pronomen, s. 27) har sitt eigedomsord.

Eintal	Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
1. person	mora mi	faren min	barnet mitt	systemene mine
2. person	mora di	faren din	barnet ditt	systemene dine
3. person	mora hennar	faren hennar	barnet hennar	systemene hennar
	mora hans	faren hans	barnet hans	systemene hans

Vi ser at i 1. og 2. person eintal blir eigedomsorda **mi** og **di** bøygd i kjønn og tal.

Men i 3. person eintal er eigedomsorda **hennar** og **hans** det same i alle kjønn og tal.

Fleirtal	Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
1. person	mora vår	faren vår	barnet vårt	systemene våre
2. person	mora dykkar	faren dykkar	barnet dykkar	systemene dykkar
3. person	mora deira	faren deira	barnet deira	systemene deira

Vi ser at i 1. person blir eigedomsordet **vår** bøygd i kjønn og tal.

Men i 2. og 3. person fleirtal er eigedomsorda **dykkar** og **deira** dei same i alle kjønn og tal.

2

Set inn *mi, min, mitt* eller *mine*.

Det er pennalet _____ som ligg på pulten. Såg du pengane _____ som låg i veska _____? Foreldra _____ er innflyttarar. Faren _____ er frå Oslo, og mora _____ er frå Bergen. Elisa er syskenbarnet _____. Ho bur i Trondheim. Dei andre syskenbarna _____ bur her.

Set inn *di, din, ditt* eller *dine*.

Har du hugsa matpakken _____? Bøkene _____ ligg på stovebordet, og jakka _____ på golvet! Det er _____ ansvar å kome på skulen til rett tid. Læraren _____ blir nok både sint og irritert viss du er for sein. Venene _____ ventar på deg utanfor huset _____. Har du hugsa tekstboka _____? Skund deg!

Set inn vår, vårt eller våre.

Det nye huset _____ er fint. Alle møblane _____ er på plass, og bilen _____ står i garasjen. Stova _____ er måla kvit, soveromma _____ er blå, og det store kjøkkenet _____ er gult.

Eigedomsordet kjem vanlegvis **etter** substantivet det fortel om.
Då må substantivet ha **bestemt form**:

Vi ryddar huset **vårt**.
Eg snakka med systrene **mine**.
Har du ringt mora **di**?

Nokre gonger vil vi leggje ekstra trykk på eigedomsordet.
Då kjem eigedomsordet **framfor** substantivet, og substantivet får ubestemt form:

Det er **vårt hus** vi ryddar, ikkje **ditt**!
Det var **mine** systrer eg møtte, ikkje **deira**.
Det er **mi mor** eg har ringt, ikkje **di**.

3

Skriv setningar der eigedomsorda kjem etter substantiva. Bruk uttrykka til venstre.


vårt barn **Barnet vårt heiter Leo.**

mi syster	_____
våre vener	_____
deira bilar	_____
mine interesser	_____
ditt selskap	_____
dykkar nabo	_____
hans heimland	_____
hennar bil	_____
min mann	_____
vår familie	_____

Refleksive eigeomsord

Vi bruker dei refleksive eigeomsorda når han/ho som eig objektet, eller han/ho som objektet høyrer til, er den same som subjektet i setninga.

Då viser subjektet og eigeomsordet i objektet til same person.



Luisa snakkar med mora **si**.
(Det er **Luisas** mor.)

Luisa snakkar med mora **hennar**.
(Det er mora til ei veninne.)

	Eintal			Fleirtal
	hokjønn	hankjønn	inkjekjønn	
3. person	mora si	faren sin	barnet sitt	systrene sine

Merk! Som vi ser over, gjeld dette berre 3. person, eintal og fleirtal.

Carmen møter faren **sin**. Det er **Carmens** far.

Men: **Carmen** møter faren **hans**. Det kan vere faren til ein ven.

Leo og Luisa henta tantene **sine**. Det er **Leo og Luisas** tanter.

Men: **Leo og Luisa** henta tantene **deira**. Det kan vere tantene til Irina og Yuri.

Merk! Si, sin, sitt og sine kan aldri stå som del av **subjektet**:

Leo vil snakke med **mora si**, men **mora hans** er ikkje heime. (mora hans = subjekt)

4

Set inn *sin, si, sitt* eller *sine*.

Maria er seint ute og må skunde seg på jobb. Ho tek på seg kleida _____ i ein fart, et maten _____, pussar tennene _____, finn veska _____ og låser til slutt døra til huset _____. Barna til Maria har allereie gått til skulen _____. Dei åt frukosten _____ og smurde matpakkane _____ før dei gikk. Dei treng ikkje å låse huset _____, for det gjer Maria. Maria køyrer bilen _____ til arbeidsplassen _____. Ho er glad i arbeidet _____ og vil ikkje kome for seint. Når ho kjem fram, ser ho kollegaene _____ på veg inn døra. Ho finn veska _____ og papira _____ og skundar seg etter.

5

Set strek under eigedomsorda.

I kveld har eg bestemt meg for å gå på kino saman med broren min og to av venene mine. Broren min er to år yngre enn meg, og venene mine er like gamle som meg. Den eine venen min kjem frå Iran, den andre venen min er norsk. Foreldra mine er ikkje heime i kveld, men tanta mi kjem innom for å sjå korleis vi har det. Eg bruker å besøkje tanta mi og onkelen min nokså ofte. Dei bur i nabobygda, og bestefaren min og bestemora mi bur ikkje så langt frå dei. Eg vil besøkje alle slektningane mine der seinare i veka.

Fortel det same om Per.

I kveld har Per bestemt seg _____

Fortel det same om Kari.

I kveld har Kari bestemt seg _____

Fortel det same om Per og Kari.

I kveld har Kari og Per bestemt seg _____

6


Refleksivt eller vanleg eigedomsord? Set inn *hans, hennar, deira* eller *sin, si, sitt, sine*.

Carmen skal følgje sonen _____ til fastlegen i dag. Sonen _____, Leo, har vondt i halsen og hostar. Legen _____synest hosten til Leo er stygg, og han gir Carmen ein resept slik at ho kan kjøpe medisin til guten _____. Naboen til Carmen, Kari, er også på legekantoret med to av barna _____. Guten og jenta _____ er også sjuke. No ventar borna på faren _____ som skal kome og hente dei. Begge foreldra _____ er litt urolege for borna _____, særleg for jenta _____ som har høg feber. Legen lover både

Kari og Carmen at barna _____ snart skal bli friske. Han kan nok arbeidet _____, tenkjer Carmen.

Peikeord

Vi kan bruke peikeord når vi peiker på noko. Peikeorda kan stå til eit substantiv eller dei kan stå aleine:



Sjå på **den bilen!** **Den** var fin!

Vi bøyer peikeorda i kjønn og tal:

Hokjønn	Hankjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
den	den	det	dei
denne	denne	dette	desse

Denne, dette og **desse** bruker vi når vi snakkar om noko som er nær oss.
Den, det og **dei** bruker vi når vi snakkar om noko som er lenger borte i tid eller avstand:

Tek du **den** boka **der**, så tek eg **denne** boka **her**.
Det huset vi leigde i fjor, var mykje meir praktisk enn **dette** huset.
Desse epla på bordet ser betre ut enn **dei** som ligg i skapet på kjøkkenet.
Denne sommaren har vore mykje finare enn **den** i fjor.

7

Set inn *den, det* eller *dei* i staden for substantiva.

- måleri Så vakkert _____ er!
 sykkelen Å nei, sjå _____, heilt øydelagd!
 boka _____ var dyr, 300 kroner!
 fjella Har du sett så høge fjell før? _____ er dei høgste eg har sett!

8

Set inn *denne, dette* eller *desse* i staden for substantiva.

- restaurant Skal vi ete på _____ i dag?
 restaurantane _____ som ligg her på andre sida av gata, er så dyre.
 skjørtet _____ var kjempefint og billig.
 skjørta _____ andre var både dyre og umoderne.
 lua Her var det mange luer. Skal eg ta på meg _____?
 luene _____ ser ikkje så varme og gode ut!

9

Set inn *denne, dette* eller *desse* framfor substantiva i setningane under.

- Kva meiner du med _____ spørsmålet?
 I _____ byen er det vanskeleg å finne eit billig hus!
 _____ eplet smakte ikkje godt!
 Tusen takk! _____ blomane var vakre.
 Så flink kokk du er! _____ maten smakte godt.
 Å nei! Eit hò! Og _____ jakka som var så dyr!
 _____ druene smakte mykje betre enn dei vi kjøpte i går!
 Endeleg! _____ oppgåva veit eg svaret på!

10

Set inn *den, det, dei, denne, dette* eller *desse* som i eksemplet.

Vi kan ta *desse* stolane, men ikkje *dei* der borte.

- Eg vil kjøpe _____ boka, men ikkje _____ der borte.
 Eg vil ha _____ epla, men ikkje _____ der borte.
 Eg kjenner _____ flyktningane, men ikkje _____ som går der.
 Han bur i _____ huset, ikkje i _____ der borte.

Vi kan låne _____ maskinene, men ikkje _____ der borte.
_____ klokka går rett, men ikkje _____ som heng på veggen der.

Begge (to) og begge delar

Begge (to) bruker vi når vi snakkar om **to** personar eller **to konkrete** ting i bestemt form eintal:

Kjenner du Luisa og Leo? Ja, eg kjenner **begge (to)**.
Begge husa er gule.

Begge delar bruker vi ved **uteljelege substantiv**, **generelle omgrep** eller ved **handlingar**:

Liker du kaffi eller te? Eg liker **begge delar**.
Vil du ha sjokolade eller kake? Eg vil ha **begge delar**.
Snakkar du spansk eller norsk? Eg snakkar **begge delar**.

11

Lag setningar der du set inn *begge to* eller *begge delar*.

Vil du ha mjølk eller kakao? _____

Snakkar du arabisk eller kurdisk? _____

Vil du ha det grønne eplet eller det raude eplet? _____

Liker du fotball eller handball? _____

Er det Luisa eller Leo som kjem? _____

Både – og

Både må alltid ha bindeordet **og** saman med seg.

Vi bruker **både – og** når vi snakkar om to eller fleire ting eller personar:

Både Leo **og** Luisa gjekk tidleg heim.

Både matematikk, norsk, engelsk **og** kroppsøving er vanlege fag i grunnskulen.

12

Set inn både eller begge.

Carmen kjøpte _____ jakkene.

Ho kjøpte _____ sommarjakka og vinterjakka.

Elevane må skrive ferdig _____ stilane til i morgon.

Elevane fekk fri frå skulen. _____ lærarane var sjuke.

_____ norsklæraren og engelsklæraren var sjuke.

_____ brørne mine er eldre enn meg.

Mengdeord

Mengdeord kan fortelje om kor mange ting ein har:

Eg har **femti** bøker, **sytti** CD-ar og **hundre** filmar.

Mengdeord som **mange** og **få** kan også fortelje om noko som ikkje er talfesta:

Det er **mange** innbyggjarar i Japan, men **få** innbyggjarar i Noreg.

Ubestemte mengdeord som **mykje** og **lite** bruker vi saman med mengder og uteljelege substantiv:

Nordmenn et for **mykje** søtsaker og for **lite** sunn mat!

Grunntal

0 null	10 ti	20 tjue	30 tretti
1 éin/eitt	11 elleve	21 tjuerein	40 førti
2 to	12 tolv	22 tjueto	50 femti
3 tre	13 tretten	23 tjuetre	60 seksti
4 fire	14 fjorten	24 tjuetire	70 sytti
5 fem	15 femten	25 tjuetrefem	80 åtti
6 seks	16 seksten	26 tjueseks	90 nitti
7 sju	17 sytten	27 tjuetrefem	100 hundre
8 åtte	18 atten	28 tjuetrefem	1000 tusen
9 ni	19 nitten	29 tjuetrefem	1000 000 ein million
			1 000 000 000 ein milliard

Når vi har tiarar og einarar etter hundre, bruker vi konjunksjonen **og** for å skrive eller seie talet:

655 = seks hundre **og** femtifem

905 = ni hundre **og** fem

Hundre og tusen har inga ending i fleirtal:

400 = fire hundre

4000 = fire tusen

Million og milliard får **-ar** i fleirtal:

1 million 4 million**ar**

1 milliard 4 milliard**ar**

13

Skriv tala med bokstavar.

39

45

105

378

1555

7634

28 295

2 000 000

7 000 000 000

Ny og gammal teljemåte

55 = femtifem (ny teljemåte: først tiarar – så einarar)

55 = fem og femti (gammal teljemåte: først einarar – så tiarar)

Merk! Det er framleis mange som bruker den gamle måten å telje på.

14

Skriv med tal kva varene kostar.

Mjølka kostar ti femti.

Sjokoladen kostar nitten kroner og nitti øre.

Eplet kostar seks femti for kiloen.

Kjøtet kostar seks og femti for kiloen.

Vaskepulveret kostar trettini førti.

CD-en kostar nittitre nitti.

Boka kostar tre og nitti nitti.

Ei, ein, eit og éi, éin, eitt

Ei, ein og **eit** er ubestemte artiklar som står til eit substantiv i eintal, ubestemt form. **Éi, éin** og **eitt** er grunntal. Dette er det einaste talet som blir bøygd i kjønn.

Merk! Vi skil mellom artiklane og talorda ved å **markere trykket**.

Dette gjer vi ved å bruke apostrof og dobbel konsonant.

15

Set inn *ei, ein* eller *eit* eller *éi, éin* eller *eitt*.

Er klokka to? Nei, klokka er berre _____.

Eg har _____ stor flaske brus, _____ liten mjølkesjokolade og _____ eple.

Kor mange flasker brus drakk du? Eg drakk ikkje meir enn _____ flaske.

Kven har ete opp alle sjokoladane? Ikkje eg! Eg har berre ete _____ sjokolade.

Teljelege og uteljelege mengder

Nokre mengdeord bruker vi framfor substantiv som kan teljast, f.eks. ei bok.

Nokre mengdeord bruker vi framfor substantiv som ikkje kan teljast, f.eks. ris:

Teljelege substantiv	Uteljelege substantiv
Eg har mange bøker.	Han et mykje ris.
Eg har nokre bøker.	Han et noko ris.
Eg har nokre få bøker.	Han et litt ris.
Eg har få bøker.	Han et lite ris.
Eg har ikkje nokon bøker.	Han et ikkje noko ris.

16

Set inn *mange* eller *mykje*, *få* eller *lite*.

Det er _____ snø ute, og _____ barn er ute og går på ski.

Det er _____ kaffi igjen, men _____ flasker brus.

Det er sunt å ete _____ fisk. I går var eg på sjøen og fekk _____ fiskar.

Vi fekk så _____ god mat! Carmen og Arne hadde laga _____ gode rettar.

Siste åra har det vore _____ regn, men i haust har det vore _____ regn.

Kjem det _____ eller _____ gjester på festen i kveld?

17

I oppgåva over er det mange uteljelege substantiv. Kan du finne fleire?

Samanlikning

Vi gradbøyer nokre av mengdeorda når vi skal samanlikne.

Positiv	Komparativ	Superlativ
mange	fleire	flest
mykje	meir	mest
få	færre	færrast
lite	mindre	minst

Per fekk **mange** fiskar, Pål fekk **fleire** fiskar enn Per, men Oskeladden fekk **flest**.

I fjor snøa det **mykje**, året før snøa det **meir** enn i fjor, men i år har det snøa **mest**.

Oskeladden fekk **få** fiskar, Pål fekk **færre** fiskar enn Oskeladden, men Per fekk **færrast**.

I fjor regna det **lite**, året før regna det **mindre**, men i år har det regna **minst**.

18

Per har
50 bøker
mykje frukt

Pål har
30 bøker
noko frukt

Oskeladden har
10 bøker
lite frukt

Bruk opplysningane over, og lag setningar med:

mange _____

fleire _____

flest _____

meir _____

mest _____

mindre _____

minst _____

Mengdeuttrykk – ei oppsummering

mange – fleire – flest
dei fleste

Desse formene bruker vi saman med noko **teljeleg**:

I hylla stod det **mange** bøker.

Luisa lånte **fleire** bøker **enn** Leo.

Luisa lånte **flest** (bøker).

Ho lånte **dei fleste** (bøkene).

mykje – meir – mest
det meste
mesteparten

Desse formene bruker vi saman med noko **uteljeleg**:

På benken stod det **mykje** mat.

Leo åt **meir** mat **enn** Luisa.

Leo åt **mest** (mat).

Han åt **det meste** (av maten).

Han åt **mesteparten** (av maten).

19

Set inn rette former av *mange, mykje, få* eller *lite*.

Det kom _____ gjester enn Arne og Carmen hadde rekna med.

Nordmenn drikk _____ kaffi enn det engelskmenn gjer.

Det er _____ studentar frå Ghana enn frå Kenya.

Dei _____ studentane kjem frå Noreg.

Studentane fekk _____ heimearbeid, _____ enn i førre veke.

Luisa gjorde _____ av heimearbeidet kvelden før.

Muhammed røykjer _____ enn Fatima. Ho røykjer ikkje så _____.

Arne og Carmen kjenner _____ flyktningar.

Dei _____ flyktningane kjem frå Iran.

Lite og litt

Desse orda tyder ikkje det same:

Vi har **lite** pengar igjen. Korleis skal vi greie oss?

Det er **lite** mat igjen. Vi må kjøpe meir mat.

Vi har **litt** pengar igjen. Vi greier oss bra likevel.

Det er **litt** mat igjen. Vi må ikkje kjøpe mat likevel.

Merk! **Lite** er oftast eit negativt uttrykk, medan **litt** er oftast eit positivt uttrykk.

20

Set inn *litt* eller *lite*.

Vi har dessverre _____ ris, men vi har _____ kjøt og nokre poteter.

Vi kan ikkje køyre heilt til Oslo. Vi har _____ bensin igjen.

Vil du ha _____ kaffi, eller vil du ha _____ te?

Arne røykjer _____, og han trimmar _____. Han burde ta betre vare på helsa si.

Du et så _____! Har du ikkje matlyst? Et du for _____ fisk?

Carmen og Arne har allereie eit hus, men det er nokså _____. No når familien har vorte _____ større, treng dei _____ meir plass.

All, alt og alle

Desse orda står til substantiv.

All og **alt** bruker vi framfor uteljelege substantiv:

Han drakk opp **all mjølka**.

Ho åt opp **all maten**.

Dei hadde brukt opp **alt vatnet**.

Alle står framfor substantiv i fleirtal:

Dei ropte på **alle barna**.

Dei ropte på Kari, Leo og Ali.

Når det berre er to substantiv, bruker vi **begge** og ikkje **alle**:

Dei ropte på Kari og Leo – dei ropte på **begge barna**.

21

Set inn *all, alt, alle* eller *begge* saman med rett form av substantivet.

snø Sjø _____ som har kome i natt!

bil _____ er dekte av snøen.

vatn Kvar kjem _____ på golvet frå?

teppe _____ har vorte våte.

mat Kva skal vi gjere med _____ som er igjen?

pølse _____ er visst borte.

elev Vi må snakke med _____.

elev Det er to irakiske elevar på skulen. Vi må snakke med _____ frå Irak.

kake Kven har ete opp _____?

boss Kvar torsdag må vi rydde vekk _____.

flyavgang På grunn av dårleg ver er _____ kansellerte.

Heil, heilt og heile

Framfor teljelege substantiv må vi bruke **heil** i staden for **all**.

Heil bøyer vi etter kjønn i eintal:

Leo drakk **ei heil flaske** brus.

Eg måtte vente **ein heil time** før eg kom inn til legen.

Det er **eit heilt år** sidan eg såg kona mi sist.

Heil bøyer vi slik i bestemt form:

Heile verda vart skremd den 11. september 2001.

22**Set inn *heil, heilt og heile*.**

Barna masar _____ tida om å få kjøpe godteri.

_____ byen hadde møtt fram for å sjå kronprinsparet.

Muhammed måtte vente eit _____ år før han fekk svar på søknaden om asyl.

Eg kjem ikkje på skulen i morgon. Eg blir borte _____ dagen.

Luisa planlegg å ta fri eit _____ år for å reise rundt _____ jorda.

Leo åt opp ei _____ kake aleine.

Carmen såg ein _____ flokk med sauer.

23**Set inn *all, alt, alle* eller *heil, heilt, heile*.**

Skal du arbeide _____ sommaren? Nei, men eg skal arbeide _____ dagane i juli.

Sjå på _____ snøen ute! Det snør _____ tida. Eg har måka snø ein _____ time, men eg må nok bruke _____ dagen, ja, kanskje eit _____ døgn!

Dei sat oppe _____ natta og diskuterte _____ problema sine.

Leo har ete _____ druene på skåla. Han har også ete opp _____ brødet i brødboksen, han har drukke opp _____ jusen i kjøleskapet og _____

mjølkekartongen. Det er snart _____ tomt i kjøleskapet.

No har eg lese eit _____ kapittel, og eg håper _____ boka er like spennande. Eg har lese _____ denne forfattaren har skriva før. På biblioteket har dei _____ bøkene hans.

Når du er ferdig med _____ denne oppgåva, må du gjere _____ dei andre oppgåvene i kapittelet.

Mengdeord i staden for substantiv

Sjølv om mengdeorda står aleine, viser dei likevel til substantiv, og står i staden for substantiva.

Ord som **menneske** eller **personar** tek vi ofte bort:

Var det **nokon** (person) som ringde på døra?

Det var svært **mange** (menneske) i kyrkja julekvelden.

Det var **få** (menneske) i kyrkja sist søndag.

Alle (studentar) i Noreg har rett på studielån.

Ingen (barn) fekk lov å kome inn.

24

Set inn *alle, ingen, mange, få* eller *nokon*.

Det er skuleplikt for _____ under 16 år i Noreg.

Er det _____ som ikkje har plikt til å gå på skule?

Nei, _____ kan late vere å møte på skulen.

Er det _____ som kan få velje om dei vil vere med på turen?

Nei, det er anten _____ eller _____.

Kjem det _____ eller _____ på festen i kveld?

Vi må finne _____ som kan hjelpe oss!

Kan ikkje _____ det?

Nei, det er _____ her i bygda som kan dette.

I dag var _____ borte frå klassa. Dei var sjuke.

Ein

Mengdeordet **ein** bruker vi i staden for substantiv eller pronomen når vi snakkar om menneske generelt.

Vi tenkjer ikkje på bestemte personar, men vi snakkar om noko som gjeld fleire:

Ein bør alltid kome presis.

Ein må passe seg i trafikken.

I staden for **ein** kan vi bruke f.eks. **du** eller **folk**:

Du bør alltid kome presis.

Folk må passe seg i trafikken.

25

Set inn mengdeordet *ein*.

Skal _____ alltid kome presist til ein avtale? Ja, _____ må alltid kome presist til avtalar på offentlege kontor og hos lege og tannlege. Men når _____ har ein avtale med vener, må _____ ikkje vere like presis. Om _____ gløymer avtalen hjå legen, kva skjer då? Då må _____ kanskje betale for ein legetime som _____ ikkje har hatt. _____ vil nok ikkje gløyme timen neste gong!

Eigen

Dette er eit forsterkande bestemmarord.

Ordet fortel at noko høyrer til nokon, og ofte kjem **eigen** etter eigedomsordet **sin**:

Vi skal flytte inn i **eige** hus.

Leo ville tene sine **eigne** pengar.

Vi bøyer **eigen** i tal og kjønn:

Han har sin **eigen** bil (hankjønn).

Han har si **eiga** leilegheit (hokjønn).

Han har sitt **eige** hus (inkjekjønn).

Dei har sine **eigne** hus (fleirtal).

26

Set inn rett form av *eigen*.

Arne har sitt _____ firma. Han har _____ kontor, _____ datamaskin og sin _____ firmabil.

Luisa og Leo måtte dele rom før, men no har dei fått _____ rom. Det er godt å ha sitt _____ rom, synest Luisa. Ho kunne tenkje seg å få si _____ leilegheit snart.

Dei første månadene i Noreg leigde familien ei stor leilegheit, men no har dei fått sitt _____ hus.

VERB	79
Infinitiv	81
Verbbøying i presens	82
Bruk av presens	86
Verbbøying i preteritum	87
Bruk av preteritum	90
Perfektum partisipp	92
Sterke verb i perfektum partisipp	93
Uregelrette verb	94
Presens perfektum	96
Modale verb	99
Presens futurum	101
Preteritum perfektum	103
Preteritum futurum	103
Imperativ	104
Passiv	105
St-verb – verb med spesiell ending i infinitiv	108
Samsvarbøying	110
Oppsummering av verbbøying og verbtider	111
Bruk av ordbok eller ordliste	112

VERB

Verb fortel kva som skjer eller kva nokon gjer.



Leo **skriv**.



Luisa **les**.



Prikken **et**.



Carmen og Arne **dansar**.

1**Strek under verba i teksta.**

Familien står opp klokka sju. Luisa bruker lang tid på badet. Først dusjar ho og vaskar håret. Så tørkar ho seg, føner håret og sminkar seg. Leo må alltid vente. Klokka åtte et dei frukost. Leo og Luisa dekkjer bordet. Far skjer opp brødet medan mor lagar kaffi og koker egg. Til frukost drikk dei kaffi og et grovbrød med brunost. Klokka halv ni tek alle

på seg ytterkle. Leo og Luisa spring for å rekke bussen. Mor køyrer bil, og far sykklar til jobben.

Infinitiv

Infinitiv er verbforma du finn som oppslagsord i ordbøker eller ordlister: **å hoppe, å snakke, å vere, å rope, å leve, å bu** osv.

Du kan velje mellom **a-** eller **e-ending** av verb i infinitiv.

Desse formene er jamstilte. I denne boka blir **e-ending** alltid brukt, f.eks. **å ete, å leve.**

Nokre verb i infinitiv, med berre éi staving, endar på andre vokalar: **å bu, å sy, å gå**

2

Sjå oppgåve 1. Kva heiter verba i infinitiv?

Infinitiv med å og utan å

Infinitivsmerket **å** står før eit verb i infinitiv.

Vi bruker infinitivsforma utan **å** før modale verb (sjå s.21):

skal kome, kan bu, måtte gå

Nokre verb i presens, f.eks. bruker og liker, får ofte infinitivar med **å** etter seg:

Eg bruker **å reise** kvar måndag.

Eg liker **å stå opp** tidleg.

Merk! Eit verb i infinitiv kan ikkje stå aleine som verbal i ei setning.

3

Vel mellom desse verba i infinitiv, med eller utan å: ete, kome, kjøpe, lage, reise, lære, stå opp, vere, begynne.

Eg bruker mykje pengar på _____ gåver før jul.

Arne skal _____ på spanskurs i neste veke.

Carmen kunne ikkje _____ i kveld for ho var sjuk.

Irina bruker _____ til Russland ein gong i året.

Leo har planlagt _____ tidleg i morgon.

Kan du ikkje _____ her ei stund til?

Luisa skal _____ middag kl. 17.00.

Han liker _____ god mat.

Carmen prøver _____ norsk.

Verbbøying i presens

Vi deler verba inn i **svake og sterke verb**.

Svake verb:

Vi lagar ofte presens ved å setje **-ar** eller **-er** til infinitiv av dei svake verba.

Type verb:	Infinitiv	Presens	Ending i presens
a-verb	å snakke	snakkar	-ar
e-verb	å hjelpe	hjelper	-er

Dei aller fleste svake verb blir bøygde som a-verb eller e-verb.

Merk! Du må pugge kva verb som er e-verb, og kva verb som er a-verb.

4

Set verba i infinitiv og plasser dei i rett gruppe: hoppar, greier, kastar, besøkjer, snakkar, lever, reiser, helser, sykklar, svarer, dansar, bruker, håper, rettar, takkar, arbeider, tenkjer, sender, prøver, byggjer, reknar, teiknar, studerer, ønskjer, røykjer, møter, tørkar, målar, startar, pakkjar, kjøper, ryddar, sparkar, underviser, vaskar, smaker, baker, lagar, hjelper, liker, speler, kviler, ventar, bankar, drøymer, trenar.

a-verb:

e-verb:

5**Set inn verb i presens.**

- å hoppe Barna på skulen _____ tau i friminuttet.
- å tørke Eg _____ meg med handduken.
- å kvile Bestefar _____ på sofaen kvar dag.
- å reise I morgon _____ vi til Cuba.
- å takke I Noreg _____ ein for maten.
- å banke Kven er det som _____ på døra?
- å vente Mor _____ på at eg skal kome heim.
- å prøve Leo _____ å få tid til å trene kvar dag.
- å kjøpe Han _____ ris, kylling og grønsaker på butikken.
- å røykje Dei _____ i pausane.
- å vaske Kvar laurdag _____ Leo og Luisa romma sine.
- å tenkje Eg _____ på deg kvar dag!
- å svare Leo _____ på spørsmåla frå læraren.
- å undervise Ho _____ i norsk og engelsk.

Kortverb og j-verb

Kortverb og j-verb høyrer også til dei svake verba.

Kortverba har éi staving i infinitiv og endar på ulike vokalar. Desse verba får berre **-r** i presens.

J-verba skal ha **j** i infinitiv og inga ending i presens.

Type verb:	Infinitiv	Presens	Ending i presens
Kortverb	å nå	når	-r
Kortverb	å sy	sy	-r
j-verb	å telje	tel	inga ending
j-verb	å krevje	krev	inga ending

Merk! Ikkje alle verb med **j** i infinitiv er j-verb. Ønskje, røykje og styrkje er e-verb.

6

Set inn presensforma av kortverba og j-verba.

- å spørje Carmen _____ læraren om bøyning av verb.
- å tru _____ du det blir fint vêr i morgon?
- å symje Kvar onsdag _____ Luisa 1000 meter i symjebassenget.
- å selje I basaren i Istanbul _____ dei mange spennande ting.
- å ro Per _____ båten medan far set ut garnet.
- å velje Foreldra _____ Carmen til klassekontakt.
- å gro Såret på beinet til Leo _____ ikkje godt.
- å fortelje Kvar kveld _____ foreldra eventyr til barna sine.
- å telje Han _____ til ti på spansk.
- å skilje På nynorsk _____ ein mellom a-verb og e-verb.
- å krevje Læraren _____ at alle kjøper ordbøker.
- å nå Viss vi skundar oss, _____ vi kanskje bussen!
- å blø Såret på beinet hans _____.
- å bu Vi _____ i eit koseleg hus.
- å setje Luisa _____ seg i den gode stolen.

Sterke verb i presens

Dei fleste sterke verb får inga ending i presens.
Nokre av dei skiftar vokal.

Infinitiv	Presens	Ending	Vokalskifte
å bite	bit	inga ending	
å fare	fer	inga ending	vokalskifte
å ete	et	inga ending	

Nokre sterke verb får r-ending i presens: å gi – gir, å få – får.

7**Set inn presensforma av dei sterke verba.**

- å bite Hunden _____ postmannen i beinet.
- å vinne Arne _____ kvar gong han og Leo speler kort.
- å fare Skund deg! Eg _____ om ei lita stund.
- å ete Vi _____ middag kl. 17.00 kvar dag.
- å lese Luisa _____ nokre sider i boka si kvar kveld.
- å vekse Håret _____ nokre centimeter i månaden.
- å bere Kvar dag _____ eg handlevarene heim.
- å bryte Han _____ litt av brødet og gir til fuglane.
- å ta Carmen og Ali _____ kvarandre i handa og helser.
- å drepe Prinsen _____ ofte trollet i folkeeventyra.
- å skine Midnattssola _____ heile natta.
- å liggje Klokka er elleve og Leo _____ framleis i senga.
- å sitje I klasserommet _____ Luisa ved sidan av veninna si.
- å skrive Dei _____ tekster på norsk kva veke.
- å vinne Arne _____ aldri i Lotto.
- å gi Leo _____ Carmen ein stor klem.

Bruk av presens

Presens bruker vi om:

noko som skjer **no** eller i dag:
Leo **går** til skulen no.

noko som **vanlegvis** skjer:
Leo **går** til skulen kvar dag.

noko som **alltid** skjer:
Juleferien **begynner** i desember.

noko som skal skje i **framtida**:
I ferien **reiser** Carmen til Cuba.

Når vi bruker presens for å vise til **framtid**, står det ofte eit tidsledd som fortel kva tid vi tenkjer på, f.eks. **i ferien, i morgon, om ein time** osv.

Vi bruker ofte presens for framtid når vi har verb som fortel om **forandring** eller **rørsle**, t.d. **å starte, å kome, å dra, å flytte**:

Luisa **startar** på ny skule **til hausten**.
Familien drar på **ferie** til Spania **neste år**.

8

Er dette noko som skjer *no*, *vanlegvis*, *alltid* eller *i framtida*? Sjå eksemplet under.

No sit Luisa på skulen.

noko som skjer **no**

I dag **er** det måndag.

Luisa **står** opp.

Ho **står** opp klokka sju kvar morgon.

Ho **står** alltid opp før klokka sju.

Ho **står** opp klokka sju i dag også.

I morgon **står** ho også opp klokka sju.

9

Fortel om ein vanleg dag.

Eg står opp klokka

10

Desse verba uttrykkjer rørsle eller forandring.

Lag setningar og bruk verba under i presens for å vise framtid.

å kome Carmen kjem hit på ferie neste sommar.

å dra

å reise

å flytte

å starte

å slutte

å begynne

Verbbøying i preteritum

Svake verb har ending i preteritum.

A-verba får endinga **-a** og e-verba anten **-de** eller **-te**.

Type verb	Infinitiv	Presens	Preteritum	Ending i preteritum
a-verb	å snakke	snakkar	snakka	-a
e-verb	å reise	reiser	reiste	-te
e-verb	å arbeide	arbeider	arbeidde	-de

Dersom stammen i e-verba endar på ein av konsonantane i ordet

FoLKePeNSJoNiSTaR, får dei **-te** i preteritum, f.eks. reise

Dersom stammen endar på v, g, d, m, får dei **-de** i preteritum, f.eks. arbeide

Merk! Mange verb kan vere både a- og e-verb, f.eks. **å bruke, å like, å svare, å håpe.**

Då kan vi velje bøyingsmønster sjølve. Det er viktig å vere konsekvent.

11

Set inn verb i preteritum. Bruk regelen for å finne ut om endinga er -te eller -de.

- å møte Eg _____ kona mi for ti år sidan.
 å leige Vinteren 1996 _____ vi eit lite hus i Spania.
 å kjøpe I går _____ Leo tre sjokoladar.
 å hjelpe Luisa _____ Leo med leksene i går.
 å lære På tyskkurset _____ vi mykje grammatikk.
 å leve Han _____ eit godt liv.
 å tene Han _____ ein million kroner i fjor.
 å arbeide Då Carmen budde i heimlandet, _____ ho mykje.
 å treffe I fjor sommar _____ eg alle venene mine igjen.

Kortverb og j-verb

Kortverba får endinga **-dde** i preteritum, og j-verba får som regel endinga **-de**.

Type verb:	Infinitiv	Presens	Preteritum	Ending i preteritum
kortverb	å nå	når	nådde	-dde
j-verb	å selje	sel	selde	-de
j-verb	å telje	tel	talde	-de + vokalskifte

Merk! Mange j-verb får vokalskifte i preteritum.

Du må bruke ordbok for å finne ut om eit j-verb får vokalskifte eller ikkje.

12

Set inn preteritum av kortverba og j-verba.

- å spørje Carmen _____ læraren om bøyning av verb.
 å tru Eg _____ han kom frå Cuba.
 å symje På onsdag _____ Luisa 1000 meter i symjebassenget.
 å selje I basaren i Istanbul _____ dei mange spennande ting.
 å ro Per _____ båten medan far sette ut garnet.
 å velje Foreldra _____ Carmen til klassekontakt.
 å gro Såret på beinet til Leo _____ ikkje godt.
 å fortelje Kvar kveld _____ foreldra eventyr til barna sine.
 å telje Han _____ til ti på spansk.
 å skilje Foreldra til Kari og Per _____ seg i fjor.

Sterke verb i preteritum

Sterke verb har ikkje ending i preteritum og endrar ofte vokal når dei blir bøygde.

Infinitiv	Presens	Preteritum
å bite	bit	beit
å vinne	vinn	vann
å ete	et	åt
å lese	les	las
å trenge	treng	trøng
å blåse	blæs	bles
å bryte	bryt	braut

13**Set inn dei sterke verba i preteritum.**

- å bite Hunden _____ postmannen i beinet.
 å finne Eg _____ ringen eg hadde mist.
 å ete Vi _____ middag kl. 17.00 i går.
 å lese Eg _____ nokre sider i boka mi i går kveld.
 å vekse Leo _____ ti centimeter i fjor.
 å bere På laurdag _____ eg varene heim frå butikken.
 å bryte Du _____ lovnaden om å halde det hemmeleg.

14**Set inn passende verb: skaut, tok, skreiv, for, gjekk, kom, gav, sat, fekk, såg.**

- Ali _____ namnet sitt med arabiske teikn.
 Han _____ på trening for ein time sidan.
 Han _____ tre gonger før han treffe blink.
 Fatima _____ trikken til byen.
 Læraren _____ dei muslimske elevane fri for å feire id.
 Han køyrde for fort og _____ ei stor bot.
 Arne _____ ein lang fjelltur på søndag
 _____ du filmen på TV2 i går kveld?
 Han _____ på med meg i bilen min.
 Kvifor _____ ikkje Luisa på festen?

Bruk av preteritum

Preteritum bruker vi:

når vi seier kva tid noko er avslutta i fortida:

Leo **gjekk** til skulen **klokka ni**.

om noko som gjentek seg i fortida:

Leo **gjekk** til skulen **kvar dag** i fjor.

når vi vurderer nokon eller noko:

No **var** du verkeleg **flink!** Maten **var god!**

16

Gjer teksta om til preteritum. Kva likte Leo å gjere før?

Leo liker å spele fotball. Han drøymmer om å spele på A-laget. Tre gonger i veka trenar han. I helgane speler han kampar. Leo bruker mykje av fritida si på fotball. Ofte har han ikkje tid til å vere saman med venene sine. Dei seier at han bruker for mykje tid på fotballen.

Før likte Leo å spele fotball. Han _____

17

Svar med same verb i preteritum.

Røykjer du?	Nei, men eg _____ då eg var ung.
Vil du ha noko å ete?	Nei takk, eg _____ for ein time sidan.
Kjem Carmen snart?	Ho _____ nettopp inn døra.
Trenar du mykje?	Nei, men før _____ eg mykje.
Ser du mykje på TV.	Nei, men under fotball-VM _____ eg mykje på TV.
Handlar du i byen?	Nei, men før _____ eg alltid i byen.
Gjer du alltid leksene dine?	Ikkje alltid. Men før _____ eg alltid leksene.
Kan du stå på hendene?	Ikkje no, men før _____ eg på hendene.

18

Lag setningar med tidsuttrykka under. Skil verba stå i presens eller preteritum?

I går _____

Av og til _____

I fjor _____

I helgane _____

Om ein time _____

Klokka halv sju _____

Kvar onsdag _____

Då _____

For tre år sidan _____

Om sommaren _____

19

Fortel. Kva gjorde du i helga?

I helga _____

Perfektum partisipp

Perfektum partisipp av a-verba er lik preteritumsforma.

I e-verb, kortverb og j-verb tek vi bort -e frå partisippforma.

Type verb:	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp	Ending
a-verb	å snakke	snakkar	snakka	snakka	-a
e-verb	å reise	reiser	reiste	reist	-t
kortverb	å nå	når	nådde	nådd	-dd
j-verb	å telje	tel	talde	talt	-t

Merk! Vi bruker ikkje perfektum partisipp aleine i ei setning.

Vi må ha med eit hjelpeverb i presens eller preteritum: **har** snakka, **hadde** snakka

20

Set inn perfektum partisipp av a- og e-verba.

- å hoppe Leo har _____ på trampoline i heile dag.
- å tørke Carmen hadde _____ støv i heile huset.
- å kvile Farfar har _____ seg lenge no.
- å reise Arne har _____ jorda rundt.
- å takke Leo hadde _____ for maten før han gjekk.
- å banke No har eg _____ på døra i fem minutt!
- å vente Eg har _____ på ferja i ein time.
- å prøve Yuri hadde _____ å finne lykka i Noreg.
- å snakke Kven har du _____ med i dag?
- å arbeide Carmen hadde _____ som lege i mange år før ho kom til Noreg.

21

Kva er perfektum partisipp-forma av desse kortverba og j-verba?

- å spørje Carmen har _____ læraren om hjelp.
- å leggje Alle barna hadde _____ seg før klokka ti.
- å tru Eg hadde aldri _____ at eg skulle klare eksamen.
- å symje I dag har Leo _____ 1000 meter.
- å selje Ekspeditøren har _____ mange nyttårsrakettar.
- å ro Han har _____ frå Noreg til England.
- å velje Har Arne _____ rett?

- å gro Graset har _____ så lite i sommar.
- å fortelje Ho har _____ alt til venene sine.
- å setje Carmen hadde allereie _____ seg til bords.
- å krevje Læraren _____ at alle kjøpte ordbøker.
- å nå Dei _____ bussen akkurat i tide.
- å blø Såret på beinet hans _____ mykje.
- å bu På Cuba _____ dei i eit koseleg hus.
- å setje Luisa _____ seg i den gode stolen.

Sterke verb i perfektum partisipp

Dei sterke verba skifter vokal frå infinitiv til preteritum til perfektum partisipp. Som du ser av eksempla under, har dei sterke verba mange bøyingsmønster. Derfor må du lære kvart verb for seg. Her er eit oversyn:

Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp	Vokalskifte
å bite	bit	beit	bite	i - ei - i
å vinne	vinn	vann	vunne	i - a - u
å sitje	sit	sat	sete	i - a - e
å liggje	ligg	låg	lege	i - å - e
å fare	fer	fór	fare	a - o - a
å ta (ke)	tek	tok	teke	a - o - e
å falle	fell	fall	falle	a - a - a
å la (te)	lèt	lét	late	a - e - a
å ete	et	åt	ete	e - å - e
å lese	les	las	lese	e - a - e
å vekse	veks	voks	vakse	e - o - a
å trenge	treng	trong	trunge	e - o - u
å bere	ber	bar	bore	e - a - o
å bryte	bryt	braut	brote	y - au - o
å syngje	syng	song	sunge	y - o - u
å gå	går	gjekk	gått	å - e - å

22

Kryssord: Set inn partisippformer

å skrive har _____

å skyte har _____

å finne har _____

å bere har _____

å ta har _____


å skine har _____

å grave har _____

å sitje har _____

å skjere har _____

å binde har _____



Løysingsord: _____

Uregelrette verb

Nokre verb får eit spesielt bøyingsmønster. Desse må du lære.
Vi skal sjå på nokre av dei vanlegaste:

Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp
å eige	eig	åtte	ått
å gjere	gjer	gjorde	gjort
å ha	har	hadde	hatt
å seie	seier	sa	sagt
å vite	veit	visste	visst
å vere	er	var	vore

23

Set inn verb som passar. Vel mellom verba ovanfor.

Arne har _____ høg feber og har _____ heime frå jobb i mange dagar. Han har ikkje _____ mykje desse dagane. Sjefen har _____ at han må ta det med ro.

Veit du kven som _____ desse bøkene? Nei, det _____ eg ikkje. Men spør læraren. Han _____ det sikkert.

Ha

Verbet **å ha** blir brukt på fleire måtar og har fleire tydingar:

Eg **har** sagt det før. (**hjelpeverb** i ei samansett verbtid)

Carmen **har** ein stor bil. (tyder det same som **eig**)

Eg **har** influensa. (tyder **lid av**)

24

Set inn rett form av å vere eller å ha.

Fatima _____ 40 år.

Luisa _____ høg feber sist veke.

Det _____ fint vêr i går.

Carmen _____ god utdanning.

Leo _____ glad i å spele fotball.

Farfar _____ gammal då han døyde.

Bli og verte

Verba **å bli** og **å verte** tyder det same. Vi bruker desse verba om **framtid** og om **forandring** frå ein tilstand til ein annan:

Det er fint vêr i dag, men i morgon **blir** det regn.

Carmen er alltid blid, men i går **vart** ho sint.

Vi kan velje tre ulike måtar å bøye desse verba på:

Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp
å bli	blir	blei	blitt
å verte	vert	vart	vorte
å bli	blir	vart	vorte

Merk! I denne grammatikken har vi valt den siste bøyingsmåten. Dette er vanleg i mange dialektar.

25

Set inn rette former av å bli.

Leo kjem til _____ overraska!

Leo _____ nok overraska når han kjem heim i morgon.

Leo _____ nok overraska då han kom heim i går.

Leo har _____ overraska mange gonger.

Presens perfektum

Presens perfektum lagar vi av hjelpeverbet **å ha** i presens: **har**, og perfektum partisipp av hovudverbet, f.eks. **å gå – gått**:

Luisa **har gått** heim.

Presens perfektum bruker vi om:

fortid utan tidsuttrykk:

Luisa **har budd** på Cuba. (Men ho bur der ikkje no lenger.)

handlingar som framleis varer:

Leo **har budd** i Noreg **i tre år**. (Han bur her no også.)

handlingar som har innverknad på notida:

Carmen **har ete** frukost **i dag**. (Ho er ikkje svolten no.)

26

Svar i presens perfektum.

Når skal du gjere leksene?

Eg har gjort leksene.

Når skal du treffe Luisa?

Eg _____

Skal de arbeide med leksene?

Vi _____

Skal dei ete middag?

Dei _____

Kan du vinne?

Eg _____

Når skal han skrive stilen?

Han _____

Når skal ho snakke med legen?

Ho _____

Skal du hjelpe dei?

Eg _____

27

Lag setningar med eg og presens perfektum av verba til venstre.

å lese No _____ ferdig boka.

å bu No _____ her i to år.

å arbeide I ni år _____ i det same firmaet.

- å måle No _____ huset gult.
å kjøpe Endeleg _____ ny bil.
å bake I dag _____ mange kaker.
å springe I dag _____ ei mil.

28

Svar på spørsmåla.

Kor lenge har du vore i Noreg?

Har du lånt bøker på eit bibliotek i Noreg?

Har du gjort leksene dine til i dag?

Har du ete frukost i dag?

Kva TV-program har du sett denne veka?

Kor lenge har du studert norsk?

Har du vore i utlandet i år?

Preteritum eller presens perfektum?

Vi kan bruke begge desse verbformene om fortid.

Saman med preteritum bruker vi gjerne tidsuttrykk som viser at noko er avslutta, t.d. **i 1997, i går, i fjor, i mai:**

Luisa **gjekk** til skulen **klokka åtte**.

Vi seier ikkje **når** ei handling i presens perfektum er avslutta. Men vi kan bruke ord som fortel om ei tid som går fram til notida, t.d. **i dag**, **i år**, **i denne veka**:

Luisa **har gått** til skulen **i dag**.

29

Preteritum eller presens perfektum?

- å bu Eg _____ i London. Eg _____ der i 1997.
- å kjøpe Eg _____ meg ny jakke. Eg _____ ho på Cubus i går.
- å sjå Leo _____ kongen. Han _____ han på 17. mai.
- å arbeide Kari _____ her i mange månader.
- å kome Luisa _____ til Noreg på torsdag.
- å lese Eg _____ ferdig boka. Eg _____ ho i sommar.
- å ete Barna _____ middag hos besteforeldra i dag. Dei _____ der i går også.
- å starte Skuletimen _____. Han _____ for fem minutt sidan.
- å skrive Leo _____ kort til mormor. Han _____ det i går.
- å levere Eg _____ mange tekster på norsk. Eg _____ ei tekst i å
- lære Vi _____ om perfektum denne veka. Sist veke _____
vi om preteritum.

Modale verb

Dei modale verba bruker vi ofte i presens saman med eit verb i infinitiv.

å kunne: evne, moglegheit

å skulle: plan, avgjerd

å vilje: ønskje, lyst

å måtte: påbod, plikt

å burde: tilråding

Infinitiv	Presens	
kunne	Ho kan skrive.	(Ho har lært å skrive.)
skulle	Ho skal skrive.	(Ho har planlagt å skrive.)
vilje	Ho vil skrive.	(Ho ønskjer å skrive, ho kjem til å skrive.)
måtte	Ho må skrive.	(Ho er nøydd til å skrive.)
burde	Ho bør skrive.	(Det er best at ho skriv.)

Merk! Etter modale verb bruker vi infinitiv **utan å**:

Luisa **kan** ikkje **skrive** norsk. Men Leo **kan skrive** litt norsk.

Eg **skal** ikkje **vere** heime i ferien. Eg **skal reise** til heimlandet mitt.

30

Set inn modale verb. Her er det fleire alternativ.

Pablo _____ ikkje skrive norsk. Men Irina _____ skrive litt norsk.

Eg _____ ikkje vere heime i ferien. Eg _____ reise til heimlandet mitt.

Leo _____ ikkje ha fisk til middag. Han _____ ha pizza.

Du _____ ikkje kome for seint! Du _____ vere presis!

Viss du _____ bu i Noreg, _____ du lære norsk.

Han _____ reise til Oslo i kveld. Han _____ ta nattbussen kl. 22.00.

Leo _____ ikkje sjå denne filmen. Han er ikkje gammal nok. Men Luisa _____ sjå han.

Per er berre tre år. Han _____ ikkje lese. Han _____ at mora _____ lese for han.

Carmen _____ ikkje kome på norskkurs i dag. Ho _____ på sjukehus med sonen sin.

Du _____ ikkje køyre på raudt lys! Då _____ du få bot.

Arne _____ lære spansk. Han _____ melde seg på eit spanskkurs.

31

Set inn modale verb i folkeeventyret under.**Kven skal bake, og kven vil smake?**

Ein katt, ei mus og ei høne bur saman. Ein dag seier høna:

Vi har ikkje meir mat i huset. No _____ vi bake.

Ja, det _____ vi, seier katten.

Ja, det _____ vi, seier musa.

Kven _____ gå etter mjøl? spør høna.

Ikkje eg, seier katten.

Ikkje eg, seier musa.

Då _____ eg gå, seier høna.

Høna kjem tilbake med mjøl.

Kven _____ bake? spør høna.

Ikkje eg, seier katten.

Ikkje eg, seier musa.

Då _____ eg gjere det, seier høna, og så lagar ho ei kake og steikjer henne.

Kaka er ferdig og ligg på bordet.

Kven _____ ete kaka? spør høna.

Det _____ eg, seier katten.

Det _____ eg, seier musa.

Nei, det _____ eg! seier høna, og så et ho opp heile kaka.

32

Set inn rett verbform.

å lese Carmen _____ aviser kvar dag. Ho kan _____ mykje norsk no. Ho prøver å _____ ei norsk avis kvar dag.

å snakke Carmen kan _____ spansk og engelsk. Ho prøver ofte å _____ norsk. Ho går på norskkurs kvar dag. I pausane _____ ho norsk med dei andre elevane.

å sove Barna prøver å _____. Foreldra seier at dei må _____. Men barna klarer ikkje å _____. Det er så mykje bråk ute.

Vanlegvis _____ dei frå klokka åtte til klokka sju. Foreldra håper dei vil _____ lenge i morgon.

Presens futurum

Denne forma lagar vi ved å bruke presensformene av dei modale verba **skal** eller **vil** og eit hovudverb som må stå i infinitiv:

Carmen **vil lære** norsk.
Arne **skal reise** på båttur.

Presens futurum (futurum tyder framtid) bruker vi om:

noko vi har planlagt:
Leo **skal gå** til skulen i morgon.

noko vi trur kjem til å skje:
Leo **vil gå** tidleg heim i dag.

33

Kva skal Arne gjere i morgon?

kl. 7.00	stå opp	_____
kl. 7.15	vaske seg	_____
kl. 7.30	ete frukost	_____
kl. 7.45	sykle til jobb	_____
kl. 8.00	jobbe	_____
kl. 14.00	legen	_____
kl. 16.00	ete middag	_____
kl. 18.00	trene	_____
kl. 20.00	kino	_____
kl. 23.30	leggje seg	_____

34

Kva skal du gjere i morgon? Fortell!

Kjem til å

Vi bruker ofte **kjem til å** og verb i infinitiv om noko vi reknar med skal skje i framtida. Vi bruker uttrykket om noko vi **ikkje** har planlagt:

Luisa **kjem til å bli glad** når ho får e-post frå veninna si på Cuba.

35

Bruk *kjem til å* saman med verb i infinitiv. Vel mellom desse verba: å bli, å trivast, å sakne, å føle seg, å like seg, å gå

Eg trur norsktesten _____ vanskeleg.

Dei _____ venene sine.

Han _____ på festen.

Dette _____ bra!

Ho _____ her i Ålesund.

Dei _____ einsame når barna flyttar ut.

Preteritum perfektum

Preteritum perfektum lagar vi av verbet **å ha** i preteritum: **hadde**, og perfektum partisippforma av hovudverbet, f.eks. **gått**:

Luisa **hadde gått** heim.

Preteritum perfektum bruker vi når vi vil fortelje om noko som skjedde før noko anna i fortida. Vi bruker ofte preteritum perfektum saman med **då** og **etter at**:

Då eg kom, **hadde** Leo **gått** til skulen.

Etter at Leo **hadde gått** til skulen, kom eg.

Det verbet som fortel kva som skjedde først i fortida, får preteritum perfektum: **hadde gått**. Det andre verbet står i preteritum: **kom**:

Då eg **kom**, **hadde** Leo **gått** til skulen.

36

Set inn rett form av verba.

ete – gå Etter at vi _____, _____ vi på kino.

gjere – få Etter at barna _____ leksene, _____ dei lov til å gå ut og leike.

gå – kome Dei _____ då vi _____ på festen.

reise – reise Då Luisa _____ til Cuba, _____ Carmen allereie _____ heim.

pakke – dra Etter at vi _____, _____ vi på stranda.

selje – kjøpe Då dei _____ bilen, _____ dei syklar.

Preteritum futurum

Preteritum futurum lagar vi av modalverba i preteritum, f.eks. **skulle** eller **ville**, og hovudverbet i infinitiv, f.eks. **skulle dra** (skulle: preteritum, dra: infinitiv).

Futurum tyder framtid. Preteritum futurum bruker vi om handlingar i framtida. Men desse handlingane ser vi frå **fortida**:

Då Arne **kom** heim, **skulle** Carmen **dra** på norskkurs.

Luisa **sa** at ho **kunne lage** middag i morgon.

Det verbet som fortel kva som skjedde først i fortida, får **preteritum**:

Då Arne **kom** heim, skulle Carmen dra på norskkurs.
Luisa **sa** at ho kunne lage middag i morgon.

37

Set inn modalverb: skulle, ville, kunne, burde, måtte

Eg treffe Kari i går. Ho _____ gå på kino, og spurde om eg _____ vere med.

Då eg kom, _____ Kari til å gå. Ho _____ heim.

Carmen og Arne fortalde at dei _____ gifte seg i påska.

Legen sa at ho _____ slutte å røykje.

Luisa visste at ho _____ trene meir for å kome i form.

Leo fortalde at han _____ snakke litt norsk no.

Imperativ

Imperativ er lik infinitiv utan **-e** (utan **-je** for j-verba).

Infinitiv	lese	skrive	lytte	svare	seie	sjå	setje
Imperativ	les	skriv	lytt	svar	sei	sjå	set

Imperativ bruker vi for å be nokon gjere noko eller for å åtvare nokon.
Imperativ blir brukt i instruksjonar, oppmodingar og åtvaringar:

Instruksjon:

Set inn rett verb.

Oppmoding:

Gjer leksene dine!

Åtvaring:

Ikkje **gå** over vegen!

38

Bruk imperativ i staden for modalverb.

Du må ete opp maten din.

Et opp maten din. _____

Kan du lese høgt?

Du må passe deg for bilane.

Du må setje inn imperativform.

De må vere stille.

Kan du skrive på tavla?

Du må skjere opp grønnsakene.

Du må piske fløyten til krem.

Du må ikkje gløyme lommeboka di.

Du må ikkje røykje her.

Du må ikkje parkere her.

Passiv

Alle verb kan stå i aktiv eller passiv form.

I dette kapitlet har vi berre sett på aktive former til no.

Aktiv: Leo **vaskar** bilen.Vi fortel **kva** nokon gjer: **vaskar**Vi fortel **kven** som gjer noko: **Leo****Passiv:** Bilen **blir vaska**.Vi fortel **kva som hender** med noko eller nokon: **blir vaska**Vi fortel **kven** eller **kva** noko hender med: **bilen**

Vi er ikkje opptekne av kven som gjer det.

Aktiv:

Arne slår plenen.

Carmen hentar Luisa på skulen.

Passiv:

Plenen blir slått.

Luisa blir henta på skulen.

Passiv form lagar vi ved hjelp av verbet **å bli** i ulike former, og perfektum partisipp av hovud verbet: å slå – **slått**, å hente – **henta**

Presens passiv lagar vi ved å setje verbet **å bli** i presens: **blir slått, blir henta**.

39

Gjer om til presens passiv. Sjå eksemplet under:**Aktiv:**

Arne ryddar det rotete loftet.

Luisa slår plenen.

Leo sparkar ballen over gjerdet.

Bilmekanikaren reparerer bilen deira.

Alle i familien vaskar huset til helga.

Han sel alle varene.

Passiv:

Loftet blir rydda.

Preteritum passiv

Preteritum passiv lagar vi av verbet **å bli** i preteritum: **vart** og hovudverbet i perfektum partisipp.

Aktiv:Arne **slo** plenen.Carmen **henta** Luisa på skulen.**Passiv:**Plenen **vart slått**.Luisa **vart henta** på skulen.

40

Gjer om frå aktiv til passiv form preteritum. Sjå eksemplet under.**Aktiv:**

Arne rydda det rotete loftet.

Luisa slo plenen.

Leo sparka ballen over gjerdet.

Bilmekanikaren reparerte bilen deira.

Alle i familien vaska huset til helga.

Han kjøpte bilen.

Passiv:

Loftet vart rydda.

Perfektum passiv

Presens perfektum passiv lagar vi vanlegvis av verbet **å vere** i presens: **er** og hovud verbet i perfektum partisipp.

Aktiv:Arne **har slått** plenen.Carmen **har henta** Luisa på skulen.**Passiv:**Plenen **er slått**.Luisa **er henta** på skulen.

Preteritum perfektum passiv lagar vi vanlegvis av verbet **å vere** i preteritum: **var** og hovud verbet i perfektum partisipp.

Aktiv:Arne **hadde slått** plenen.Carmen **hadde henta** Luisa på skulen.**Passiv:**Plenen **vart slått**.Luisa **vart henta** på skulen.

41

Gjer om frå aktiv til passiv form presens perfektum. Sjå eksemplet under.

Aktiv:

Arne har rydda det rotete loftet.

Luisa har slått plenen.

Leo har sparka ballen over gjerdet.

Bilmekanikaren har reparert bilen deira.

Læraren har undervist borna i matte.

Alle i familien har vaska huset til helga.

Han har kjøpt bilen.

Passiv:

Loftet er rydda.

42

Gjer om frå aktiv til passiv form preteritum perfektum. Sjå eksemplet under.

Aktiv:

Arne hadde rydda det rotete loftet.

Luisa hadde slått plenen.

Leo hadde sparka ballen over gjerdet.

Bilmekanikaren hadde reparert bilen deira.

Alle i familien hadde vaska huset til helga.

Han hadde kjøpt bilen.

Passiv:

Loftet var rydda.

St-verb – verb med spesiell ending i infinitiv

Dei fleste verb endar på **-e** i infinitiv: å hoppe, å snakke, å interessere
 Nokre kortverb (med éi staving) endar på andre vokalar: å sy, å sjå, å be, å ro

Ei gruppe verb endar på **-(a)st**. Nokre av dei mest brukte bøyer vi slik:

Infinitiv	Presens	Preteritum
å møtast	møtest	møttest
å slåst	slåst	slost
å finnast	finst	fanst
å høyrast	høyrest	høyrdest
å synast	synest	syntest

43

Set inn rett form av verba.

å møtast I går ettermiddag _____ Arne og Carmen på den kinesiske restauranten.

Dei _____ ofte på denne restauranten.

å slåst Luisa og Leo _____ om kven som skulle slå plenen sist veke.

Det er typisk at dei _____ om slikt!

å finnast Det _____ ikkje mange innvandrarakar frå Cuba i bygda vår.

Kvifor _____ det så få menneske frå andre land her for femti år sidan?

å høyrast Så flinke de var å spele i går! Det _____ fint ut.

Slutt å rope så høgt! Det _____ heilt til naboane.

å synast Luisa _____ norsk var vanskeleg den første tida i Noreg,

men no _____ ho at norsk er eit enkelt språk.

Å synast og å tru

Vi bruker **å synast** når det er noko vi har erfart sjølve.
Vi er der, vi kjenner det med kroppen og sansane våre:

Luisa har den første norsktimen sin. Ho **synest** det er vanskeleg å lære norsk.
Carmen har budd i Noreg i fleire år. Ho **synest** det er kaldt i Noreg.

Vi bruker **å tru** når det er noko vi har lese om, noko vi har høyrte av andre, men ikkje erfart.

Vi bruker også **å tru** når vi snakkar om framtida:

Luisa er på Cuba og skal snart reise til Noreg. Ho **trur** det er vanskeleg å lære norsk.
Carmen har lese om Noreg. Ho **trur** det er kaldt i Noreg.

44

Set inn å synast eller å tru i rett form.

Arne _____ det var vanskeleg å danse salsa før han lærte det på Cuba, men no _____ han det er nokså lett.

_____ du det blir ein varm sommar? Ja, det _____ eg. Eg _____ det er varmt allereie.

Kven _____ du vinn skirennet? Eg _____ Leo vinn. Eg _____ han har vorte så flink til å gå på ski.

Kva for ein film _____ du er best, den norske eller den amerikanske? Eg _____ den norske er best, for eg har allereie sett begge filmene.

_____ du det vil regne i morgon? Eg veit ikkje, men eg _____ det har regna altfor mykje her i haust.

Kva _____ du om maten vi fekk? Maten var god, _____ eg, men eg _____ han hadde vorte betre med meir krydder.

Samsvarbøying

Etter hjelpeverba **vere** og **bli/verte** er det vanleg å bøye **perfektum partisipp** i kjønn og tal:

Mannen vart **dømd** til 3 års fengsel. (hankjønn)
 Eit menneske vart uskuldig **dømt**. (inkjekjønn)
 Alle demonstrantane er **dømde**. (fleirtal)

Oversikt over bøyinga:

Type verb:	Hankjønn/hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
a-verb	er kasta	er kasta	er kasta
e-verb	er kjøpt	er kjøpt	er kjøpte
e-verb	er kjend	er kjent	er kjende
j-verb	er tald	er talt	er talde
kortverb	er nådd	er nådd	er nådde
sterke verb	er skriven	er skrive	er skrivne

Merk! Samsvarbøying møter du i alle lærebøker. Men elevar treng ikkje bruke samsvarbøyinga. Du kan i staden bruke **inkjekjønnsforma** i alle kjønn og tal:

Mannen vart **dømt** til 3 års fengsel. (hankjønn)
 Eit menneske vart uskuldig **dømt**. (inkjekjønn)
 Alle demonstrantane vart **dømt**. (fleirtal)

45

Set inn partisippforma.

å fange Kråka vart _____. Reven vart _____ i ei felle.
 Reinsdyra vart _____ med lasso.

å kjøpe Huset vart _____ av ein barnefamilie. Leiligheita vart
 _____ av eit ektepar. Hybelen vart _____ av meg. Alle husa
 vart _____.

å kjenne Elvis Presley var ein _____ songar. Songane hans er
 _____ over heile verda. Huset hans, Graceland, er eit
 _____ turistmål.

å nå Måla for undervisinga er _____. Målet for skriftleg norsk er
 _____, og målet for munnleg norsk er _____.

å skrive Boka er _____ av Ibsen. Brevet er _____ med små bokstavar. Tekstane er _____ av elevane.

Oppsummering av verbbøying og verbtider

Oversyn over verbbøying

Type verb:	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp
svake a-verb	å sykle	syklar	sykla	sykla
svake e-verb	å leve	lever	levde	levd
svake j-verb	å telje	tel	talde	talt
svake kortverb	å tru	trur	trudde	trudd
sterke verb	å ete	et	åt	ete
sterke verb	å finne	finn	fann	funne
uregelrette verb	å vere	er	var	vore
uregelrette verb	å bli	blir	vart	vorte
modale verb	å kunne	kan	kunne	kunna
modale verb	å skulle	skal	skulle	skulla

Oversyn over verbtider

Presens perfektum	Presens	Presens futurum
før notid	notid	framtid
Carmen har dansa.	Carmen dansar .	Carmen skal danse.

Preteritum perfektum	Preteritum	Preteritum futurum
før fortid	fortid	framtid i fortid
Carmen hadde dansa.	Carmen dansa .	Carmen skulle danse.

Bruk av ordbok eller ordliste

(papir- eller nettutgåve)

Kva fortel ordboka oss?

Infinitiv er den forma av verbet som vi finn i ordboka:

Eksempel 1: (frå Hellevik, Alf: **Nynorsk ordliste**, 2005)

snakk l et; **snakke** -a (v)

Ordklasse: Verb

Først i ordboka står substantivet **snakk**. Så kjem verbet **snakke** etterpå.

Vi ser at det er verb ut frå forkortinga i parentes (**a**) og frå **a**-endinga.

Kva tyder informasjonen du får?

A-endinga syner oss at dette er eit a-verb. A-verba har svak, regelrett bøyning.

Bøyingmønsteret for a-verb:

å snakke – **snakkar** – **snakka** – har/hadde **snakka**

Leo **snakkar** med Luisa.

Dei **snakka** med venene sine i går.

Carmen har nettopp **snakka** med Arne i telefonen.

Eksempel 2: (frå Hellevik, Alf: **Nynorsk ordliste**, 2005)

seie seier, **sa**(gde), **sagt**

Ordklasse: Verb

Vi ser at dette truleg er eit verb sidan det endar på **-e** slik som dei fleste infinitivar.

Vi finn også dei vanlegaste bøyingsformene av verb etter infinitivsforma.

Kva tyder informasjonen du får?

Verbet er sterkt eller uregelrett sidan dei vanlege bøyingsformene er tekne med.

Dette verbet er uregelrett, men ikkje sterkt. Vi ser dette frå endinga **-er** i presens.

Sterke verb har ikkje presensending. Verbet er svakt, men uregelrett.

Bøyingmønsteret:

å seie – **seier** – **sa**(gde) – har/hadde **sagt**

Vi ser at vi kan velje mellom formene **sa** og **sagde** i preteritum.

Luisa **seier** at ho gleder seg til å flytte.

Leo **sa** til venene sine at han kom til å sakne dei.

Carmen hugsa at ho ikkje **hadde sagt** farvel til veninna si.

Dei uregelrette verba og dei sterke verba har mange ulike bøyingsmønster, og du må lære dei kvar for seg.

46

Kva informasjon får du om desse orda?

(frå Hellevik, Alf: **Nynorsk ordliste**, 2005)

bruke -a el -te _____

vere er, vare, vore el vori _____

kunne kan, kunne, kunna _____

vinne vinn, vann, vunne el vunni _____

ADVERB	115
Måtesadverb	116
Tidsadverb	117
Stadadverb	118
Gradsadverb	120
Setningsadverb	121
Gradbøying	123

ADVERB

Adverba fortel korleis, når og kvar noko skjer. Dei kan stå til eit verb og fortelje om ei handling. Dei kan stå til eit adjektiv eller anna adverb. Nokre adverb står til heile setningar.



Carmen dansar **vakkert**. (til verbet dansar)
 Carmen dansar **svært** vakkert. (til adverbet vakkert)
 Dansen hennar er **veldig** vakker. (til adjektivet vakker)
 Carmen dansar **heldigvis** ofte. (til heile setninga)

Vi kan dele inn adverba i grupper etter kva funksjon dei har:

Måtesadverb:	Carmen dansar vakkert !	Adverbet fortel: (korleis ho dansar)
Tidsadverb:	Carmen dansar ofte .	(når ho dansar)
Stadadverb:	Carmen dansar ute .	(kvar ho dansar)
Gradsadverb:	Carmen dansar svært ofte.	(kor ofte ho dansar)
Setningsadverb:	Carmen dansar heldigvis ofte!	(at vi er glade for det)

Måtesadverb

Måtesadverba står til eit **verb** og fortel om korleis **ei handling** blir utført. Desse adverba har oftast den same forma som adjektiva i inkjekjønn:

Carmen dansar **vakkert!**

Luisa ropte **høgt.**

Barna oppførte seg **høfleg.**

Merk!

Adjektivet fortel korleis Carmen er: Carmen er vakker.

Adverbet fortel korleis ho dansar: Carmen dansar vakkert.

1

Set inn adverb med motsett tyding.

Luisa skriv pent.	Leo skriv _____.
Maten luktar godt.	Søpla luktar _____.
Han spurde høfleg.	Ho svarte _____.
Leo gjekk seint.	Luisa gjekk _____.
Jentene speler godt.	Gutane speler _____.
Arne snakkar høgt.	Carmen snakkar _____.
Kaka smaker nydeleg.	Dette smaker _____.
Jenta svarer sint.	Guten svarer _____.

2

Lag setningar der du bruker desse adverba: *langsam*, *høfleg*, *pent*, *godt*, *nydeleg*, *sint*, *roleg*

3

Set inn adjektiv eller adverb.

fin/fint	Carmen er ei _____ dame. Ho har alltid på seg _____ kle og eit _____ sjal. Ho syng _____ også.
god/godt	Ostekaka du har laga, er _____. Sjokoladekaka smaker også _____. Alle kakene smaker _____.
pen/pent	Carmen ser ein _____ kjole i butikken. Arne synest også ho er _____. Carmen liker å kle seg _____.
hyggeleg/hyggeleg	Naboane våre er _____. Det er _____ å besøkje dei. Ungdomane oppfører seg _____ mot dei gamle.
morosam/morosamt	Leo skriv _____. Carmen og Arne ler av den _____ forteljinga. Leo er ein _____ gut.

Tidsadverb

Tidsadverba fortel **når** noko skjer:

Carmen og Arne dansar **ofte**.

Hunden gøydde **alltid**.

Ho er ikkje komen heim **enno**.

Desse adverba kan også fortelje **kva rekkjefølgje** noko skjer i:

Pablo kjem frå Latin-Amerika. **No** bur han i Noreg.

Vi skal på kino klokka sju. **Etterpå** skal vi på kafé.

Først skal vi ete middag, **så** skal vi drikke kaffi.

4

Svar på spørsmåla. Bruk desse adverb i svara: *aldri, sjeldan, av og til, ofte, alltid*

Kor ofte trenar du? _____

Drikk du kaffi med sukker? _____

Snakkar du norsk med nordmenn? _____

Surfar du på Internett? _____

Går du på kino? _____

Les du aviser frå heimlandet ditt? _____

5

Set inn adverb som passar. Vel mellom *først, deretter, etterpå, no, før, då*.

_____ skal vi ete pizza. _____ skal vi på kino.

_____ arbeidde Carmen som lege. _____ går ho på norskkurs.

_____ skal eg ta førarkortet. _____ skal eg kjøpe bil.

_____ budde eg i Ghana. _____ bur eg på Sandane.

I går kom familien min på besøk. _____ vart eg glad.

Stadadverb

Stadadverba fortel **kvar** noko skjer:

Carmen dansa **ute** i hagen, men ho gjekk **inn** då vi kom.

Fleire av desse adverba har to former.

Ofte tek vi bort ein **-e** på slutten av adverbet når vi fortel om rørsle til ein stad:



Carmen går **ut**.



Carmen er **ute**.

Når noko skjer på staden:	Om rørsle til staden:
Leo er her .	Leo går hit .
Leo er der .	Leo går dit .
Leo er heime .	Leo går heim .
Leo er borte .	Leo går bort .
Luisa er ute .	Luisa går ut .
Luisa er inne .	Luisa går inn .
Luisa er oppe .	Luisa går opp .
Luisa er nede .	Luisa går ned .
Luisa er framme .	Luisa går fram .
Luisa er vekke .	Luisa går vekk .

6

Set inn rett adverb.

hit/her Carmen og Arne har ikkje vore _____ på lenge. Derfor har eg invitert dei _____ i kveld.

ut/ute Skal vi gå _____? Nei, det er så kaldt _____.

inn/inne Leo går _____. No vil han vere _____ resten av kvelden.

heim/heime Skal vi gå _____ til Luisa og sjå film? Nei, det kan vi ikkje. Luisa er ikkje _____. Ho kjem ikkje _____ før om ein time.

bort/bort Eg stikk _____ til naboen ein tur, men eg blir ikkje lenge _____.

opp/oppe Det heng mange plommer høgt _____ i treet. Kan du klatre _____ og plukke nokre til meg?

dit/der Eg skal til London. Eg skal reise _____ i morgon og skal vere _____ i to veker. Eg skal sjå ein musikal når eg er _____.

vekk/vekke Ho reiste _____ i går, og ho blir _____ i to månader.

Gradsadverb

Gradsadverba står ofte før andre adverb og adjektiv.

Nokre av dei **forsterkar** orda dei står til:

Carmen og Arne dansar **svært** ofte.
Dette er ei **veldig** vanskeleg oppgåve.

Andre av desse adverba **nyanserer** orda dei står til:

Ho er **litt** trøtt.
Han la seg **noko** seint.

7

Vel mellom gradsadverba *ikkje så, altfor, litt, nokså, ganske, veldig.*

Han snakkar _____ godt norsk.

Denne grammatikkoppgåva er _____ vanskeleg.

Læraren snakkar _____ langsamt.

Det er _____ kaldt i Noreg.

Å hoppe på trampoline er _____ gøy.

Leo er ein _____ flink fotballspelar.

Dette er _____ kjedeleg.

Eg kjenner naboen min _____ godt.

Han synest filmen var _____ bra.

Nokre adverb kan stå **før komparativ** form av adjektivet:

Fatima snakkar **mykje betre** norsk enn Ali.
Leo er **litt flinkare** enn systera si.
Han la seg **enda seinare** enn henne.

Merk! Pass på skilnaden mellom tidsadverbet **enno** og gradsadverbet **enda**:

Ho er ikkje komen heim **enno**.
Han la seg **enda seinare enn** henne.

8

Set inn mykje, litt, enda, veldig.

Han er _____ eldre enn broren.

Skal du klare norskprøven, må du øve _____ meir på uttalen.

Det er _____ varmt i dag. Det var _____ varmare i går.

Eg liker _____ godt å trene. Men eg liker _____ betre å gå på tur.

Leo synest at fotball er _____ gøy.

Men å spele data er _____ artigare.

Setningsadverb

Setningsadverba seier noko om innhaldet i **heile setninga**.

Dei uttrykkjer ofte meiningar og haldningar.

Vi plasserer dei vanlegvis etter det første verbet i ei heilsetning.

Eg skal **heldigvis** ete ute på restaurant i dag! (Eg er glad for det.)

Eg vil **gjærne** ete fisk. (Eg har lyst til det.)

Eg vil **heller** ete fisk enn kjøt. (Eg liker kjøt betre enn fisk.)

Eg kan **dessverre** ikkje vere med. (Eg er lei for det.)

Adverbet **ikkje** blir ofte kalla **nektingsadverb**.

Vi nektar for meiningsinnhaldet i setninga:

Det blir **ikkje** vår så snart.

Carmen liker **ikkje** vinteren.

Dei kan **ikkje** kome til oss likevel.

9

Set inn dessverre i desse setningane.

Eg kan ikkje kome. _____

Det var ei dårleg nyheit. _____

Irina fekk dårleg resultat på prøva. _____

Eg har ikkje gjort heimearbeidet. _____

Vi må avlyse båtturen. _____

Ali har ikkje fått opphaldsløyve. _____

10

Gjer desse setningane nektande ved å setje inn *ikkje*.

Eg liker brunost. _____

Det snør no. _____

Fatima har fått jobb. _____

Per kan snakke russisk. _____

Eg kan kome i morgon. _____

Luisa kan hjelpe Leo. _____

Du må snakke med sjefen. _____

Arne liker å gå på fjelltur. _____

Leo er alltid glad. _____

Carmen hadde god tid. _____

Modifisering

Vi kan bruke setningsadverb for å modifisere det vi seier. Dei syner for eksempel kor usikre vi er på at noko skal skje:

Det blir fint vêr i morgon.	(Eg er sikker.)
Det blir kanskje fint vêr i morgon.	(Det er mogleg.)
Det blir neppe fint vêr i morgon.	(Eg trur ikkje det.)
Det blir sikkert ikkje fint vêr i morgon.	(Eg trur ikkje det.)
Det blir visst fint vêr i morgon.	(Eg har høyrte andre seie det.)
Det blir sikkert fint vêr i morgon.	(Eg trur det.)
Det blir truleg fint vêr i morgon.	(Eg trur det.)

11

Set inn setningsadverba *sikkert ikkje*, *visst*, *neppe*, *kanskje*, *sikkert*.

Sonen til Fatima skal _____ gifte seg i sommar. Det fortalde nokon meg i går.

Leo kjem _____ snart. Eg såg han gjennom vindaug.

Arne var sjuk i går, så han kjem _____ på jobb i dag.

Vi skal _____ reise til Teheran. Eg håper det blir mogleg.

Eg har mykje å gjere i kveld. Så eg kjem _____ på festen.

Gradbøying

Mange av adverbena kan vi bøye i grad, men ikkje i tal og kjønn slik som adjektiva. Dei fleste av desse adverbena får dei same endingane som adjektiva får når dei blir gradbøygde:

Positiv	Komparativ	Superlativ
Carmen snakkar høgt .	Arne snakkar høgare .	Leo snakkar høgast .
Leo la seg seint .	Leo la seg seinare enn Luisa.	Leo la seg seinast .

Nokre adverb har uregelrett bøying:

Positiv	Komparativ	Superlativ
vondt	verre	verst
lite	mindre	minst
mykje	meir	mest
godt	betre	best
gjerne	heller	helst

12

Set adverbena til venstre inn i rett form.

mykje Carmen arbeider _____. Arne arbeider _____ enn Carmen. Arne er den som arbeider _____ i familien.

godt Vassmelon smaker _____. Vassmelon som er kjøpt i Thailand, smaker mykje _____ enn melon som er kjøpt i Noreg. Den _____ vassmelonene finn du i Thailand.

gjerne Carmen vil _____ ha ein kopp te. Arne vil _____ ha kaffi enn te. Leo og Luisa vil _____ ha brus.

vond Osten smaker _____. Den andre osten smaker enda _____. Dette er det _____ eg har smakt.

13

Svar på spørsmåla. Bruk *gjerne, heller eller helst* i svara.

Kva vil du ha å drikke?

Vil du ha kaffi eller te?

Vil du lære spansk eller tysk?

Kva vil du ha å ete?

Vil du ha fisk eller kjøt?

Vil du gå på kino eller leige ein video?

Langt eller lenge

Vi bruker:

langt – lengre – lengst **om distanse**

lenge – lenger – lengst **om tid**

Det er ti kilometer til sentrum. Det er **langt** å gå.

Kor **lenge** varer filmen? Han varer i to timar.

Merk! Lang – lengre – lengst er adjektiv.

14

Set inn *lang/langt/lenge* i rett form.

No er det ikkje _____ igjen til sommarferien.

Kor _____ skal de vere på ferie? Vi skal vere på ferie i to veker.

Tida verkar _____ når ein er vekke så lenge.

Dagane er _____ når ein ikkje har jobb.

Kor _____ gjekk du? Eg gjekk fem kilometer i går.

Kor _____ går barna i barneskulen? Barna går sju år i barneskulen.

Har ho _____ hår? Ja, det har ho.

Tek det _____ tid å bli ferdig? Nei, det er berre éin time igjen.

PREPOSISJONAR	126
Stad	126
Tid	130
Eigeforhold eller tilknytning	133
Preposisjonar i faste uttrykk	134

PREPOSISJONAR

Vi deler preposisjonane inn i ulike grupper etter kva dei fortel om:

Stad:	Katten ligg under bordet.
Tid:	Luisa kom til Noreg i går.
Eigeforhold eller tilknytning:	Carmen er mor til Luisa og Leo. Oslo er hovudstaden i Noreg.

Stad

Preposisjonar fortel kvar ein ting eller ein person er i forhold til ein annan ting eller person (sjå biletet under). Kvar er Prikken?




Prikken ligg **under** bilen.




Prikken ligg **på** taket.



Prikken kryp **gjennom** vindaugget.



Prikken står **framfor** bilen.



Prikken står **bak** bilen.



Prikken står **mellom** bilane.

I bruker vi om det som er innanfor eller på innsida av noko:

i bilen, i badekaret, i boka, i skogen, i veska, i lommeboka, i sekken, i maskina

På bruker vi om det som er på toppen av noko, eller på utsida av noko:

på taket, på pulten, på fjellet, på isen, på veggen, på stolen

1

Set inn passande preposisjonar. Sjå biletet på førre side. Nokre må du kanskje bruke fleire gonger.

Luisa går på skule _____ Ålesund. Skulen ligg midt _____ byen. Klasserommet ligg _____ tredje etasje _____ den vidaregåande skulen. _____ døra står det klasse 2B. _____ klasserommet er det 28 elevar. Luisa sit som nummer to på rekkja si. _____ henne sit Eli, og _____ henne sit Per. Til venstre for Luisa sit Anne, veninna hennar. Det er trongt _____ pultane deira. Det heng ei tavle _____ veggen, _____ vindaugget er det ein omn, og _____ vindaugget heng eit bilete. _____ taket ser vi tre lampar. _____ golvet står det mange sekkar og vesker. Det er mange bøker _____ veskene og sekkane. _____ kateteret sit læraren og skriv _____ ei bok.

2

Sjå deg rundt i rommet der du er. Fortel kvar tinga er. Sjå eksemplet under.

Biletet heng på veggen. _____

I eller på?

Vi bruker også **i** når vi snakkar om land og dei fleste byane i eit land:

i Europa, i Noreg, i Ålesund, i landet, i byen

Vi bruker også **på** når vi snakkar om ei øy eller ein landsdel:

på Cuba, på stranda, på kontoret, på skulen, på fjellet, på Austlandet

Merk! Nokre gonger er det vanskeleg å forklare kva for preposisjon som er rett å bruke:

på postkontoret, men i banken, på Cuba, men i Japan

3**Set inn *i* eller *på*.**

Har du vore _____ Vestlandet, _____ Nord-Noreg, _____ Sørlandet eller _____ Austlandet?

Vil du bu _____ Noreg, _____ Cuba, _____ England, _____ Somalia, _____ Tyrkia, _____ Madagaskar, _____ Island, _____ USA, _____ Iran, _____ Filippinane, _____ Thailand, _____ Bosnia eller _____ Sri Lanka?

Vil du arbeide _____ eit sjukehus, _____ eit kontor, _____ ein bank, _____ ein skule, _____ eit hotell _____ ein barnehage, _____ eit verft eller _____ ein butikk?

4**Set inn *i* eller *på*.**

Leo går _____ femte klasse _____ barneskulen. Luisa går _____ andre klasse _____ den vidaregåande skulen. Før budde dei _____ Cuba _____ ein by, men no bur dei _____ Noreg _____ landsbygda. _____ gata der dei bur, er det åtte hus. _____ husa bur det menneske frå fleire land. _____ huset til Leo og Luisa bur det fire personar, ein katt og ein hund. Hunden ligg _____ golvet _____ stova og søv medan katten ligg _____ ein lenestol. Dei reiser ofte på tur _____ fjellet, _____ stranda for å bade _____ sjøen, eller dei dreg til byen for å gå _____ kino.

_____ kveld skal dei ikkje _____ kino fordi dei skal _____ konsert.
Søndagane går dei ofte _____ kyrkja eller rundt innsjøen. _____ innsjøen
ser dei ofte fleire båtar. _____ båtane er det fleire familiar som fiskar.

Hjá

Hjá bruker vi før namn og titlar på personar:

Carmen har vore **hjá frisøren** i dag.
Luisa var **hjá tannlegen** fordi ho hadde tannverk.
Festen skal vere **hjá Anne**, besteveninna til Luisa.

Når vi skal **dra til** desse personane, må vi bruke **til**:

I morgon skal ho **til frisøren**.
Ho gjekk **til tannlegen** i staden for å ta bussen.
Luisa er på veg **til Anne**.

Merk! I staden for **hjá** kan du velje å bruke **hos**.

5

Set inn *hjá* eller *til*.

I morgon skal Luisa _____ legen.
Ho har time _____ legen kl. 10.00.
Arne har planlagt ein tur _____ onkelen sin i Bergen.
Han skal overnatte _____ onkelen sin.
Carmen må fornye visumet. Då må ho _____ politiet.
På laurdag er vi invitert på middag _____ foreldra mine.
Mormor kjem _____ oss på søndag.
Luisa går _____ bakaren og kjøper nybakte brød.
_____ bakaren er det alltid mykje godt.
Det er alltid koseleg å vere _____ deg.
Dei skal bu _____ oss medan dei er her.
Eg bruker å lese vekeblad når eg er _____ frisøren.

Tid

Preposisjonar i tidsuttrykk bruker vi ofte for å vise når noko skjer eller kor lenge noko varer.

Vi bruker **i** i samband med årstal, månader, veker og andre tidsperiodar:

i ferien, **i** helga, **i** går, **i** januar, **i** år, **i** helga, **i** 2005, **i** tre år, **i** to veker

Vi bruker **på** i samband med namn på vekedagar:

på fredag, **på** måndag

Vi bruker **om** i samband med eit bestemt tidspunkt i framtida:

Luisa skal flytte til byen **om** eit år.

Vi bruker **for – sidan** i samband med eit bestemt tidspunkt i fortida:

Arne kom **for** to veker **sidan**.

Andre vanlege tidspreposisjonar er **før** og **etter**:

Per reiser på ferie **før** sommaren. Han reiser i mai.

Kari reiser heim **etter** sommarferien. Ho reiser heim i slutten av august.

6

Lag svar der du vel mellom desse tidsuttrykka: *i ei veke, om ei veke, for ei veke sidan*

Når skal Luisa reise til Noreg?

Kor lenge skal Luisa vere her?

Når kom Leo til Noreg?

Når hadde du eksamen?

Kva tid skal du dra på ferie?

Budde Arne lenge på Cuba?

Kva tid kom han heim igjen?

Kor lenge varer festivalen?

Når begynner skulen etter ferien?

7

Set inn rett preposisjon.

Luisa skal begynne på den vidaregåande skulen i byen _____ ei veke. Ho har fått brev om at dei skal begynne _____ tysdag.

Arne kom til Cuba _____ påskeferien _____ 2005. _____ eitt år vil han reise tilbake, men då reiser heile familien _____ vinterferien. Dei skal ha ferie _____ ei heil veke.

Leo gjer leksene _____ at han har ete middag, men _____ han skal på fotballtrening. _____ fredagar, laurdagar og _____ feriar treng han ikkje tenkje på lekser.

Carmen kom frå arbeid _____ eit kvarter sidan. _____ ein time skal ho på norskkurs. Ho skal gå på norskkurs _____ eitt år.

I, om eller på?

I: Vi bruker **i** om årstider og tider på døgnet. Vi bruker **i** om:

Notid: No **i sommar** skal eg ha ferie. (Det er sommar no.)

Fortid: **I vår** tok eg eksamen. (sist vår)

Framtid: **I haust** skal eg byrje å studere. (hausten som kjem)

Merk! Etter **i** får vi ubestemt form av substantivet.

Om: Vi bruker **om** i samband med årstider og om tid på døgnet som gjentek seg:

Noko som skjer ofte: **Om kvelden** går eg vanlegvis tur.

Noko generelt: **Om morgonen** står sola opp.

Merk! Etter **om** får vi bestemt form av substantivet.

På: Vi bruker **på** for å fortelje kor lenge sidan det var at noko hende:

Ho har ikkje vore her **på fleire år**.

Vi bruker også **på** om tida vi har brukt eller skal bruke på å gjere noko:

Kan ein lære norsk **på eitt år**?

8

Set inn tidsuttrykka i fjor, i, i dag, i morgon, eller i sommar.

Vil du vere med på tur _____? Nei, _____ har eg ikkje tid, men kan vi ikkje dra _____?

Luisa og Leo skal reise til Cuba _____. Carmen blir ikkje med sidan ho var der _____. Arne var der _____ 2005.

_____ har eg vore oppe altfor lenge! No legg eg meg. Og _____ vil eg sove lenge, så ikkje vekk meg!

9

Set inn tidsuttrykk: om sommaren, om vinteren, om morgonen eller om kvelden

Luisa bruker å smørje niste _____ før ho går til skulen. Leo er seint oppe _____, så han smør matpakke _____ dagen før.

Kor varmt er det på Cuba _____? Det kan bli 40 plussgrader, men _____ er det omtrent som om sommaren i Noreg. _____ blir det tidleg mørkt i Noreg, men _____ er kveldane lyse.

10

Set inn tidsuttrykk med på.

Luisa har ikkje sett venene sine på Cuba _____. Ho har heller ikkje snakka med dei _____.

Leo har vore sjuk, og han har ikkje vore på skulen _____.

Arne køyrde frå Oslo til Ålesund _____.

På _____ flaug Carmen frå Cuba til Paris.

Leo gjer leksene sine _____.

11

Set inn rett preposisjon.

Luisa liker seg i Noreg _____ sommaren, men ikkje _____ vinteren. Men _____ vinter skal ho lære seg å gå på ski. Kanskje greier ho å lære det _____ nokre veker?

Carmen er alltid trøtt _____ morgonen, men _____ kvelden liker ho å vere oppe lenge. _____ kveld må ho nok leggje seg tidleg. Ho skal nå eit fly som går tidleg _____ morgon.

_____ ein halv time var Leo ferdig med leksene sine _____ dag. Han gjer vanlegvis lekser _____ ettermiddagen, men i dag venta han til kvelden.

Eigeforhold eller tilknytning

Vi bruker ulike preposisjonar for å vise eigeforhold, eigenskapar, slektskap eller anna tilknytning.

Vi bruker **til** når vi snakkar om:

at nokon eig noko: Dette er **huset til Carmen og Arne**.
slektskap: Luisa er **systema til Leo**.

Vi bruker **på** når vi snakkar om:

eigenskapar ved tinga eller gjenstandane: **Fargen på huset** til Carmen og Arne er gul.

Vi kan også bruke **i** eller **på** når vi snakkar om tilknytning:

Mange i Noreg er opptekne av vêret.

De må gjere **alle arbeidsoppgåvene i boka**.
Han snakka med **alle som budde på staden**.

Til eller for?

Til bruker vi om den som mottek noko:

Carmen kjøpte ei bok **til Arne**.

For fortel kven noko gjeld for:

Det er vanskeleg **for meg** å skjøne kva du seier.

12

Set inn rett preposisjon.

Kva er namnet _____ den nest største byen på Cuba?

Sonen _____ Carmen heiter Leo, systema _____ Leo heiter Luisa, og mannen til Carmen heiter Arne. Kva var namnet _____ faren til Luisa og Leo?

Kva var namnet _____ den familien som budde her før?

Eg liker ikkje fargen _____ denne jakka. Og så er prisen _____ jakka for høg!

Smaken _____ denne isen likte eg ikkje.

Bilen _____ Arne og Carmen er heilt ny og fin, men eg hugsar ikkje fargen _____ han.

Kan du uttale dette ordet _____ meg?
Han gav passet sitt _____ politiet.
Det er lett _____ meg å snakke engelsk.
Carmen har bakt ei kake _____ Leo.
Kva fekk du _____ bursdagen din?
Det er vanskeleg _____ henne å vere aleinemor med tre barn.
Arne lagar kaffi _____ Carmen.
Det er hyggeleg _____ Luisa å bli invitert i selskap.

Preposisjonar i faste uttrykk

Vi har mange faste uttrykk med ulike preposisjonar. Det finst ingen reglar for desse. Derfor må du lære dei etter kvart. Under finn du eksempel på nokre som er mykje brukte.

Uttrykk med **for**:

Naboane **viste interesse for** den nye familien i gata.
Luisa **vart presentert for** den nye klassa.
Dei **er redde for** at dei ikkje skal trivast her.
Carmen **er glad for** at dei har flytta.
Dei **har bestemt seg for** å flytte.

Uttrykk med **av**:

I ferien vil Luisa berre **slappe av**.
Du kan få **låne** denne boka **av** meg!
Du må **slå av** datamaskina når du er ferdig.
Ikkje gløym **å skru av** varmen!
Han **har godt av** litt forandring no.

Uttrykk med **i**:

Carmen og Arne **er glade i** kvarandre.
Luisa **er ikkje einig i** det Leo seier.
Leo **går i** femte klasse på Vik skule.
Luisa gjekk **inn i** det nye huset.
Carmen lurte på kva som **var i vegen med** Leo.

Uttrykk med **med**:

Kva **driv** du **på med** om ettermiddagane?
Leo må **arbeide** meir **med** matematikkleksene.
Luisa **er** ikkje **einig med** Leo.
Luisa og Leo flytta til Noreg **saman med** mor si.
Carmen **hjelper** Leo **med** matematikkleksene.

Uttrykk med **til**:

Har du **tid til** å hjelpe meg med leksene?
Svalbard **høyrer til** Noreg.
Leo **er** svært **flink til** å snakke norsk.
Kva skal vi **ha til middag** i dag?
Leo fekk **lov til** å vere oppe til klokka tolv om kvelden.

Uttrykk med **på**:

Luisa **svarte** rett **på** alle spørsmåla.
Carmen bad Leo om å **vente på** henne i bilen.
Veit du kva dette heiter **på norsk**?
Luisa **tok på** seg den nye kjolen.
Carmen gleder seg til å **reise på ferie** til Cuba.

Uttrykk med **etter**:

Arne **leiter etter** brillene sine over alt.
Leo **er ivrig etter** å lære mange norske uttrykk.
Kameraten din var her og **såg etter** deg!
Etter mi mening er norsk vanskelegare enn spansk.
Høyrer du **etter** kva eg seier til deg?

Uttrykk med **frå**:

Luisa får ofte spørsmål om kvar ho **kjem frå**.
Nynorsk er litt **forskjellig frå** bokmål.
Carmen prøvde å **omsetje** brevet **frå** spansk til norsk.
Luisa har ikkje **høyrte frå** venene sine på ei stund.
Ver snill og **sei frå** viss de ikkje skjønner kva eg seier!

Uttrykk med **over**:

Carmen er **klar over** at språket kan bli eit problem.
Leo liker ikkje at Luisa prøver å **bestemme over** han.
Er du sjuk? Når du får medisin, **går** det nok **over**.
Luisa må **tenkje over** kva fag ho vil studere.
Arne **er imponert over** kor flink Leo er til å snakke norsk.

Uttrykk med **om**:

Carmen måtte **spørje om** vegen til kjøpesenteret.
Leo **bryr seg** ikkje **om** at han nokre gonger svarer feil.
I denne boka kan vi **lese om** Cubas historie.
Luisa **fortel** klassekameratane sine **om** Cuba.
Arne vart ofte **spurt om** kva han meinte om Cuba.

14

Sett inn rett preposisjon.

Eg er einig _____ deg.

Har du lyst _____ noko å drikke?

Kva har du lyst _____? Å gå på kino eller å gå ut?

Ho vart overraska _____ å møte henne.

Leo er for ung _____ å sjå denne filmen.

Har du tid _____ å hjelpe meg?

Er du interessert _____ politikk?

15

Lag setningar med desse faste uttrykka.

å arbeide med _____

å ta på seg _____

å sjå etter _____

å bry seg om _____

å høyre frå _____

å vere flink til _____

å vere einig i _____

å vere klar over _____

å vere redd for _____

å ha godt av _____

å vere glad for _____

å slappe av _____

KONJUNKSJONAR	139
Å binde saman ord	140
Å binde saman setningar	141

KONJUNKSJONAR

Konjunksjonar er bindeord. Vi har fem konjunksjonar: **og**, **eller**, **men**, **for** og **så**. Konjunksjonane kan binde saman **ord** eller **setningar**.

ord: Luisa **og** Leo er frå Cuba.

setningar: Luisa skriv, **og** Leo les.

Ved oppramsing bruker vi **og** berre til å binde saman dei to siste orda. Mellom dei andre orda må vi bruke komma:

Mohammed snakkar kurdisk, arabisk, persisk **og** litt engelsk.

1

Bind saman ord og setningar med og.

Han har ei hytte. Han har ein båt.

Ho har ein katt. Han har ein hund.

Han liker å vere ute. Han går ofte på tur.

Eg må kjøpe brød. Eg må kjøpe mjølk. Eg må kjøpe frukt.

Vi liker å gå på ski. Vi liker å gå på skøyter. Vi liker å ake.

Eg skal til Oslo på onsdag. Eg skal til Bergen på torsdag.

Å binde saman ord

Konjunksjonane **og**, **eller** og **men** bind saman like **ord**. Med like ord meiner vi ord frå same ordklasse og med same bøyning.

og: Luisa **og** Leo snakkar godt norsk.

eller: Snakkar dei norsk **eller** spansk heime?

men: Luisa snakkar ikkje norsk, **men** spansk med Leo heime.

2

Set inn ein konjunksjon som passar.

Vil du ha kaffi _____ te?

Kva for ein genser vil du ha? Den grønne _____ den raude genseren?

Carmen liker ikkje vinteren i Noreg, _____ ho gled seg til våren.

Du _____ eg må gå på butikken. Vi manglar brød.

Eg er lærar i fransk, _____ ikkje i engelsk og spansk.

Konjunksjonane *eller* og *og* er ofte samansette.

både – og: Både Luisa og Leo snakkar godt norsk.

anten – eller: Dei snakkar anten norsk eller spansk.

verken – eller: Dei snakkar verken spansk eller engelsk i timane, berre norsk!

3

Bruk *både – og* eller *verken – eller* til å binde saman setningane.

Luisa er frå Cuba. Leo er frå Cuba.

Carmen liker ikkje å fly. Arne liker ikkje å fly.

Eg må kjøpe ei grammatikkbok. Eg må kjøpe ei nynorsk ordbok.

Leo vil ikkje ta tran. Leo vil ikkje ta vitamin.

Vi har ikkje katt. Vi har ikkje hund.

Han har hytte. Han har båt.

Ho liker ikkje regn. Ho liker ikkje snø.

Å binde saman setningar

Konjunksjonane **og**, **eller**, **men**, **for** og **så** bruker vi for å binde saman to setningar.

Og bruker vi når vi legg til meir informasjon:
Luisa er frå Cuba, **og** Mohammed er frå Irak.

Eller bruker vi når vi har eit val:
Snakkar Luisa spansk med Leo, **eller** snakkar dei norsk på fritida?

Men bruker vi når vi skal vise ei motsetning:
Leo og Luisa snakkar godt norsk no, **men** for nokre år sidan snakka dei berre spansk.

For bruker vi når vi skal fortelje årsaka til noko, f.eks. kvifor noko skjer:
No snakkar Leo norsk i butikken, **for** han kan mykje norsk.

Så viser konsekvensen av noko, kva noko fører til:
Carmen kan mykje norsk no, **så** no snakkar ho norsk i butikken.

4

Bind saman setningane. Vel mellom konjunksjonane *og* eller *men*.

Leo et gjerne ris og kjøt. Han et ikkje fisk.

Carmen liker å danse. Ho dansar ofte med Arne.

Arne liker å køyre bil. Han liker ikkje å fly.

Dei trivst godt i Noreg. Dei synest det er dyrt å bu her.

Ho liker sol og varme. Ho dreg ofte til Spania.

Carmen vil gjerne ha fisk til middag. Det vil ikkje Leo.

5

Knyt saman setningane med *for* eller *så*.

Ho kjøper ein kald brus. Ho er tørst.

Han er flink til å spele fotball. Han vart invitert til å vere med på laget.

Arne tek på seg regnkle. Han vil ikkje bli våt.

Luisa vil ikkje bli våt. Ho tek på seg regnkle.

Leo er ikkje redd for å bli våt. Han tek ikkje på seg regnkle.

SUBJUNKSJONAR 144

SUBJUNKSJONAR

Subjunksjonar er ord vi bruker for å innleie leddsetningar, f.eks. **at, om, som, då, når, fordi**. I eksempla under har vi utheva leddsetningane. Subjunksjonane står fremst i leddsetningane.

Leo seier **at han vil bli fotballspelar**.
Luisa spør **om han vil bli med på kino**.
Carmen har ein son **som speler fotball**.
Ho kom til Noreg **då ho var vaksen**.
Eg blir glad **når sola skin**.
Han kjem ikkje **fordi han er sjuk**.

Merk! At bruker vi ofte saman med verb som **seie, svare** eller **fortelje**.
Om bruker vi ofte saman med verb som **spørje** og **lure på**.

1

Set inn *at* eller *om*.

Irina fortel _____ ho skal reise til Oslo i helga.

Mohammed seier _____ han vil bli ingeniør.

Læraren spør _____ dei vil syngje ein song.

Eg lurar på _____ du vil vere med på kino.

Han svarer _____ han gjerne vil vere med på kino.

Læraren spør _____ Carmen vil ha hjelp til oppgåva.

Leo veit ikkje _____ han kan kome på trening i kveld.

Arne seier _____ Luisa må kome heim klokka 23.00.

Ho fortel _____ ho har vore i Ghana to gonger.

Luisa spør _____ ho kan få vere ute ein halv time lenger.

Carmen seier _____ ho ikkje får lov.

Vi lurar på _____ du har klart å løyse oppgåva.

Dei vil gjerne vite _____ vi liker å bu i Noreg.

Vi svarer _____ vi liker å bu i Noreg.

Då eller når?

Når blir brukt om noko som vanlegvis skjer. **Då** blir brukt om ei spesiell hending i fortida, og blir derfor brukt saman med verb i fortid.

Då Leo var fem år, lærte han å symje. (Den gongen då Leo var fem år, lærte han å symje.)

Når Leo kjem heim frå skulen, ser han på TV. (Kvar gong når Leo kjem heim, ser han på TV.)

Merk! Den gongen då ...
Kvar gong når ...

2**Set inn *då* eller *når*.**

_____ eg blir stor, skal eg bli brannmann.

Leo kom til Noreg _____ han var elleve år.

_____ det er fint vêr, går vi alltid på tur.

_____ sola kom fram, gjekk vi ein lang tur.

_____ eg var på ferie, fekk eg sjå mange nye stader.

_____ eg er på ferie, liker eg å slappe av.

_____ han var 16 år, begynte han å røykje.

_____ han blir 25, skal han slutte å røykje.

Kvar gong _____ vi besøker bestemor, får vi kaker.

Eg må alltid passe på uttalen _____ eg pratar norsk.

Leddsetningane får ulik tyding alt etter kva for ein subjunksjon vi bruker. Vi kan derfor dele subjunksjonane i grupper etter kva leddsetninga fortel om. Her er nokre eksempel:

Tid:	då, når, etter at, før, medan, i det same, samtidig som
Årsak:	fordi, ettersom, sidan, på grunn av at
Følgje:	slik at, så ... at
Føremål:	for at, slik at, så
Vilkår:	viss, om, dersom
Motsetning:	sjølv om, enda, trass i at

3

Set inn ein subjunksjon som fortel om tid.

Bestefar gjekk ikkje i barnehage _____ han var barn.
Vi bruker å høyre på musikk _____ vi les lekser.
_____ ho kom inn døra, ringde skuleklokka.
Ho får ofte vondt i hovudet _____ ho er trøtt.
_____ eg flytta til Hareid, budde eg i Førde.

4

Set inn ein subjunksjon som fortel om årsak eller følgje.

Han vart for sein på skulen _____ bussen ikkje kom.
Bussen kom ikkje _____ han kom for seint.
Leo hadde på seg for lite kle _____ han vart forkjølt.
Leo vart forkjølt _____ han hadde på seg for lite kle.
Han drakk mykje vatn _____ han var så tørst.
Han vart bilsjuk _____ han kasta opp.

5

Set inn ein subjunksjon som fortel om føremål, vilkår eller motsetning.

Han kom tidsnok til skulen _____ bussen var for sein.
Dei starta i språkpraksis _____ dei skulle få trening i munnleg norsk.
_____ bussen kjem til rett tid, blir han ikkje for sein.
Ho klatra opp fjellveggen _____ ho hadde høgdeskrekk.
Eg kan hjelpe deg _____ du vil.
Kan du skru på lyset _____ eg kan sjå betre?
Eg kan dessverre ikkje bli med på tur _____ eg har veldig lyst.
Han stod opp ti minutt tidlegare _____ han ikkje skulle kome for seint.

INTERJEKSJONAR 148

INTERJEKSJONAR

Interjeksjonar er småord. Vi bruker dei mykje i munnleg tale.

Småorda kan uttrykkje kjensler som f.eks. sinne, glede, overrasking: **Hurra! Fy! Takk! Aha! Au! Jippi! Æsj!**

Lyddord er ord som hermar etter lydar:

Br-r-r! (når du frys) **Mø!** (lyden ei ku lagar), **Pang!** (lyden av eit skot) osv.

Ord vi bruker når vi f.eks. møter eller går frå nokon, er også interjeksjonar:

Hei! Hallo! God morgon! Ha det! osv.

1

Set inn småord som passar.

På 17. mai går alle i tog og ropar hipp, hipp _____.

No må eg gå. _____.

_____! Dette er Carmen Gonzales som ringjer. Kan eg få snakke med legen?

_____! Korleis går det?

_____! Det gjer så vondt i tennene mine.

_____! No vart eg glad!

_____! "Eg liker ikkje tran", seier vesle Per på tre år.

Svarord

Svarorda **ja, jau** og **nei** høyrer til ordklassa interjeksjonar.

Kjem du i morgon? **Ja**, det gjer eg. / **Nei**, det gjer eg ikkje.

Nokre gonger set vi inn **ikkje** i setninga. Då må vi svare **jau** eller **jo** i staden for ja.

Kjem du **ikkje** i morgon? **Jau**, det gjer eg. / **Nei**, det gjer eg ikkje.

Var det **ingen** heime? **Jau**, det var det. / **Nei**, det var det ikkje.

Merk! I staden for **jau** kan du bruke **jo**.

2

Svar med *ja*, *jau* eller *nei*. Skriv heile setningar.

Snakkar du engelsk?

Snakkar du ikkje norsk?

Har du med barna dine?

Har du ikkje gjort leksene?

Har du gløymt boka di?

Kjem du ikkje snart?

Drikk du ikkje kakao?

Forstår du?

Kjem du i kveld?

Kjem du ikkje i kveld?

Er det ikkje middag snart?

Skal vi ikkje ha kjøt til middag?

Skal vi ha fisk også?

Skal vi ha is til dessert?

Er det ingen andre som kjem?

Kjem tante og onkel?

Kari kjem vel ikkje?

Skal du på kino i morgon?

Skal du ikkje på kino i kveld?

SETNINGSLEDD	151
Verbal	151
Subjekt	151
Objekt	154
Indirekte objekt	155
Predikativ	157
Adverbial	158

SETNINGSLEDD

Verbal (V)

Eit verbal fortel kva som skjer i ei setning.

Verbalet er alltid laga av eitt eller fleire **verb**.

Verbalet kan ha ulike former:

Presens:	Leo leiker kvar dag.
Preteritum:	Leo leikte i går.
Presens perfektum:	Leo har leikt i to timar.
Preteritum perfektum:	Leo hadde leikt i to timar før han kom hit.
Presens futurum:	Leo skal leike i morgon.
Preteritum futurum:	Leo skulle leike før han kom hit.

Ein infinitiv eller ein partisipp kan vere del av eit samansett verbal:

Leo skal **leike**.
Leo hadde **leikt**.

Merk! Verbformer som partisipp og infinitiv kan **aldri** vere verbal aleine.

Subjekt (S)

Subjektet er den eller det som gjer noko i setninga.

Vi spør med verbalet:

Kven **leiker**? **Leo** leiker.

Subjektet kan vere laga av berre eitt ord. Det kan kome frå ulike ordklasser:

Leo leiker. (substantiv)
Han leiker. (pronomen)

Subjektet kan også vere laga av mange ord eller ei eller fleire leddsetningar:

Den 11 år gamle guten frå Brasil leiker.
Leo, som er 11 år gammal, og som kom til Noreg i fjor saman med mora si, leiker.

1

Analyser setningane under. Det betyr at du skal finne subjekt og verbal. Sjå eksemplet:

Leo som budde på Cuba før, snakkar godt norsk.

Subjekt: Leo som budde på Cuba før _____

Verbal: snakkar _____

Arne et middag på kafeen i dag.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Om morgonen høyrer Carmen radio.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Luisa gjer leksene sine kvar kveld.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Leo speler fotball i den nye hallen.

Subjekt: _____

Verbal: _____

På skulen lærer Luisa mange nye fag.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Carmen gler seg til å arbeide som lege i Noreg.

Subjekt: _____

Verbal: _____

På skulen snakkar Leo berre norsk.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Leo og Luisa snakkar spansk med Carmen.

Subjekt: _____

Verbal: _____

På fredagar sit Luisa ofte på med Arne til byen.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Læraren til Carmen har undervist for utlendingar i mange år.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Klokka sju om morgonen må heile familien stå opp.

Subjekt: _____

Verbal: _____

På grunn av jobben sin må Arne reise mykje.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Til sommaren reiser dei på ferie til Cuba.

Subjekt: _____

Verbal: _____

Objekt (O)

Objektet er **den** eller **det** subjektet gjer noko med, eller som handlinga blir retta mot:

Arne las **ei bok**.

Leo liker **dei nye kameratane sine**.

Carmen elsker **Arne**.

Når vi skal finne objektet, bruker vi verbalet og subjektet og spør med spørjeordet **kva** eller **kven**:

Kva las Arne? Arne las **ei bok**.

Kven liker Leo? Leo liker **dei nye kameratane sine**.

Objektet kan vere laga av ord frå ulike ordklasser:

Arne les **ei bok**. (substantiv)

Leo liker **dei**. (pronomen)

Carmen brukte **å danse**. (verbal i infinitiv)

Objektet kan også innehalde mange ord som f.eks. blir ei leddsetning:

Luisa trudde **at det var kaldt i Noreg**. (forteljande leddsetning)

2

Analyser desse setningane. Sjå eksemplet:

Luisa kjøper ei ny kåpe.

Objekt: ei kåpe

Carmen les ei kubansk fagbok.

Objekt: _____

Arne liker å køyre litt for fort.

Objekt: _____

At det var såpass mildt i Noreg, hadde ikkje Leo trudd.

Objekt: _____

Kvar dag lærer Luisa noko nytt om det norske samfunnet.

Objekt: _____

Leo liker ikkje alle leksene som han må gjere.

Objekt: _____

Skal Leo gi ei fin gåve?

Objekt: _____

Arne sende ein e-post.

Objekt: _____

Indirekte objekt (IO)

Indirekte objekt kjem nokre gonger i tillegg til eit objekt.

Det indirekte objektet kan fortelje **kven subjektet gjer noko for**.

Vi kan plassere det indirekte objektet **før** det andre objektet:

Carmen kjøper **Arne** (IO) ei bok (O).

Leo gav **katten** (IO) mat (O).

Merk! Indirekte objekt får vi **berre** i setningar med eit anna objekt.

Når vi skal finne det indirekte objektet bruker vi verbalet, subjektet og objektet og spør med spørjeordet **kven**:

Kven kjøper Carmen ei bok til? Carmen kjøper **Arne** ei bok.

Kven gav Leo mat til? Leo gav **katten** mat.

Vi kan også plassere det indirekte objektet **etter** det andre objektet ved bruk av preposisjonen **til**:

Carmen kjøper ei bok **til Arne**.

Leo gav mat **til katten**.

3

**Analyser desse setningane. Sjå eksemplet:
Leo lånte Luisa CD-en som han kjøpte i går.**

Indirekte objekt: Luisa _____

Objekt: CD-en som han kjøpte i går _____

Luisa og Leo serverte Carmen kaffi på senga.

Indirekte objekt: _____

Objekt: _____

Carmen sende Arne ei tekstmelding.

Indirekte objekt: _____

Objekt: _____

Arne sende henne ein e-post.

Indirekte objekt: _____

Objekt: _____

Heile familien ønskte slektningane god jul.

Indirekte objekt: _____

Objekt: _____

Slektningane på Cuba sende fine kort til Luisa og Leo.

Indirekte objekt: _____

Objekt: _____

Arne og Carmen gav kvarandre ein klem.

Indirekte objekt: _____

Objekt: _____

Skal Leo gi den fine gåva til Luisa?

Indirekte objekt: _____

Objekt: _____

Predikativ (P)

Usjølvtendige verb som **å vere, å bli, å heite, å bli kalla, å sjå ... ut** kan ikkje stå aleine som verbal i ei setning.

Dei treng eit **predikativ** i tillegg for å gi meining:

Leo er **12 år**.

Arne blir **glad**.

Predikativ lagar vi ofte av eit substantiv eller eit adjektiv.

Predikativet fortel om **kven** eller **korleis** subjektet er eller blir:

Carmen ser **lykkeleg** ut.

Jenta heiter **Luisa**.

Katten blir kalla **Mons**.

Dei predikativa som vi lagar av adjektiv, bøyer vi i **kjønn** og i **tal**:

Ho er snill. (hokjønn, eintal)

Det er eit snilt barn. (inkjekjønn, eintal)

Alle tre er snille. (fleirtal)

4

Analyser setningane under. Sjå eksemplet.

Katten blir også kalla pus.

Verbal: blir kalla _____

Predikativ: pus _____

Vêret har blitt så fint!

Verbal: _____

Predikativ: _____

Carmen, Luisa og Leo er frå Cuba.

Verbal: _____

Predikativ: _____

Barnet skal heite Per.

Verbal: _____

Predikativ: _____

Alle i klassa ser trøtte ut i den siste timen på fredag.

Verbal: _____

Predikativ: _____

5

Bøy predikativa under i kjønn og tal.

Huset er blått.

Garasjen er _____.

Bilane er _____.

Carmen har sett så lykkeleg ut.

Barnet har sett så _____ ut.

Leo og Luisa har sett så _____ ut.

Døra er open.

Dørene er _____.

Vindauget er _____.

Adverbial (A)

Mange setningar har setningsleddet **adverbial**.

Adverbialet fortel oss meir om det som skjer, f.eks. om **tid** og **stad**:

Arne les ei bok **i månaden**. (**kor ofte** han les)

Arne les ei bok **på biblioteket**. (**kvar** han les)

Adverbialet kan også fortelje om **måte** og **føremål**:

Arne les **raskt**. (**korleis** han les)

Arne les **for å lære**. (**kvifor** han les)

Sidan Arne skal på ferie til Cuba, les han spansk. (**kvifor** han les)

Desse adverbiala står anten til slutt eller først i setninga.

Dei er ofte laga av **adverb**: **rask**, av **preposisjonsuttrykk**: **i månaden**, eller av **ei leddsetning**: **Sidan Arne skal på ferie til Cuba**, ...

Setningsadverbial er ei anna gruppe adverbial.

Dei kan f.eks. fortelje om **kor ofte** noko skjer og **kva haldning** subjektet har til det som skjer. Slike adverbial kjem oftast inne i setninga.

Ikkje, aldri, alltid, ofte, sjeldan, kanskje, truleg og **sikkert** er nokre vanlege setningsadverbial:

Luisa sender **ofte** tekstmeldingar til Cuba.

Carmen har **aldri** gått på ski.

Leo liker **ikkje** å rydde rommet sitt.

Arne skal **truleg** lære å danse salsa.

6

Finn adverbiala i setningane under. Det kan vere fleire i same setning. Sjå

eksemplet:

Vêret har blitt så fint i det siste.

Adverbial: i det siste _____

Alle i klassa ser trøtte ut i den siste timen på fredag.

Adverbial: _____

Ho blir ikkje kalla Vesla på skulen.

Adverbial: _____

Arne er kanskje den flinkaste kokken i familien.

Adverbial: _____

Om nokre år er dessverre begge barna våre vaksne.

Adverbial: _____

7

Set desse setningane inn i tabellen på neste side:

Luisa og Leo sparkar fotball i hagen.

Carmen lærer norsk på føremiddagen.

Arne møter ein kollega i byen.

Katten et maten sin på verandaen.

Subjekt	Verbal	Objekt	Adverbial

HEILSETNINGAR	162
Ordstilling	162
Oppsummering av ordstilling	170
Spørjesetningar	171
Imperativsetningar	175
Det-setningar	176

HEILSETNINGAR

Ordstilling

I ei norsk setning kjem orda i ei bestemt rekkjefølgje. Orda har sine faste plassar. Verbalet kjem alltid på andre plass i ei norsk heilsetning:



1. plass	2. plass	Resten av setninga
Carmen	køyrer.	
Carmen	køyrer	bil.
Carmen	køyrde	bil til jobben.
Carmen	køyrde	bil til jobben i dag.
Carmen	køyrde	alltid bil til jobben i fjor.

Merk! Alle norske setningar må minst ha eit subjekt og eit verbal.

1

Fullfør setningane.

Eg _____.

Han _____.

Vi _____.

Carmen og Arne _____.

Elevane _____.

Inversjon

Verbalet kjem **alltid på andre plass** i ei heilsetning.

Verbalet står anten i presens eller preteritum.

Når eit anna ledd enn subjektet kjem på første plass, må vi flytte subjektet til tredje plass. Subjektet kjem **etter** verbalet. Dette kallar vi **inversjon**.

1. plass subjekt andre ledd	2. plass verbal presens/ preteritum	3. plass (subjekt)	Resten av setninga
Carmen	køyrer		bil i dag.
I dag	køyrer	Carmen	bil.
I går	køyrde	Carmen	bil til jobben.

Vi får inversjon etter adverbial som f.eks. **i dag, no, i Noreg, i sommar, i 2006.**

2

Gjenta setningane. Begynn med adverbialet.

Leo speler fotball.	Kvar onsdag _____.
Vi reiser til Cuba.	I morgon _____.
Carmen les ei bok.	No _____.
Arne lagar middag.	Kvar dag _____.
Luisa er på skulen.	I dag _____.
Det snør.	No _____.

3

Fullfør setningane i skjemaet. Verbalet skal stå i det grå feltet.

1. plass	2. plass verbal	Resten av setninga
No		
I dag		
Kvar onsdag		
I heimlandet mitt		
Nokre gonger		
I Noreg		

4

Set inn eg og les.

_____ ei norsk bok.

No _____ ei norsk bok.

_____ aviser kvar dag.

Kvar dag _____ aviser.

_____ brevet frå skulen.

No _____ brevet frå skulen.

Setningsadverbial

Setningsadverbial som f.eks. **ikkje** kjem som regel på fjerde plass i ei heilsetning.

1. plass	2. plass Verbal	3. plass (subjektet)	4. plass setningsadverbial	Resten av setninga
Carmen	køyrer		ikkje	bil i dag.
I dag	køyrer	ho	ikkje	bil.
I dag	har	eg	ikkje	gjort leksene.

Setningsadverbial er ord som **ikkje**, **aldri**, **alltid**, **ofte** og **gjerne** (sjå Adverb, s. 121).

5

Set setningsadverbiala til venstre inn i setningane.

ikkje Eg kjem på skulen i morgon.

ikkje I morgon kjem eg på skulen.

kanskje Leo kjem på festen.

ofte Luisa snakkar i mobiltelefonen.

sikkert Det blir hyggeleg.

truleg I neste veke har eg tid.

Samansett verbal

Verbalet kan vere sett saman av to delar.

Den første delen kjem alltid på andre plass og står i presens eller preteritum.

Den andre delen, ein partisipp eller infinitiv, kjem på femte plass:

1. plass	2. plass verbal presens/preteritum	3. plass	4. plass	5. plass verbal infinitiv/partisipp	Resten av setninga
Carmen	har		ikkje	ete	middag.
I går	hadde	ho	ikkje	ete	middag.
Leo	må			gjere	leksene.
I går	måtte	Leo		gjere	leksene.

Merk! Viss ikkje subjektet står på første plass, kjem det mellom dei to delane av verbalet. Setningsadverbialet kjem også mellom dei to delane av verbalet.

6**Gjenta setningane. Begynn med adverbialet.**

Du må pusse tennene. Kvar kveld _____.

Leo har snakka norsk. I dag _____.

Luisa har lese boka. No _____.

Arne har skrive eit brev. I dag _____.

Vi skal reise til Cuba. I påska _____.

Eg bør leggje meg tidleg. I kveld _____.

Dei skal sjå ein film. På torsdag _____.

7**Set inn setningsadverbial i setningane.**

aldri Eg har lært å køyre bil.

aldri Her har eg jobba.

gjerne Eg vil ha ein kopp kaffi.

dessverre Carmen kan ikkje kome i kveld.

visst Sonen til Fatima skal gifte seg.

alltid Vi har kjent kvarandre.

ikkje Denne genseren vil eg ha på meg.

kanskje Vi skal besøkje nokre vener i London i sommar.

Viss subjektet er eit substantiv eller eit trykksterkt pronomen, kjem **setningsadverbial** som f.eks. **ikkje**, **også**, **ofte** og **gjærne**, rett etter det første verbalet:

I dag har **ikkje Leo** rydda rommet sitt.

No må **også du** rydde rommet ditt. Alle dei andre har rydda romma sine.

8

Set inn *ikkje*.

Her vil familien bu. _____

I går kom læraren vår. _____

Kvifor kjem Arne? _____

Kvifor har elevane pause? _____

I morgon skal Leo spele. _____

9

Skriv ferdig setningane.

Kan du gjere dette? Nei, dette kan _____. **Luisa** må gjere det.

Kjem du frå Cuba? Nei, det _____, men **Carmen** kjem derfrå.

Skal dei reise på ferie? Nei, det skal _____, men **vi** skal.

Objekt og predikativ

Objekt og predikativ kjem på sjette plass i ei heilsetning.

1. plass	2. plass	3. plass	4. plass	5. plass	6. plass	
Carmen	har		ikkje	ete	middag.	(objekt)
Leo	gav				hunden ein klem.	(indirekte objekt + direkte objekt)
Han	er		ikkje		lærar.	(predikativ)
Vi	vart		veldig		glade.	(predikativ)
Eg	liker			å sole	meg.	(objekt)

Vi kan ha to objekt i ei setning. Det indirekte objektet kjem alltid framfor det direkte objektet:

Leo gav **hunden ein klem.**

10

Set inn direkte objekt i setningane.

Arne fann _____.

Leo kjøpte _____.

Ho et _____.

Han les _____.

11

Plasser orda i rett rekkjefølgje.

katten Eg mat gav

Eg _____.

Eg katten Leo gav

Eg _____.

Luisa eit brev mormor sende.

Luisa _____.

12

Set inn predikativ. Er predikativet eit adjektiv, må du bøye det.

Ho vil bli _____.

Han heiter _____.

Dei er _____.

Leo og Luisa vart _____.

Pronomen som trykklett objekt

Når eit pronomen er objekt og det står til eit enkelt verbal, kjem det framfor adverbial som ikkje:

Per ser **dei** ikkje.

(**Ser** er enkelt verbal, **dei** er objekt, **ikkje** er adverbial.)

Når eit pronomen er objekt og det står til eit samansett verbal, kjem det etter adverbial som ikkje:

Per kan ikkje sjå **dei**.

(**Kan sjå** er samansett verbal, **ikkje** er adverbial, **dei** er objekt.)

I dei to eksempla over har ikkje objektet trykk.

Viss objektet har trykk, blir ordstillinga endra når verbalet er enkelt:

Per ser ikkje **dei**.

(Han ser ikkje Leo og Luisa, men han ser kanskje Carmen og Arne.)

13

Skriv setningane under med pronomen i staden for substantiv.

Vil dei ete maten?

Vil dei ete han?

Vil dei ikkje ete maten?

_____.

Et dei maten?

_____.

Et dei ikkje maten?

_____.

Dei skal ikkje kjøpe huset.

_____.

Dei kjøper ikkje huset.

_____.

Møtte du barna?

_____.

Møtte du ikkje barna?

_____.

Preposisjonsfrasar

Mange adverbial er preposisjonsfrasar. Dei kan fortelje om tid og stad.
Preposisjonsfrasane kjem anten på første eller siste plass i ei norsk heilsetning:

1. plass	2. plass	3. plass	4. plass	5. plass	6. plass	7. plass	
Ho	har		ikkje	ete	middag	i dag.	(tid)
Han	har			ete	middag	i byen.	(stad)
Ho	budde					på Cuba i 1990.	(stad+ tid)

Vi kan ha fleire preposisjonsfrasar etter kvarandre på slutten av ei setning.
Då kjem vanlegvis stad framfor tid.

14

Fortel om stad og tid.

Eg kjøpte ei bok _____.

Eg budde _____.

Han har budd _____.

Han skal reise _____.

Kven vann fotball VM _____?

Ulike ledd på første plass

Vi kan ha ulike ledd på første plass i ei heilsetning. Ofte flyttar vi ledd til første plass for å framheve dei.

Ulike ledd	1.plass	Resten av setninga
Subjekt	Carmen	har køyrt bil til jobben.
Adverbial	Til sommaren	skal vi kanskje besøkje nokre vener.
Leddsetning	Fordi læraren var sjuk,	fekk elevane fri frå skulen.
Objekt	Ei gåve	gav Leo mor si.
Predikativ	Lærar	vil eg ikkje bli.

Merk! Når leddsetninga kjem først i heilsetninga, må du ha komma etter henne.

15

Begynn med det leddet som står i kursiv.Arne har jobba her i tre år *no*.

Arne har jobba her *i tre år* no.

Arne har jobba *her* i tre år no.

Du må dra heim *om ein time*.

Carmen budde på Cuba *før*.

Dei flytta til Noreg *i 2005*.

Eg har vore i London *to gonger*.

Luisa kom til Noreg *for to veker sidan*.

Eg har ikkje tid til å hjelpe deg *i dag*.

Eg vil ikkje bli *sjukepleiar*.

Han gav far sin *ein klem*.

Arne kom ikkje *fordi han var sjuk*.

Han budde på Cuba *då han var liten*.

Oppsummering av ordstilling

1. plass	2. plass	3. plass	4. plass	5. plass	6. plass	7. plass
subjekt adverbial leddsetning objekt predikativ	verbal (presens, preteritum, imperativ)	(subjekt)	setnings- adverbial (ikkje, ofte aldri, alltid gjerne)	verbal (infinitiv parti- sipp)	indirekte objekt, direkte objekt, predikativ	adverbial
Carmen	har			køyrte	bil	til jobben i dag.
Til sommaren	skal	vi	kanskje	besøkje	nokre vener	i England.
Fordi læraren var sjuk,	fekk	elevane			fri	frå skulen.
Ei gåve	gav	Leo			mor si.	
Lærar	vil	eg	ikkje	bli.		

Merk! Det treng ikkje vere ord på alle plassane i skjemaet. Plassane kan vere tomme.

Spørjesetningar

Vi kan lage spørjesetningar med og utan spørjeord:

Kjem du? (utan spørjeord)

Kvar kjem du frå? (med spørjeord)

1. plass	2. plass	Resten av setninga
Kvar	kjem	du frå?
	Kjem	du?

I spørsmål utan spørjeord er den første plassen i skjemaet tom.

Spørjesetningar utan spørjeord

Vi kan lage spørjesetningar ved å setje verbalet først i ei setning. Når vi svarer, må vi bruke ja eller nei:

Liker du fotball?	Ja, det gjer eg.
Snakkar du norsk?	Ja, eg snakkar litt.
Har du kjøpt frukt?	Nei, eg har kjøpt søtsaker.

16

Gjer setningane om til spørjesetningar utan spørjeord.

Leo speler fotball.

Carmen liker kaffi.

Leo går i sjetten klasse.

Arne kjem tidleg heim i dag.

Han forstår engelsk.

Leo liker å bu i Noreg.

Pablo har flytta.

Irina vil lære norsk.

Ho har lyst på noko å drikke.

Når vi svarer med ja eller nei, bruker vi verbet **å gjere**:

Liker du fotball? Ja, det **gjer** eg. / Nei, det **gjer** eg ikkje.

Snakkar du norsk? Ja, det **gjer** eg. / Nei, det **gjer** eg ikkje.

Vi bruker **ikkje** verbet **å gjere** viss verbet er samansett, modalt eller når vi har verba å vere eller å ha:

Har du **kjøpt** frukt? Ja, det **har** eg. / Nei, det **har** eg ikkje.

Vil du **bli** med? Ja, det **vil** eg. / Nei, det **vil** eg ikkje.

Er du glad? Ja, det **er** eg./ Nei, det **er** eg ikkje.

Har du bil? Ja, det **har** eg./ Nei, det **har** eg ikkje.

17

Svar på spørsmåla.

Skriv du russisk? _____

Vil du vere med på kino? _____

Kan eg låne boka di? _____

Kjem du på festen? _____

Kan du gjenta? _____

Snakkar læraren høgt nok? _____

Er Leo heime? _____

Går du til skulen kvar dag? _____

Har du ete middag? _____

18

Lag spørsmål som passar.

_____ ? Nei, det kan eg ikkje.

_____ ? Ja, det vil eg.

_____ ? Nei, det gjer eg ikkje.

_____ ? Ja, det har eg.

_____ ? Nei, det skal eg ikkje.

_____ ? Ja, det gjer eg.

Spørjesetningar med spørjeord

Spørjeord bruker vi når vi lager spørjesetningar. Dette er ord frå ulike ordklasser.

	Spørjeord	Svar
Ting/handling	Kva lagar du?	Eg lagar middag .
Stad	Kvar kjem du frå?	Eg kjem frå Cuba .
Person	Kven er det?	Det er Arne .
Grunn	Kvifor kjem du ikkje?	Eg er sjuk .
Måte	Korleis kjem du deg heim?	Eg tek bussen .
Tid	Når kjem du heim?	Eg kjem heim klokka fem .

19**Set inn spørjeord.**

_____ vil du ha å ete?

Eg vil gjerne ha salat.

_____ kjem du heim?

Eg kjem heim i morgon.

_____ har du det?

Eg har det berre bra, takk.

_____ er frå Irak?

Fatima er frå Irak.

_____ fortalde det?

Leo fortalde det.

_____ gjer du?

Eg skriv brev.

_____ er lege i familien?

Carmen er lege.

_____ går det med barna dine?

Det går bra med barna mine.

_____ kostar avisa?

Avisa kostar ti kroner.

_____ er du fødd?

Eg er fødd den 24. mai.

_____ seier læraren?

Han seier at vi må vere stille.

20**Lag spørsmål og spør nokon i klassa di.**

Kva _____ ?

Kvar _____ ?

Kven _____ ?

Kvifor _____ ?

Når _____ ?

Korleis _____ ?

Kor + adjektiv

Når spørjeordet **kor** står framfor eit adjektiv, bøyer vi adjektivet i kjønn og tal:

Hokjønn	Kor stor er veska?
Hankjønn	Kor stor er bilen?
Inkjekjønn	Kor stort er huset?
Fleirtal	Kor store er barna dine?

21

Set inn *kor dyr* i rett form.

- _____ er denne bilen?
 _____ er dei nye bøkene?
 _____ er det skjørtet som heng der?
 _____ er jakka som er på sal?

Kor mange og kor mykje + substantiv

Kor mange bruker vi framfor teljelege substantiv:

Kor mange sjokoladar skal eg kjøpe?

Kor mykje bruker vi framfor uteljelege substantiv:

Kor mykje kaffi vil du ha?

Merk! Vi kan bruke **kor mykje** når vi skal spørje om pris:

Kor mykje kostar sjokoladen?

22

Set inn *kor mange* eller *kor mykje*.

- _____ barn har du?
 _____ ris skal eg koke?
 _____ brusflasker skal eg ta med på turen?
 _____ bøker har du lese?
 _____ fisk fekk du i går?
 _____ dagar skal du vere her?
 _____ kostar avisa?

Kva for ei + substantiv

Vi bøyer dette uttrykket i kjønn og tal:

Hokjønn	Kva for ei klasse går du i?
Hankjønn	Kva for ein buss skal vi ta?
Inkjekjønn	Kva for eit hus bur du i?
Fleirtal	Kva for nokre bøker er dine?

23

Set inn *kva for ei*, *kva for ein*, *kva for eit* eller *kva for nokre*.

- _____ skule går du på?
- _____ hund er din?
- _____ sko er dine?
- _____ briller er Carmen sine?
- _____ fag studerer Irina?

Imperativsetningar

Imperativsetningar har verb i imperativ (sjå Verb, s. 104) og manglar subjekt:

Køyr forsiktig!

Et opp maten!

Hell i mjølk!

Ikkje **trakk** på plenen!

24

Gjer om til imperativsetningar.

Du må køyre rett fram!

Du må svinge til høgre!

Du må gå over gata her!

Du må stoppe på raudt lys!

Du må ikkje køyre over 60 km i timen.

Du må ikkje køyre forbi!

Du må ikkje stoppe her!

Det-setningar

Ei norsk setning må ha eit subjekt. Vi bruker ofte **det** som subjekt, f.eks. når vi snakkar om vêret:

Det snør.

Det er sol i dag.

Det er varmt i dag.

I nokre tilfelle kjenner vi ikkje subjektet:

Det er tysdag i dag.

I dag er **det** 17. mai.

Det bankar på døra.

Det gjeld søknaden eg sende for to veker sidan.

25

Gjenta setningane. Start med adverbialet.

Det er kaldt i dag.

I dag er **det** kaldt.

Det snør i dag.

I dag _____.

Det regna i heile går.

I heile går _____.

Det snødde mykje i vinter.

I vinter _____.

Det er ikkje kaldt i dag.

I dag _____.

Det blir sikkert fint vêr i morgon.

I morgon _____.

Eigentleg og formelt subjekt

Subjektet kan nokre gonger vere eit infinitivuttrykk eller ei leddsetning.

På norsk liker vi ikkje å ha lange, tunge ledd som subjekt. Derfor bruker vi gjerne **det** som eit **formelt subjekt**:

Å lære norsk er viktig.

Det er viktig **å lære norsk**.

(**Det** er formelt subjekt, **å lære norsk** er eigentleg subjekt.)

At du kjem i dag, passar ikkje.

Det passar ikkje **at du kjem i dag**.

(**Det** er formelt subjekt, **at du kjem i dag** er eigentleg subjekt.)

26

Gjer dei kursiverte setningane om til det-setningar.

Å lære norsk er vanskeleg.

Å ete mykje frukt er bra for helsa.

Å snakke norsk er viktig.

Å ete grønsaker er sunt.

At Leo er flink til å spele fotball, er sant.

Om laget vårt vinn i dag, er usikkert.

Kven som skal reise på ferie, er ikkje bestemt.

At månen er laga av grøn ost, er ikkje sant.

At jorda er rund, er sant.

Kven som skal opp til munnleg prøve, blir avgjort i morgon.

Presentering

Når vi nemner eller presenterer noko for første gong, bruker vi **ubestemt form** av substantivet.

Vi vil unngå å kome med denne informasjonen først i setninga. Derfor plasserer vi **det** framfor substantivet i setninga:

Det var ein gong **ein konge**.

Ein gong var **det ein konge**.

Det er **ein fin dag**.

Det finst **mange fine butikkar** her.

I byen vår bur **det mange** frå Polen.

Kjem **det fleire slektningar** på besøk i sommar?

Det er formelt subjekt i setningane og står på første eller tredje plass i setninga.

Det egentlege subjektet står på objektplassen.

Merk! Presentering finn vi ofte saman med verb som **å vere**, **å finnast**, **å kome** og **å bu**.

Vi kan ikkje ha presentering når vi har verb som tek objekt.

27

Start med **det** og gjer om setningane under. Sjå eksemplet.

Ein god ven kom på besøk.

Det kom ein god ven på besøk.

Ein iransk familie bur i huset.

Mange turistar kjem til Noreg.

Mange flotte fjell finst på Sunnmøre.

To gitar kom gåande.

Nokre appelsinar ligg i kjøleskapet.

Nokre apar rømde frå dyrehagen.

28

Set inn **det** og **er**.

_____ mange flotte fjell på Sunnmøre.

På Sunnmøre _____ også mange fine turområde.

På turistkontoret _____ mykje å gjere om sommaren.

_____ mange turistar som kjem innom kontoret.

Kor mange turistattraksjonar _____ i Ålesund?

_____ mange turistskip som reiser innom Geiranger.

Turistane synest _____ dyrt i Noreg.

_____ mange turistar som liker å fiske.

_____ mykje fisk i havet?

LEDDSETNINGAR	181
Forteljande leddsetningar	181
Spørjande leddsetningar	183
Adverbiale leddsetningar	186
Som-setningar	188
Ordstilling i leddsetningar.....	189

LEDDSETNINGAR

Ei setning som er ledd i ei anna setning, kallar vi ei **leddsetning**. Leddsetninga blir ofte knytt til ei heilsetning ved hjelp av ein subjunksjon, f.eks. **fordi, når, at**:

Carmen flytta til Noreg **fordi ho er gift med ein nordmann**.

Ho vil få seg jobb **når ho har lært norsk**.

Arne fortel **at maten er god**.

Leddsetninga har verbal og subjekt, men kan ikkje stå aleine.

Leddsetninga **fordi ho er gift med ein nordmann** gir ikkje meining aleine. Vi ventar å høyre meir.

Forteljande leddsetningar

Ei forteljande leddsetning knyter vi til heilsetninga ved hjelp av subjunksjonen **at**. Subjektet kjem like etter **at**.

Forteljande heilsetning	Forteljande leddsetning
Maten er god.	Arne seier at maten er god .
Boka er bra.	Arne fortel at boka er bra .
Filmen begynner klokka sju.	Arne svarte at filmen begynner klokka sju .

Merk! Det heiter å **fortelje at, å seie at, å svare at**.

1

Gjer setningane om til forteljande leddsetningar.

Carmen er kona hans. Arne seier at _____.

Luisa går på skule i byen. Arne fortel at _____.

Leo er tolv år. Arne svarer at _____.

Ålesund er ein fin by. Arne seier at _____.

Huset er raudt. Arne svarer at _____.

Det snør i dag. Arne seier at _____.

Bilen er ny. Arne fortel at _____.

Direkte og indirekte tale

I direkte tale fortel vi **nøyaktig** kva ein person seier. Det er personen sjølv som snakkar.

Direkte tale markerer vi ved å bruke kolon, :, og hermeteikn, ”.

Ved indirekte tale fortel vi kva **ein annan person** har sagt. Då må vi ofte skifte pronomen i leddsetningane.



Direkte tale	Indirekte tale
Arne seier: ” Eg vil lære spansk.”	Arne seier at han vil lære spansk.
Luisa og Leo seier: ” Vi liker å ha ferie.”	Luisa og Leo seier at dei liker å ha ferie.
Carmen seier: ”Arne er mannen min .”	Carmen seier at Arne er mannen hennar .

2

Kva seier dei?

”Eg liker å spele fotball.”

Leo seier at _____.

”Eg er 17 år gammal.”

Luisa seier at _____.

”Eg er lege.”

Carmen seier at _____.

”Eg er glad i kona mi.”

Arne seier at _____.

”Luisa er storesystera mi.”

Leo seier at _____.

”Eg kjem snart!”

Luisa roper at _____.

Utsegnsvorb i preteritum

Når vi gjer om direkte tale til indirekte tale, må vi passe på at verba i begge setningane står i same tid.

Viss utsegnsvorbet er i preteritum, f.eks. **spurde** eller **sa**, må verbet i leddsetninga også stå i ei preteritumsform:

Direkte tale	Indirekte tale
Carmen sa: "Eg les ."	Carmen sa at ho las .
Leo sa: "Maten er god."	Leo sa at maten var god.
Arne spurde: " Skal eg lage kaffi."	Arne spurde om han skulle lage kaffi.

3**Gjer setningane om til indirekte tale med verba i preteritum.**

Han fortalde: "Ho bur på Cuba."	Han fortalde at _____.
Ho sa: "Eg liker å lage mat."	Ho sa at _____.
Han sa: "Eg elsker deg."	Han sa at _____.
Ho sa: "Eg vil ha is."	Ho sa at _____.
Han sa: "Vi må gå."	Han sa at _____.
Mora fortalde: "Vi er heime."	Mora fortalde at _____.
Ho spurde: "Vil du bli med på kino?"	Ho spurde om _____.
Ho sa: "Eg lurar på om han kjem."	Ho lurte på om _____.
Leo spurde: " Kan eg få ein is?"	Han spurde om _____.

Spørjande leddsetningar

Ei spørjande leddsetning knyter vi til ei heilsetning ved hjelp av **om**:

Spørjesetning	Spørjande leddsetning
Er maten ferdig?	Arne spør om maten er ferdig .
Kjem Carmen?	Arne spør om Carmen kjem .

Merk! Det heiter å **spørje om**, **lure på om**.

4

Gjer spørjesetningane om til leddsetningar.

Forstår ho? Han lurar på _____.

Blir det fint vêr i morgon? Luisa lurar på _____.

Er dei svoltne? Carmen spør _____.

Er spansk vanskeleg? Arne lurar på _____.

Har dei lunsjpause? Luisa spør _____.

Har nokon sett boka mi? Leo spør _____.

Er dette bilen hennar? Arne spør _____.

5

Set inn *om* eller *at*.

Leo veit ikkje _____ han kan kome på trening i kveld.

Arne seier _____ Luisa må kome heim klokka 23.00.

Luisa spør _____ ho kan få vere ute ein halv time til.

Carmen seier _____ Luisa ikkje får lov.

Dei vil gjerne vite _____ vi liker å bu i Noreg.

Vi lurar på _____ du har klart å løyse oppgåva.

Han spurde _____ noko veldig viktig.

Dei visste _____ det kom til å gå bra.

Spørjeord som subjunksjon

Når ei spørjesetning opnar med eit spørjeord, bruker vi **spørjeordet** til å knyte saman setningane. Spørjeordet fungerer då som subjunksjon i setninga. Subjektet kjem rett etter spørjeordet:

Spørjesetning	Spørjande leddsetning
Kva heiter han?	Arne spør kva han heiter.
Kven er det?	Arne spør kven det er.
Når kjem han?	Arne lurar på når han kjem.
Kor mange eple har du?	Arne spør kor mange eple eg har.
Kva for ei bok liker ho best?	Arne vil vite kva for ei bok ho liker best.

6

Bruk spørjeord som subjunksjon.

Kva sa han?	Eg hørde ikkje _____.
Når begynner filmen?	Carmen spør _____.
Kvar bur dei?	Leo veit ikkje _____.
Kva tyder namnet ditt?	Ingen veit _____.
Korleis stavar han namnet?	Carmen spør _____.
Kor gammal er oldefaren min?	Luisa veit ikkje _____.
Kvifor må vi ha det?	Ingen forstår _____.
Kor mange bøker har dei lese?	Læraren vil vite _____.
Når er Noregs nasjonaldag?	Han vil vite _____.
Korleis kjem han seg heim?	Carmen spør _____.

Når spørjeordet er subjekt i setninga, må vi ha med **som**.

Kva skjer?	Eg vil vite kva som skjer.
Kven vann?	Eg vil vite kven som vann.
Kva for nokre sko er dine?	Eg vil vite kva for nokre sko som er dine.
Kva for ei jakke er di?	Eg vil vite kva for ei jakke som er di.

7

Set inn spørjeord som subjekt i leddsetninga.

Carmen vil vite _____	har knust vasen.
Luisa vil vite _____	skjedde i går.
Arne lurar på _____	kjem i kveld.
Eg veit ikkje _____	er viktigast.
Leo lurar på _____	vil spele fotball med han.
Ingen veit _____	bur her.
Carmen vil vite _____	for ei bok _____ er hennar.
Arne vil vite _____	ringer på døra.
Læraren fortel _____	verb _____ er a-verb.
Ho forklarar _____	setningar _____ er leddsetningar.

Adverbiale leddsetningar

Mange leddsetningar kan fylle plassen til eit adverbial. Derfor kallar vi desse for adverbiale leddsetningar:

Vi åt middag **klokka sju**. (adverbial)

Vi åt middag **då klokka var sju**. (adverbial leddsetning)

Adverbiale leddsetningar kan f.eks. fortelje om:

Årsak: Carmen kjem ikkje **fordi ho er sjuk**.

Tid: Eg budde på Cuba **då eg var liten**.

Motsetning: Han går tur kvar dag **sjølv om han er 90 år**.

Vilkår: Eg skal reise jorda rundt **viss eg vinn ein million**.

8

Knyt saman setningane med *fordi*.

Carmen kjem ikkje. Ho er sjuk.

Carmen kjem ikkje fordi ho er sjuk.

Han kan ikkje lese. Han er 3 år.

Luisa svarer ikkje. Ho er ute.

Han ser ikkje. Han er blind.

Postmannen skreik. Hunden beit.

Eg må gå. Eg må på eit møte.

Eg kjem ikkje heim no. Eg må handle.

Han er i Noreg. Han skal arbeide her.

9

Lag setningar. Bruk subjunksjonane til venstre.

fordi

då

sjølv om

viss

slik at

dersom

sidan

Verbal på plass nummer to

Ei leddsetning kan kome først i ei setning. Det vil seie på første plass i skjemaet. (Sjå Heilsetning, s. 169.) Verbalet kjem alltid på plass nummer to, rett etter leddsetninga.

1. plass	2. plass	resten av setninga
Då eg var liten,	budde	eg på Cuba
Sjølv om han er 90 år,	går	han tur kvar dag.

Merk! Når leddsetninga kjem først i ei setning, set vi komma etter leddsetninga.

10

Start med leddsetninga først.

Eg skal reise jorda rundt viss eg vinn ein million.

Viss eg vinn ein million, _____.

Eg vil ikkje ha vatn sjølv om eg er tørst.

Eg var ofte sjuk då eg var liten.

Læraren vart sint fordi Leo ikkje hadde gjort leksene.

Vi kjem til finalen viss vi vinn denne kampen.

11

Skriv setningane ferdig.

Då eg var liten, _____.

Fordi eg er trøtt, _____.

Sjølv om han er rik, _____.

Viss det blir fint vêr i morgon, _____.

Som-setningar

Som-setningar fortel meir om eit anna ord i heilsetninga.
Desse setningane blir innleidde med subjunksjonen **som**:

Eg besøkte **ein ven**. **Venen min** er sjuk. Eg besøkte **ein ven som** er sjuk.

Som peiker tilbake på **ein ven**. **Som** fungerer som subjekt i leddsetninga.

12

Gjer om til som-setningar.

Carmen har ein son. Sonen heiter Leo.

Vi har ein nabo. Naboen er 80 år gammal.

Vi bur i ein by. Byen heiter Ulsteinvik.

Vi bur på ein liten stad. Staden ligg ved kysten.

Når **som** ikkje er subjekt i leddsetninga, kan vi ta bort **som**:

Eg har kjøpt **ei bok**. Du kan låne **boka**. Eg har kjøpt **ei bok (som)** du kan låne.
Vi møtte **ein lege**. Vi snakka **med legen**. Vi møtte **ein lege (som)** vi snakka **med**.

Merk! I det siste eksemplet kjem preposisjonen heilt til slutt i leddsetninga.

13

Gjer om til som-setningar.

Arne har ein jobb. Han liker jobben.

Vi leiger eit hus. Kommunen eig huset.

Naboen har ein baby. Luisa passar babyen.

Vi las eit eventyr. Eg har lese det før.

Vi skal sjå ein film. Alle snakkar om filmen.

Vi besøkte byen. Familien din bur i byen.

Arne har ei kone. Du må helse på henne.

Eg har eit rom. Vi har pussa opp rommet.

Ordstilling i leddsetningar

Ordstillinga i leddsetningar er forskjellig frå ordstillinga i heilsetningar. I leddsetningar kjem subjektet rett etter subjunksjonen, og adverbialet kjem **framfor** verbalet:

1	2	3	4	Resten av setninga
subjunksjon	subjekt	setningsadverbial	verbal	
at	han	ikkje	liker	fisk.
fordi	han	alltid	kjem	for seint.
som	eg	ikkje	kjenner.	

14

Set inn adverbja på rett plass i leddsetningane.

ikkje Han seier at han kan snakke spansk.

ofte Carmen fortel at ho tenkjer på heimlandet.

aldri Det er rart at ho har sett snø.

gjærne Eg er sikker på at dei vil ha mat når dei kjem.

15

Gjer heilsetningane om til leddsetningar.

Carmen kjem ikkje. Han seier at _____.

Leo vil ikkje leggje seg. Han seier at _____.

Han har aldri tid. Han seier at _____.

Elevane forstår ikkje. Han seier at _____.

Kvifor kjem ikkje Carmen? Han spør _____.

Skal dei ikkje ha pause? Han spør _____.

Kvifor må alltid eg gjere det? Han spør _____.

SVA og SAV

For å hugse ordstillinga i heilsetningar og leddsetningar kan ein bruke denne regelen:

SVA er heilsetningsordstilling.**SAV** er leddsetningsordstilling.

Heilsetning				Leddsetning				
S	V	A		subjunksjon	S	A	V	
Han	rekk	ikkje	bussen	fordi	han	alltid	kjem	for seint.
Han	kjem	alltid	for seint.					

16

Knyt saman setningane.

Han hadde ikkje mykje tid. Han ville besøkje mormora si.

Sjølv om _____, _____.

Ho kjenner ikkje nokon. Ho vil ikkje flytte.

Sjølv om _____, _____.

Prøva var ikkje vanskeleg. Ho klarte ikkje prøva.

Sjølv om _____, _____.

Vêret er ofte dårleg. Dei liker seg her.

Sjølv om _____, _____.

Han er berre tre år. Han kan lese.

Sjølv om _____, _____.

17

Gjer om til som-setningar.

Vi held på med ei grammatikkoppgåve. Grammatikkoppgåva er ikkje vanskeleg.

Luisa har ein bror. Broren speler ofte fotball.

Dei snakkar eit språk. Eg forstår ikkje språket.

Kari har ei syster. Eg kjenner ikkje systera.

Dei har ein onkel. Onkelen kjem aldri på besøk.

Vi har ein ven. Venen kan dessverre ikkje kome.

Leo har ein mobiltelefon. Han snakkar alltid i mobiltelefonen.

Naboen har ein baby. Luisa sit ofte barnevakt for babyen.

Å BINDE SAMAN SETNINGAR.....	194
Å leggje til ny informasjon	195
Å uttrykkje tid	196
Å uttrykkje årsak	199
Å uttrykkje følgje	200
Å uttrykkje motsetning	201
Å uttrykkje vilkår	202
Å uttrykkje føremål.....	203
Å ordne synspunkt.....	204
Oversyn over setningsbindarar	205

Å BINDE SAMAN SETNINGAR

Vi bruker **konjunksjonar**, **subjunksjonar** eller **adverb** for å binde saman setningar til ei tekst. Desse orda er viktige for å skape god samanheng.



1

Kva ordklasse høyrer dei utheva orda til?

Då eg var i London, besøkte eg tanta mi.

Ein hund beit Leo. **Derfor** er han redd hundar.

Arne går på spanskurs, **for** han vil lære spansk.

Luisa lengtar til Cuba **sjølv om** ho trivst i Noreg.

No må du pusse tennene. **Deretter** må du leggje deg.

Å leggje til ny informasjon

Når du vil leggje til ny informasjon, kan du bruke desse orda og uttrykka:

Luisa kjøpte ein ny mobil. **I tillegg** kjøpte ho ei ny veske. (adverb)

Jakka er litt lita. **Dessutan** er ho for dyr. (adverb)

Luisa snakkar i telefonen, **og** Leo ser på TV. (konjunksjon)

Carmen reiser snart til Cuba. Arne skal **også** vere med. (adverb)

Luisa skal ikkje reise til Cuba. Leo skal **heller ikkje** reise. (adverb)

Merk! I nektande setningar der vi bruker adverbet ikkje, bruker vi **heller** i staden for også.

2

Bruk i tillegg, dessutan, også, heller ikkje eller og til å binde saman setningane.

Luisa kjem frå Havanna. Leo kjem frå Havanna.

Carmen liker ikkje å fly. Arne liker ikkje å fly.

Eg må kjøpe ei ny grammatikkbok. Eg må kjøpe ei nynorsk ordbok.

Eg kjem ikkje på skulen i morgon. Leo kjem ikkje på skulen i morgon.

Dei har ikkje katt. Dei har ikkje hund.

Han har hytte ved sjøen. Han har ein stor seglbåt.

Ho liker vinteren. Ho liker sommaren.

Å uttrykkje tid

Når vi fortel om **når** noko skjer, kan vi bruke desse orda:

Før ho kom til Noreg, budde Carmen i Havanna. (subjunksjon)

Då Leo trena på tysdag, braut han foten. (subjunksjon)

Når Leo trenar, drikk han mykje vatn. (subjunksjon)

Før og **då** kan vere anten **subjunksjon** eller **adverb**:

Før budde Carmen på Cuba. (adverb)

Før ho kom til Noreg, jobba ho på Cuba. (subjunksjon)

Carmen gifta seg med Arne i år 2000. **Då** hadde ho vore enkje i fem år. (adverb)

Då ho trefte Arne, arbeidde ho som lege. (subjunksjon)

Merk! Etter adverbial kjem verbal.
Etter subjunksjon kjem subjekt.

3

Set inn orda i rett rekkjefølgje: ho – hadde – ete

Då _____ kveldsmaten sin, gjekk ho og la seg. Då

_____ to skiver med brunost og drukke ein kopp te. Ho sov lenge

neste morgon. Før _____ frukost, hadde Leo allereie gått på skulen.

Då _____ ferdig frukosten, tok ho bussen til byen.

For å fortelje at **noko skjer før noko anna**, kan vi bruke desse orda og uttrykka:

No skal vi ha ei skriftleg prøve. **Så** skal vi ha ei munnleg prøve. (adverb)

Først skal vi ha ei skriftleg prøve. **Etterpå** skal vi ha ei munnleg prøve. (adverb)

Etter jobben skal eg ete middag med Arne. (preposisjon + substantiv)

Etter at mor hadde kome heim, åt familien middag. (subjunksjon)

Då mor hadde kome heim, åt familien middag. (subjunksjon)

Merk!

Saman med **då** og **etter at** bruker vi verbet i preteritum perfektum (sjå Verb, s.25).

Saman med **etter** må vi ha eit substantiv.

4

Set inn *etter*, *etterpå* eller *etter at*.

_____ skulen må Ali passe veslebroren sin. _____ skal han på kino med Fatima. _____ kinoen skal dei på kafé. _____ dei har drukke te, skal dei ta bussen heim.

5

Bind saman setningane med orda til venstre. Hugs rett tid på verbet.

Vi åt frukost. Vi gjekk på stranda.

etterpå _____

etter _____

etter at _____

Vi tok hurtigruta inn Geirangerfjorden. Vi besøkte Fjordsenteret.

etterpå _____

så _____

etter at _____

6

Sett inn *no*, *først*, *etterpå*, *så*, *då* eller *etter*.

I går vann Arne i Lotto. _____ vart han glad!

_____ må Carmen lære norsk. _____ kan ho få seg jobb.

_____ må du kome! Alle ventar berre på deg.

_____ budde dei i ein stor by. _____ bur dei på landet.

_____ skal de få ei viktig melding.

_____ må han på flyktingkontoret. _____ må han på arbeidskontoret.

_____ må ho handle mat. _____ må ho hente barna i barnehagen.

_____ norskkurset har eg ein avtale med flyktingkonsulenten.

7

Carmen var i språkpraksis i går. Fortel kva ho gjorde. Bruk informasjonen under, og bind saman setningane til ei samanhengande tekst.

Stod opp kl. 7.00

Språkpraksis i barnehage kl. 8.00–16.00

Lunsjpause kl. 12.00

Kontaktperson kom på besøk kl. 12.30

Handla mat kl. 16.30

Laga middag kl. 17.00

Køyrde Leo på fotballtrening kl. 17.50

Dugnad i kiosken kl. 18.00–19.00

8

Her er ei oppskrift på korleis du lagar fårrikål. Fortel til ein ven kva han skal gjere først og sist.

1. Del hovudkålen i båtar.
2. Legg kjøtt og kål lagvis i ei gryte. Strø salt og pepar mellom laga.
3. Hell på vatn. Kok opp og la fårrikålen trekkje på svak varme til kjøttet er mørt, ca. ein til to timar.
4. Server fårrikålen rykande varm på varme tallerkenar.

Handlingar som skjer samtidig

Luisa bruker å høyre på musikk **medan** ho gjer lekser. (subjunksjon)

Luisa bruker å høyre på musikk **samtidig som** ho gjer lekser. (subjunksjon)

I det læraren kom inn i klassa, vart det heilt stille. (subjunksjon)

9

Bind saman setningane ved hjelp av orda til venstre.

Arne vaskar opp. Carmen tørkar.

medan _____

Far kviler seg. Barna ser barne-TV.

medan _____

Arne og Carmen var på Cuba. Kari og Per var i Italia.

samtidig som _____

Per synest det er vanskeleg å syngje. Han speler piano.

samtidig som _____

Arne var på veg ut. Carmen kom heim.

I det _____

Å uttrykkje årsak

Årsakssetningar fortel kva som er grunnen til at noko skjer. Dei kan vere svar på eit kvifor-spørsmål: Kvifor la dei seg tidleg?

Vi la oss tidleg, **for** vi var trøtte. (konjunksjon)

Vi la oss tidleg **fordi** vi var trøtte. (subjunksjon)

Vi la oss tidleg **sidan** vi var trøtte. (subjunksjon)

Vi la oss tidleg **på grunn av at** vi var trøtte. (subjunksjon)

Vi la oss tidleg. Vi var **nemleg** trøtte. (adverb)

10

Skriv ferdig slik at setningane gir mening.

Ho kjøper halspastillar fordi _____

Sidan det regnar i dag, _____

Han ringjer tannlegen, for _____

Møtet vart avlyst på grunn av at _____

_____ Vi skal nemleg kjøpe nytt hus.

På grunn av at Noreg har eit kaldt klima, _____

For og fordi

For har same mening som **fordi**. **For** er **konjunksjon** og bind saman heilsetningar.

Fordi er **subjunksjon** og inleier ei leddsetning.

Merk! Pass på ordstillinga: **For + Subjekt (S) + Verbal (V) + Adverbial (A)**

Fordi + Subjekt (S) + Adverbial (A) + Verbal (V) (sjå Leddsetningar, s.11)

11

Set inn for eller fordi.

Vi må ta drosje, _____ vi rekk ikkje bussen.

Vi må ta drosje _____ vi ikkje rekk bussen.

Ho sprang fort _____ ho gjerne ville vinne.

Ho sprang fort, _____ ho ville gjerne vinne.

Å uttrykkje følgje

Når vi vil fortelje om resultatet av handlingar eller hendingar, kan vi bruke desse orda:

Vi var trøtte. **Derfor** la vi oss tidleg. (adverb)

Vi var trøtte, **så** vi la oss tidleg. (konjunksjon)

Vi var trøtte **slik at** vi la oss tidleg. (subjunksjon)

Vi var **så** trøtte **at** vi la oss tidleg. (subjunksjon)

12

Skriv ferdig setningane.

Han liker ikkje kaffi. Derfor _____

Vi er opptekne i heile dag slik at _____

Ho vart så redd at _____

Vi var svoltne, så _____

13

Set inn derfor, så eller fordi.

Luisa forsov seg, _____ kom ho for seint på skulen.

Luisa forsov seg, _____ ho kom for seint på skulen.

Luisa kom for seint på skulen _____ ho forsov seg.

Derfor og fordi

Derfor er adverb og blir følgt av eit verbal. **Fordi** er subjunksjon og blir følgt av eit subjekt.

Ho er ikkje mett. **Derfor vil** ho ha meir mat. (adverb + verbal)

Ho vil ha meir mat **fordi ho** ikkje er mett. (subjunksjon+ subjekt)

14

Bind saman setningane ved hjelp av orda til venstre.

Carmen skal gå på norskkurs. Ho vil lære å snakke norsk.

fordi _____

derfor _____

Luisa skrik høgt. Ho er redd for veps.

fordi _____

derfor _____

Leo vil ikkje rydde rommet sitt. Carmen blir sint.

fordi _____

derfor _____

Han vil ikkje flytte. Han liker seg godt her.

fordi _____

derfor _____

Han kom ikkje på skulen. Han var ikkje frisk.

fordi _____

derfor _____

Å uttrykkje motsetning

Setningane under uttrykkjer at noko er annleis enn ein ventar:

Ho er 90 år, **men** ho går tur kvar dag. (konjunksjon)

Sjølv om ho er 90 år, går ho tur kvar dag. (subjunksjon)

Enda ho er 90 år, går ho tur kvar dag. (subjunksjon)

Ho er 90 år. **Likevel** går ho tur kvar dag. (adverb)

15

Bind saman setningane ved hjelp av orda til venstre.

Det er dyrt i Noreg. Dei vil bu her.

men _____

sjølv om _____

likevel _____

Det regnar. Arne gjekk ein tur.

men _____

enda _____

likevel _____

Leo er trøtt. Han vil ikkje leggje seg.

men _____

sjølv om _____

likevel _____

Han gjekk på jobb. Han var sjuk.

enda _____

men _____

likevel _____

Å uttrykkje vilkår

Vilkårssetningar uttrykkjer at noko må vere oppfylt for at noko anna kan skje:

Eg skal reise jorda rundt **viss** eg vinn ein million. (subjunksjon)

Eg skal reise jorda rundt **dersom** eg vinn ein million. (subjunksjon)

Eg skal reise jorda rundt **så sant** eg vinn ein million. (subjunksjon)

16

Bind saman desse setningane med *viss*, *dersom* eller *så sant*.

Du må ringje legen. Feberer stig.

Du må ta på deg fine kle. Du skal på festen.

Luisa skal byrje å studere. Ho klarer eksamen.

Du finn mat i kjøleskapet. Du er svolten.

Viss ikkje og elles

Viss ikkje og **elles** tyder det same. Dei fungerer som adverbial i eksempla under:
Eg må lære norsk. **Viss ikkje** blir det vanskeleg å få jobb.
Eg må lære norsk. **Elles** blir det vanskeleg å få jobb.

17

Set inn *viss ikkje, elles* eller *viss*.

Eg må rekke bussen. _____ må eg gå til jobb.

Carmen må få godkjent utdanninga si. _____ blir det vanskeleg å få jobb som lege.

_____ Arne ønskjer å gå på spanskurs, må han melde seg på innan onsdag.

_____ Leo ryddar rommet sitt i dag, blir Carmen sint.

Å uttrykkje føremål

Når vi vil fortelje kva vi ønskjer å oppnå med noko, kan vi bruke desse orda og uttrykka:

Dei tok tran **for at** dei ikkje skulle bli sjuke. (subjunksjon)

Dei tok tran **så** dei ikkje skulle bli sjuke. (subjunksjon)

Når subjektet er det same for begge handlingane, bruker vi ofte **for å + infinitiv**:

Dei sprang så fort dei kunne **for å nå** bussen.

Dei tok tran **for ikkje å bli** sjuke.

18

Bind saman setningane med orda til venstre.

Luisa tek sykkelen. Ho skal ikkje kome for seint på skulen.

for at _____

for å _____

så _____

Å ordne synspunkt

Når du vil seie meininga di om eit tema og vil diskutere positive og negative sider, kan du f.eks. bruke desse orda og uttrykka:

Alle må lære norsk! **For det første** må du kunne norsk for å få ein jobb! **For det andre** må du kunne norsk for å ha eit sosialt liv. **Dessutan** må du kunne norsk for å få statsborgarskap i Noreg. Og **sist, men ikkje minst**, er det spennande å lære eit nytt språk.

På den eine sida er det viktig å lære det norske språket. **På den andre sida** må vi heller ikkje gløyme morsmålet vårt.

19

Vel mellom uttrykka over for å binde saman teksta. Du kan også velje andre ord og uttrykk.

Eg meiner at det bør vere røykfrie heimar.

Røyking er helseskadeleg.

Røyking aukar risikoen for lungekreft.

Passiv røyking er skadeleg.

Ei undersøking syner at barn ønskjer røykfrie heimar.

Kvart menneske må sjølv bestemme om dei vil røykje eller ikkje.

Alle må ha rett til å puste i rein luft.

20

Vel mellom uttrykka over for å binde saman teksta. Du kan også velje andre ord og uttrykk.

Eg vil ta Norskprøve 3 til våren.

Eg forstår godt norsk.

Eg har god uttale.

Eg kan mange norske ord.

Norskprøva kostar ingenting.

Eg gruar meg til Norskprøva.

Mange seier at Norskprøva er vanskeleg.

Eg treng Norskprøva for å dokumentere norskkunnskapane mine.

Mange av venene mine skal ta Norskprøva.

Oversyn over setningsbindarar som vi ofte bruker

Ny informasjon:	i tillegg, dessutan, og, også, heller ikkje
Tid:	før, då, når, no, først, etterpå, så, etter at, medan, samtidig som, i det
Årsak:	fordi, for, sidan, på grunn av at, nemleg
Følgje:	derfor, så, slik at, så at
Motsetning:	men, enda, sjølv om, likevel
Vilkår:	viss, dersom, så sant, viss ikkje, elles
Føremål:	for at, for, for å
Å ordne synspunkt:	for det første, for det andre, for det tredje, dessutan, først og fremst, sist, men ikkje minst

21

Bruk ulike ord og uttrykk for å binde saman setningane.

Dei sparte pengar. Dei måtte kjøpe ny bil.

Prikken var svolten. Han ville ikkje ete brød.

Arne har meldt seg på spanskurs. Han vil lære spansk.

Kona til Arne snakkar spansk. Han vil lære spansk.

Du må jage vekk Prikken. Prikken ligg på biltaket.

Arne og Carmen snakkar høgt. Leo får ikkje sove.

Arne trefte Carmen. Ho var på studietur i Noreg.

TEIKNSETJING.....	208
Punktum.....	208
Spørjeteikn	208
Utropsteikn	209
Kolon.....	209
Hermeteikn	209
Komma.....	211

TEIKNSETJING

Punktum (.)

Vi bruker punktum for å lage pausar i teksta.
Mellom to punktum må det vere minst ei **heilsetning**:

Leo leiker. Luisa trenar.

Vi kan også ha fleire setningar mellom to punktum.

Det kan vere ei eller fleire **leddsetningar** i ei **heilsetning**:

At det er kaldt i Noreg, og at det snør mykje, er ikkje alltid sant.

Vi kan ha **fleire heilsetningar** saman:

Nokre gonger kan det vere kaldt og mykje snø i Noreg, og det kan blåse opp til storm, men det kan også vere mildvêr og regn.

1

Set punktum og stor bokstav på rett plass i teksta under.

eg heiter Arne eg er gift med Carmen ho har ein son og ei dotter sonen heiter Leo og dottera heiter Luisa dei kjem frå eit land i Latin-Amerika som heiter Cuba på Cuba budde dei i Havanna Havanna er ein stor by i Noreg bur vi i ei lita bygd vi bur i eit hus det ligg i sentrum nær ein stor matbutikk ved sidan av matbutikken ligg ein blomebutikk eg skal kjøpe ein stor blomebukett til kona mi ho blir 40 år i dag barna har laga ei fin gåve til Carmen vi skal feire dagen saman med vener Carmen har laga ei god kake

Spørjeteikn (?)

Vi bruker spørjeteikn etter **direkte** spørsmål:

Kjem Leo på fotballtreninga i dag?

Når spørsmålet er **indirekte**, bruker vi ikkje spørjeteikn:

Han spør om Leo kjem på fotballtreninga i dag.

Utropsteikn (!)

Vi bruker utropsteikn når vi gir ein ordre eller ein beskjed:

Du må ikkje kome for seint!
De må gjere leksene dykkar kvar dag!

Ofte har verbet **imperativ** form:

Ikkje **kom** for seint!
Gjer leksene dykkar kvar dag!

Kolon (:)

Vi bruker kolon før **direkte tale** og etter utsegnord som **sa, spurde, ropte** osv.:

Luisa **ropte**: "Leo! Kom og rydd rommet ditt!"

Vi bruker også kolon før vi ramsar opp fleire ting eller kjem med eksempel (som her!):

På handlelista står det: mjølk, egg, mjøl, bakepulver, smør, sukker og salt

Hermeteikn (" ")

Vi bruker hermeteikn når vi siterer **nøyaktig** det nokon seier:

"Eg var veldig spent på vêret i Noreg," seier Carmen. "Ja, det var eg også," seier Leo.
Vi set hermeteikna **før** og **etter** det vi siterer.

Vi bruker hermeteikn ved direkte tale, som vi ser frå eksemplet over.
Ved **indirekte** tale set vi ikkje hermeteikn:

Carmen seier **at** ho var veldig spent på vêret i Noreg. Leo seier **at** det var han også.

2

Gjer setningane under om til direkte tale. Sjå eksemplet under. Hugs også å endre eigedomsorda.

Leo seier at han og kameraten hans skal reise til Cuba.

"Eg og kameraten min skal reise til Cuba," seier Leo. _____

Carmen spør om Arne vil hente Leo på skulen i dag.

Luisa fortel at ho og dei nye venene hennar skal på hyttetur.

Carmen og Arne sa at dei hadde hatt ein hyggeleg kveld.

Leo spurde om han kunne besøkje besteforeldra sine i sommar.

3

Gjer setningane under om til indirekte tale. Sjå eksemplet under. Hugs også å endre eigedomsorda.

Carmen seier: "Vi skal besøkje tanta dykkar neste sommar."

Carmen seier at dei skal besøkje tanta si neste sommar. _____

Luisa spør veninna si: "Vil du vere med på kino i kveld?"

"Skal vi på klasseset til Oslo?" spurde Leo læraren sin då han kom på skulen.

"Pass deg for bilane!" ropte Carmen til Leo.

"De må alltid hugse å ta med syklane dykkar heim," seier Arne til Leo og Luisa.

Komma (,)

Vi set komma for å markere ein pause i teksta og for å gjere teksta klarare og lettare å lese. Vi har nokre reglar som kan hjelpe oss å bruke komma på rett måte.

1. Vi må ha komma mellom like setningar:

Ofte er desse setningane bundne saman med ein konjunksjon, f.eks. **og**. Vi har komma mellom to heilsetningar:

Carmen går på norskkurs, og Luisa går på vidaregåande skule.

Vi har også komma mellom to leddsetningar:

At det er kaldt i Noreg, og at det snør mykje, er ikkje alltid sant.

2. Vi har komma når leddsetninga kjem først i heilsetninga:

At det er kaldt i Noreg, er ikkje alltid sant.
Når det er vinter, kan det vere kaldt i Noreg.

4. Vi har komma etter ei leddsetning inne i heilsetninga:

Dei **som vil vere med bussen,** må skunde seg.

5. Vi har komma når vi reknar opp fleire ting, f.eks. kva vi skal kjøpe. Mellom dei to siste ledda har vi ein konjunksjon i staden for komma:

Du må kjøpe **poteter, mjølk, frukt, vaskepulver og såpe.**

4

Set komma på rett plass. Skriv under den regelen du har brukt.

Når eg er ferdig med leksene skal eg kvile.

Regel: _____

Arne vaskar opp og Carmen les avisa.

Regel: _____

På turen måtte Leo ta med varme kle matpakke termos fotoapparat kart og kompass.

Regel: _____

Alle som går i klassa til Luisa har teke godt imot henne.

Regel: _____

5

Set inn stor bokstav og rett teikn i teksta under: punktum, spørsmålsteikn, utropsteikn, hermeteikn, kolon og komma

det var ein gong tre bukkar som skulle til seters og gjere seg feite alle tre heitte Bukken Bruse på vegen var det ei bru over ein foss dei skulle over og under den brua budde eit stort fælt troll med auge som tinn-tallerkenar og nase så lang som eit riveskaft først kom den yngste Bukken Bruse og skulle over brua

tripp trapp tripp trapp sa det i brua

kven er det som trippar på mi bru skreik trollet

å det er den minste Bukken Bruse eg skal til seters og gjøre meg feit sa bukken han var så fin i målet

no kjem eg og tek deg sa trollet

å nei ta ikkje meg for eg er så liten eg vent berre så kjem den mellomste Bukken Bruse han er mykje større

ja vel då sa trollet

om ei lita stund kom den mellomste Bukken Bruse og skulle over brua

tripp trapp tripp trapp tripp trapp sa det i brua

kven er det som trippar på mi bru skreik trollet

det er den mellomste Bukken Bruse som skal til seters og gjøre seg feit sa bukken han var ikkje fin i målet han

no kjem eg og tek deg sa trollet

å nei ta ikkje meg vent berre så kjem den store Bukken Bruse han er mykje mykje større

ja vel då sa trollet

rett som det var kom den store Bukken Bruse

tripp trapp tripp trapp tripp trapp sa det i brua bukken var så tung at brua knaka og braka under han

kven er det som trampar på mi bru skreik trollet

det er den store Bukken Bruse sa bukken han var så grov i målet

no kjem eg og tek deg skreik trollet
ja kom du
eg har to spyd
med dei skal eg stikke auga ut på deg
eg har to store kampesteinar
med dei skal eg knuse marg og bein på deg
sa bukken og så rauk han på trollet og stakk ut auga på det slo sund både marg og bein
og stanga det utfor fossen så gjekk han til seters der vart bukkane så feite så feite at dei
nesten ikkje orka å gå heim att og er ikkje feittet gått av dei så er dei der enno
snipp snapp snute så er eventyret ute